

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Sogn og Fjordane

med areal også i Ulvik herad og Voss herad



Riksantikvaren 2024

Stikkord / kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse,
KULA Sogn og Fjordane, landskap, kulturmiljø

Riksantikvaren
Pb. 1483 Vika, 0116 Oslo
Besøksadresse / Dronningens gate 13
Tlf. / 22 94 04 00
Faks / 22 94 04 04
E-post / postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Design: fetetyper.no

Layout: Aksell

Hovden sett frå Kinn. Mykje av ytterkysten i Sogn og Fjordane er prega av dei markante fjelløyene som har vore seglingsmerke i uminnelege tider.

Foto: Birgit Tansøy, Vestland fylkeskommune

Innhold

FØREORD	5
Del 1	6
Sogn og Fjordane – landskap og kulturhistorie	7
Del 2	14
Omtale av dei enkelte landskapa	14
1. Stadlandet	15
2. Selja	20
3. Nordfjord	24
4. Strynefjellet vest	28
5. Midtre Bremanger	32
6. Den ytre skipsleia med fjelløyene	36
7. Jølstravatnet	40
8. Tysselandet og Leitet	44
9. Lustrafjorden	48
10. Hyllestad	52
11. Høyanger	56
12. Balestrand og Vangsnes	60
13. Grinde – Engjasete	64
14. Strendene i Vik	68
15. Hove og Hopperstad	72
16. Gulatinget	76
17. Nærøyfjorden	80
18. Filefjell vest	84
19. Lærdal	88
20. Aurlandsdalen frå Østerbø til Vassbygdi	92
21. Bergensbanen og Flåmsbana	96



Lustrafjorden med Ornes der Urnes stavkyrkje ligg. Foto: Birger Lindstad og Joppe Christensen, Riksantikvaren 2006

Føreord

Landskapet er som ei levande historiebok. Det fortel om liv og verksemd i Noreg slik det ein gong var, om endringar gjennom tidene, og om korleis det er i dag. Spora etter menneske finst overalt i landskapet – i det opne jordbrukslandskapet, i skog og mark, på fjellet og i byar og tettstader.

Landskapet har alltid vore i endring, men i vår tid skjer endringane så fort og i så stort omfang at viktige verdiar og ressursar står i fare for å gå tapt. Utfordringa er å forvalte landskap på ein måte som både bevarer det, sikrar ein formålstenleg bruk og vidareutviklar det i eit langsiktig perspektiv.

For å bidra til å ta vare på, og opplyse om, nasjonalt viktige landskap har Riksantikvaren utarbeida ei landsomfattande oversikt: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Arbeidet med oversikta er eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og er gjennomført i nært samarbeid med regional kulturminneforvaltning, og med involvering av kommunane. KULA er eit kunnskapsgrunnlag for planlegging, og betyr ikkje eit formelt vern eller ei freding. Oversikta signaliserer kva landskap som har nasjonal interesse, og kulturminneforvaltninga ynskjer med dette å bidra til ei meir føreseieleg arealplanlegging.

KULA inngår no i ei felles oversikt: Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Her vil også NB!-registeret (Kulturmiljø av nasjonal interesse i byer og tettsteder) inngå saman med kulturmiljø som på bakgrunn av geografisk plassering, art eller storleik ikkje har vore med i NB! eller KULA.

Med auka kunnskap og medvit om kulturhistoriske verdiar i landskap av nasjonal samanheng, ligg det og eit ynskje om auka engasjement for å sikre dei regionalt og lokalt viktige landskapa på ein berekraftig måte. Det er også eit ynskje at kunnskapen om landskap vert nytta som positiv ressurs i samfunnsutviklinga.

Kommunen er den viktigaste forvaltaren av landskap gjennom arealplanlegging. For å sikre at dei kulturhistoriske verdiane i landskapet blir tekne vare på, og at verdiane kjem fram på ein best mogleg måte i planlegging og forvaltning, er eit samarbeid mellom kommunane og regional kulturmiljøforvalting viktig.

21 landskap i tidlegare Sogn og Fjordane fylke er utvald av Riksantikvaren, og dei vil inngå i kunnskapsgrunnlaget for KULA i Sogn og Fjordane. To av landskapa omfattar òg areal i tidlegare Hordaland fylke, i Voss herad og i Ulvik herad.

Rapporten er utarbeidd av Riksantikvaren med utgangspunkt i eit utkast som er skrive av Vestland fylkeskommune. Forslag til rapport vart sendt på høyring i 2022. Riksantikvaren takkar for alle gode høyringsfråsegner. På bakgrunn av fråsegner er det gjort endring i avgrensing for to av områda, og gjort nokre endringar i teksten.

Rapporten startar med ei innleiing om landskap og kulturhistorie i Sogn og Fjordane. Dette gir ein bakgrunn for omtalen av dei enkelte landskapa og sett dei inn i ein regional samanheng. Deretter blir kvart område presentert med kart og skildring, landskapskarakter og grunngiving for kvifor dette landskapet har nasjonal interesse. Til slutt kjem det ein omtale av kva området er sårbart for.

Rapporten er tilgjengeleg på Riksantikvarens nettside www.ra.no. Landskapa vil også leggast inn i Riksantikvarens kulturminnadbæse [Askeladden](#) og i [Kulturminnesøk](#).

Hanna Geiran
riksantikvar

Del 1

Sogn og Fjordane – landskap og kulturhistorie

7

Sogn og Fjordane – landskap og kulturhistorie

Landskapet i Sogn og Fjordane har store kontrastar frå dei ytre kystbygdene via fjordane og lågfjellet til høgfjellet med breane. Sogn og Fjordane var eit eige fylke frå 1763 til det frå 2020 vart ein del av Vestland fylke. Geografisk var det eit stort fylke med eit areal på 18 622 km² men det var landets tredje minste i folketal. Dette set preg på landskapet der menneska bur spreitt og utan ein dominerande by. Byane og dei største tettstadane ligg ved fjordane eller på kysten. Kysten er open og til dels vérhard og ei rekke av høge fjelløyar ligg her som perler på ei snor. Fjordlandskapet er variert frå opne til smale fjordar omgjevne av høge fjell. Innover fjordane er vegetasjonen frodig og jordbruksdrifta skaper ein mosaikk av teigar med ulik bruk.

Historisk var Sogn og Fjordane delt inn etter dei tre fogderia, Nordfjord, Sunnfjord og Sogn der landskapet har ulik karakter. Nordfjord ligg lengst nord og omfattar området kring Nordfjord og Stadlandet og

strekker seg austover til ryggen av Jostedalsbreen og Strynefjellet. Ute ved kysten er klippe landskapet og dei store sandstrandene karakteristiske trekk. Vegetasjonen består av lyngheier og små åkerlappar der det er lunare. Trevegetasjon er det lite av, og her har fiskaren, fiskarbonden og ferdselet på sjøen sett sitt preg på landskapet. Innover Nordfjord er fjordlandskapet ope og vegetasjonen svært frodig.

Sunnfjord har eit meir småkupert landskap inne i fjordane, medan dei mange øyene og det opne kystlandskapet er typisk for den ytre delen. Fleire kortare fjordar skjer seg inn mellom Sognefjorden og Nordfjord. I den austlege delen vert fjella høgare, med eit meir dramatisk uttrykk. Heilt i aust strekkjer Sunnfjord seg opp til ryggen av Jostedalsbreen.

Sogn er den sørlegaste delen av fylket, og er prega av Sognefjorden, verdas nest lengste fjord. Han strekkjer seg frå Solund i vest til Skjolden i aust. Vest for fjorden er det mange øyer, mellom anna Holmebåen



Handadalen i Aurland, fangstanlegg for rein. Foto: Glenn Heine Orkelbog, Vestland fylkeskommune

som er det vestlegaste punktet i landet. Landskapet kring fjorden endrar karakter frå den ytre delen, som er open og har lågare fjell, til den indre delen der fjorden forgreinar seg i ei rekke fjordarmar. I dei indre fjordbygdene møter vi storslege fjordlandskap med store kontrastar mellom dei djupe fjordane og fjella som strekkjer seg meir enn 1000 meter opp. Dramatiske og vakre fjordlandskap finn ein fleire stader i verda, men noko av det som er unikt med fjordlandskapa i Noreg er at her bur det menneske som har prega landskapet. I Sogn er det også store fjellområde. Lengst mot aust ligg Vest-Jotunheimen og i nordaust finn vi den største delen av Breheimen.

DEI FØRSTE INNBYGGJARANE

Dei eldste spora etter menneske i Sogn og Fjordane finn vi langs kysten og innover fjordane. Langs kysten kunne ein kombinere fiske og fangst med å sanke frå sjøen og på land. Skatestraumen er til dømes eit særskilt område og ikkje uventa har vi funne restar etter menneskeleg aktivitet tilbake til steinalderen over store område her.

Helleristingane er i dag dei mest synlege spora etter steinaldermenneska. Vi finn helleristningar over heile fylket, og den største lokaliteten ligg i Vingen i Bremanger kommune. Denne lokaliteten kan knytast opp mot dei fiskerike områda i Skatestraumen og elles langs kysten, og vert i dag sett på som ein kultstad for eit større område.

Fjella har til alle tider vore ein viktig ressurs. Vi finn mange spor etter menneska sin bruk av fjella som bustadar, jaktmarker og ferdselsårer. Reinsjakt var viktig og i høgfjellet er det fleire fangstanlegg. Nokre av dei største finn vi ved Hallingskeid og ved Fresvikbreen. Fjella har også andre ressursar som har vore viktige tilbake til steinalderen, til dømes kvartsittbrota med verkstadsplassar ved Kjølskarvet i Lærdal og brot for uttak av kleberstein ved Gryteberget i Stølsheimen.

Etterkvart som jordbrukskulturen vart etablert og menneska meir bufaste, finn vi andre spor i landskapet. Frå bronsealderen finn vi store og mindre gravrøyser. Gravrøyser vart plasserte godt synlege, gjerne langs ferdselsvegar ved kysten, i smale sund eller på nes som stikk ut i fjorden. Fleire av gravhaugane frå jernalderen ligg lenger innover i fjordane og oppe i bygdene nærmare gardstunet. Den døde som låg i grava skulle sjå og bli sett. Grava gir oss innblikk i den makta dei som budde i området hadde. Gravrøyser fortel også om menneskeleg kontakt og felles ritual og symbolikk.

MELLOMALDERLANDSKAPET

Med innføringa av kristendommen i Noreg endra også monumenta i landskapet seg. Gravskikken endrar seg og kyrkjene trer fram som monumentale merke. Til liks med gravhaugane og -røyser, fekk også kyrkjene ei tydeleg og monumental plassering og dei fortalte om maktstrukturane i samfunnet. I dag er det framleis bevart fem stavkyrkjer og sju steinkyrkjer frå mellomalderen i Sogn og Fjordane. To av dei mest kjende stavkyrkjene våre, Urnes og Borgund ligg i Sogn. Dei er plasserte i to ulike landskapsrom som begge er karakteristisk for fylket. Urnes ligg i eit storslege fjordlandskap, medan Borgund ligg i ein smal dal omgjeven av fjell. Felles for dei er at dei ligg i landskap der det har vore mykje ferdsel.

I løpet av mellomalderen vart det etablert fleire kloster og bispesete i Noreg. På øya Selja vart det bygd opp eit omfattande kloster- og helgenanlegg rundt legenda om Noreg sin første helgen St. Sunniva. På øya var det lenge både kloster og bispesete.

Måten menneska budde på endra seg også i overgangen til mellomalderen. Dei store gardane frå vikingtida vart oppdelte i fleire bruk etter kvart som folketalet auka. Bygningane endra seg gradvis frå dei store langhusa til fleire mindre hus. Innføringa av lafteteknikken førte også til ei endring av tuna og det kom inn ei rekke nye bygningstypar der kvart bygg fekk sin funksjon. Tunskipnaden vart såleis vesentleg endra. Tuna var omgitt av åkrar og slåttemark. Jordbrukslandskapet med dei mangbølte tunene som vaks fram i mellomalderen kom til å prege landskapet i Sogn og Fjordane i svært lang tid.

JORDBRUK, UTMARKSBRUK OG FISKE

Heilt frå dei første menneska vart bufaste og opp til 1900-talet var jordbruk og fiske den viktigaste næringsvegen. Jordbruket arta seg ulikt etter kvar i fylket ein budde. Ute på kysten var det dårlege tilhøve for jordbruk, men ein hadde god tilgang til fiske. Her vart fiske for mange den viktigaste næringsvegen, medan jordbrukskulturen vart ei tilleggsnæring.

Fiskarbonden sine små gardsbruk, som i stor grad var drivne av kvinnene og borna fordi mannen dreiv fiske, sette sitt preg på kystlandskapet. Beite og slått var med å forme dei karakteristiske lyngheiene som dekka store delar av kysten. Lyngheiene som er forma av menneskets bruk over fleire tusen år, er i dag i attgroing og det er att forholdsvis få store områder med lynghei.

Med knappheit på skog ved kysten var myrene ein særskilt viktig ressurs for å få brensel. Vi ser framleis merke etter uttak av torv. Stadlandet med sine store



Sunndalssætra i Stryn. Stølsdrifta har vore ein særsviktig del av livberginga i Sogn og Fjordane. Foto: Åse Bitustøl, Riksantikvaren

lyngeier og torvmyrer er eit særsvidifullt døme på tidlegare tiders bruk av kystlandskapet.

Dei store fiskeressursane sette sitt preg på kysten, mellom anna med store sjøbuer som vart bygde opp i samband med fiskeria. Fleire stader er desse miljøa bevarte. Dei mange naustrekkjene ein finn både inne i fjordane og langs kysten viser kva fisket hadde å seie og kor viktig sjøen som ferdselsveg var for heile fylket.

Fjordane som skjer seg inn i landet, har eit anna jordbrukslandskap enn på kysten. Her vert gardane større og jordbruket er hovudnæringa. Lenge var dette landskapet prega av fellestuna (klynge- og rekketuna) som var omgitt av åkrar og børar delt opp i teigar. Etter kvart som folketalet auka, vart gardane delte opp i fleire bruk ved arveskifte. Alle måtte ha nok jord til at dei kunne livnære seg og kvart bruk hadde mange små teigar spreidd om ein annan på garden.

Ei sterk auke i folketalet, og dermed stort press på jordbruksressursane tvang fram ei stadig sterkare

oppdeling av jorda, og førte frå slutten av 1700-talet til at husmannsvesenet vart etablert. Husmenn fann vi over heile fylket, men flest i dei grøderike jordbruksbygdene i indre delar. Luster skil seg ut med at det vart etablert svært mange husmannsplassar. Etter kvart valde mange å utvandre til USA for å søkje eit betre liv der. Frå dei indre stroka var det svært mange som utvandra.

Gardane hadde ein vertikal driftsstruktur der ein utnytta alle ressursar frå fjorden og opp til fjellet. I tillegg til det ein kunne hauste på innmarka, var utmarka avgjerande for livberginga. I utmarka henta ein mykje av vinterføret til dyra, og ho gav gode sommarbeite. Stølsdrifta var viktig for å skaffe eit tilstrekkeleg overskot til garden. Mange av gardane hadde fleire stølar slik at ein kunne flytte med dyra oppover i fjellet etterkvart som beite vaks til utover sommaren. Utmarka med fjellområda var også viktig for sinking av bær, og for jakt og fiske. Den utstrekte bruken av utmarka førde i periodar til at skogen

minka i fleire område. I dag er mykje av dette landskapet i ferd med å gro att då utmarksressursane vert brukt i mykje mindre grad enn tidlegare. Framleis er det noko stølsdrift enkelte stader, men i hovudsak er stølane brukte i fritidssamanheng. Den nye bruken gjer at mange av stølsvollane og -vegane framleis er bevarte, og tidlegare tiders bruk av landskapet er framleis lesbar mange stader.

Fra midten av 1800-talet vart det arbeidd for å få slutt på teigdelinga og få til meir tenlege einingar. Utskiftingslovene i 1821 og 1857 førte til ei stor endring av jordbrukslandskapet i heile landet ved at kvart bruk fekk samla jorda si. I Sogn og Fjordane skjedde utskiftinga kring førre hundreårsskifte og endra mykje av jordbrukslandskapet sin karakter. Landskapet med dei gamle klyngetuna omkransa av ein småskala mosaikk av åkrar og børar vart no omforma til eit landskap der kvart bruk hadde sitt eige tun omgitt av større åkrar og børar. Dei mange små husa i tuna vart reduserte i tal og erstatta av nye større driftsbygningar med fleire funksjonar i same bygg.

Utover 1800-talet vart fruktdyrking viktig for mange av bøndene og har sidan då sett sitt preg på jordbrukslandskapet i delar av fylket.

Landbruksdrifta i dag fører òg til endringar i landskapet. Mange bruk er lagde ned og jorda til desse gror att. Gardane som er i drift er færre og einingane større. På dei gardane som framleis er i drift, har tunskipnaden endra seg ved at det er behov for stadig større driftsbygningar. Mange stader er det etablert store fjøs som fylje av endra krav til dyrevelferd og at bønder går saman og bygger ein felles fjøs. Dei nye driftsbygningane er med sin storleik og utforming med på å endre jordbrukslandskapet sin karakter.

TETTSTADAR

Sogn og Fjordane er utan dei store byane, men tettstadar vaks fram i ferdselsknutepunkta og har ei lang historie. I Solvorn er framleis den mellomalderlege tettstadstrukturen i strandsona bevart. Mykje av det same finn vi på Nordfjordeid, Vikøyri og Lærdalsøyri.

Fiske var viktig for etablering av tettstadar langs kysten. Florø vart etablert på bakgrunn av det store sildefisket på 1800-talet. Ute på øyene var det også bygd opp små samfunn, men mange av desse bygningane vart flytta då sildefisket gjekk dårleg. Rognaldsvåg ved Kinn er her eit døme på ein av dei små tettstadane som framleis er bevart. På slutten av 1800-talet starta utbygginga av handelsstaden på Moldøen like utanfor noverande Måløy by. Fiskeriverksemda utvikla seg vidare og Måløy er i dag ei av landets viktigaste fiskerihamner. Bakgrunnen for

etableringa i Måløy var dei store sesongfiskeria etter torsk og sild rundt Vågsøy og det nye bankfiske etter kveite frå Stad og nordover.

Utbygginga av vasskraft frå byrjinga av 1900-talet endra landskapet fleire stadar, ved at vatn vart oppdemt og regulert, elvar og fossar lagde i røyr. Det vaks fram små industristadar med bystruktur på plassar der det tidlegare ikkje hadde vore noko form for tettstad. Høyanger og Årdal er gode døme på dette. Den korte avstanden frå vasskrafta til industrien nede ved fjorden gav god bruk av krafta, i tillegg gjorde fjorden det lett å frakte produkta ut i verda.

FERDSELSVEGAR

Ferdselet langs kysten har vore viktig frå dei første menneska busette seg her og fram til i dag. For dei som segla langs kysten var det viktig å ha gode merke å navigere etter. Langs kysten av Sogn og Fjordane ligg det ei rekke av særmerkte fjelløyer som i uminnelege tider har vore brukt som seglingsmerke. Det var fleire farleier langs kysten og ein valte lei etter kvar ein skulle og kva båt ein hadde. Eit av dei mest vêrutsette områda på vestkysten er Stadhavet og det å krysse Stad har til alle tider vore ei utfordring.

Fjordane og kystleiene var lenge hovudferdselsvegen i fylket då båt mange stadar var den raskaste måten å flytte seg frå stad til stad. Ferdselet mellom Aust- og Vestlandet gjekk over fleire fjellovergangar, der Filefjell, Sognefjellet og Strynefjellet var viktige ruter. Den Trondhjemske postveg var viktig for ferdselet nord- og sørover i ytre deler av fylket. Då Sogn og Fjordane ikkje har hatt nokon stor by, har Bergen vore den byen innbyggjarane vende seg til. Bergen hadde ei viktig rolle som handelsstad og mottak for produkt som vart produserte i Sogn og Fjordane. Jektefarten som førde ved og jordbruksvarer til byen, er ein viktig del av den historiske ferdselet i fylket.

Ei rekke andre vegfar knytte bygder og regionar saman, i tillegg til vegar og stiar knytt til gardsdrifta. Tidlegare var det mykje transport av dyr frå Vestlandet til Austlandet. Driftekaranne kjøpte opp dyr som vart frakta over fjellet for sal. Driftene hadde faste vegar og stoppeplassar på ferda austover.

Bygginga av Bergensbanen og Flåmsbana i første halvdel av 1900-talet gjorde kommunikasjonen mellom Vestlandet og Austlandet meir effektiv. Utbygginga av nettet med kortbaneflyplassar frå 1968 og framover var også med på å gje distrikta ein betre infrastruktur og knytte landet tettare saman. Vegutbygging med utstrekkt bruk av tunnelar har dei



Florø vart etablert på bakgrunn av det store sildefisket på 1800-talet. Foto: Berit Høivik, Vestland fylkeskommune

seinare tiåra endra ferdelsmønster og opna for tettare kommunikasjon over større avstandar.

TURISTANE SITT LANDSKAP

Med turismen frå midten av 1800-talet får landskapet ein ny bruk og naturen i fylket vart eit stort fortrinn. Dei tidlegaste turistane vart trekte til Noreg på grunn av landskapet og høve til jakt og fiske, særleg laksefiske i elvane. Med turistane vart også ein del av landskapet som tidlegare ikkje hadde vore i bruk attraktivt. Å nå toppane på dei høgste tindane, helst der ingen hadde vore før, var viktig for ein del av dei tidlege turistane. Dei kombinerte gjerne naturopplevinga med å undersøke landskapet og skildre det. Dei fleste turistane på slutten av 1800-talet oppsøkte likevel meir tilgjengelege stadar. Fjordane og breane var avgjerande for at dei hadde Noreg som reisemål. På dei mest attraktive plassane vart det etterkvart bygd ut store trehotell.

Kunstnarane var ei anna viktig reisande gruppe. Mange kjende norske kunstnarar frå 1800-talet henta motiv frå Sogn og Fjordane til måleri som seinare er

blitt blant dei mest kjende frå nasjonalromantikken, til dømes Johan Christian Dahl sitt måleri «Fra Stalheim».

Mange av dei eldre ferdelsrutene vart attraktive for turistane og er det framleis i dag, til dømes Aurlandsdalen og Kamperhamrane.

Turisme er også i dag ein av dei viktigaste næringsvegane i fylket, med natur- og kulturlandskapet som det viktigaste fortrinnet. Mange populære turistmål i Sogn og Fjordane er dei same som vart etablerte som turiststadar allereie under den tidlege turismen på 1800-talet.

ANDRE VERDSKRIG OG ATLANTERHAVSVOLLEN

Den andre verdskriga sette merke etter seg i landskapet. Langs heile kysten finn vi spor etter den tyske festningslinja Atlanterhavsvollen som gjekk frå Nordishavet til Pyreneene. I Sogn og Fjordane er det bevart ei rekke spor etter dette festningsverket i form av skytestillingar, kystfort og tunge batteri. Kystforta var spreidde langs heile kysten, men med tre større koncentrasjonar av anlegg. Ved innløpet av



Kyrkjegarden i Ervika på Stad. I bakgrunnen er Hovden der tyskarane bygde opp eit festningsverk som ein del av Atlanterhavsvollen.
Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

Sognefjorden låg Nesje fort som er eit stort og godt bevart anlegg. Florø by var eit anna viktig anlegg og i Nordfjord var det særleg området rundt innløpet til Nordfjord og vidare nordover til Stad som vart bygd ut og som framleis er bevart. Plasseringa av kystforta viser korleis ein har brukt landskapet for å kunne kontrollere innløpet til fjordane og kysttrafikken nord- og sørover.

TIDA ETTER ANDRE VERDSKRIG


I tida etter andre verdskrig har jordbruk og fiske framleis vore viktig, men det er stadig færre som er sysselsette i desse næringane. Innanfor landbruk fører ei utvikling mot færre og større bruk til endringar i kulturlandskapet. Det er den mest lettdrivne jorda som er i bruk, medan små og brattlente teigar gror att. Endring av produksjonsmåtar innan jordbrukskulturen er også med på å endre landskapet. Dette er kanskje mest synleg i form av større grøne børar og dei mange "fruktunellane".

Kystnæringane har endra seg vesentleg i tida etter andre verdskrig. Etablering av fiskeoppdrettsanlegg

gir aktivitet langs kysten og er ein av dei svært synlege endringane i landskapet. Gamle sjøbuer går ut av bruk eller får ny bruk.

Sogn og Fjordane var eit av dei store kraftproduserande fylka og kraftproduksjonen har bidrige til etablering av industriverksemder og fleire tettstadar. Dei fleste nyare kraftutbyggingsprosjekta er gjennomførde for å gje meir kraft til eksisterande industri og for å forsyne landet med kraft til hushalda. Kraftutbyggingsprosjekta set spor etter seg i landskapet i form av redusert vassføring i elvar, regulerte vatn og ulike installasjoner som demningar og kraftleidningar. Vindkraftutbyggingsprosjekta i dei siste åra er ei anna form for kraftutbygging som set store spor etter seg i landskapet. Dei er hittil i hovudsak plasserte langs kysten.

Frå 80-talet og framover er fleire område i Sogn og Fjordane verna som nasjonalparkar. Desse er også av kulturhistorisk interesse. Urnes stavkyrkje og Vestnorsk fjordlandschap – delområde Nærøyfjorden er innskrivne på UNESCO si verdsarvliste. For begge verdsarvområda er landskapet viktig.



Del 2

Omtale av dei enkelte landskapa

1.	Stadlandet	15
2.	Selja	20
3.	Nordfjord	24
4.	Strynefjellet vest	28
5.	Midtre Bremanger	32
6.	Den ytre skipsleia med fjelløyene	36
7.	Jølstravatnet	40
8.	Tysselandet og Leitet	44
9.	Lustrafjorden	48
10.	Hyllestad	52
11.	Høyanger	56
12.	Balestrand og Vangsnes	60
13.	Grinde – Engjasete	64
14.	Strendene i Vik	68
15.	Hove og Hopperstad	72
16.	Gulatinget	76
17.	Nærøyfjorden	80
18.	Filefjell vest	84
19.	Lærdal	88
20.	Aurlandsdalen frå Østerbø til Vassbygdi	92
21.	Bergensbanen og Flåmsbana	96

1. Stadlandet

Det vêrharde lyngheilandskapet

Stad kommune

Areal: 159 km²

**Området ligg i landskapsregionane 20) kystbygdene på Vestlandet og 21) ytre fjordbygder på Vestlandet
(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)**

PLASSERING

Området omfattar ytre deler av Stadhavøya som stikk ut i havet i nord-vestleg retning lengst nord i Vestland fylke.

SKILDRING

Det vêrharde Stadlandet strekkjer seg som ein knytteve ut frå land og deler Stadhavet i to. Bratte klipper går ned til sjøen. På sjølve plataet er landskapet meir

flatt og trelaust. Vikene som skjer seg inn i halvøya gav grunnlag for tidleg busetjing. Gravfunn viser at her har det vore gardsdrift sidan eldre jernalder. Busetnaden er i hovudsak lokalisert til dalføra med flat, vid dyrkjingsjord og i bratte bergskører ved havgapet. Mange av grendene har godt bevarte landskap og eldre bygningsmiljø, slik som Fure, Liset, Drage, Hoddevika, Ervik, Honningsvågen og Tungevågen.

Heiane er i hovudsak samansett av platåmorene og torvmyr. På dei høgareliggende delane dominerer terregndekkande myr, med djupne på ein til to meter. Strandvollar og sandstrender er eit anna særtrekk. Vi finn tydelege strandvollar i Honningsvåg, Hoddevik og Ervik. I Hoddevik og Ervik er strandvollane dekka med flygesand og her er aktive sanddyner.



Utsikt frå Kjerringa ned mot Honningsvågen. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune

Gardsbruksområdet er typisk kombinasjonsbruk med landingsplassar, båtstøer og naust, åkerareal, innmarksenger og utslårter, heimestølar, beitemark i fjellet, torvmyrer, lyngsankingsområde og jaktområde.

Stadhavet er eit av dei farlegaste strekka langs Norskekysten og det har alltid vore forbunde med fare å krysse det. På begge sider av Stadlandet var det naudhamner der båtar kunne vente på godt nok vær til å passere. I eldre tid var det også vanleg å trekke båtar over Dragseidet for å unngå å krysse Stadhavet. Traseen gjekk mellom Leikanger og Drage. Dette er ei svært gammal ferdselsrute der store delar er bevart. På Dragseidet står ein steinkross, oppsett i 1913, på staden der Olav Tryggvason kristna fire fylke i 997.

Fiske var svært viktig. Stadlandet ligg mellom Vanylvgapet og Sildegapet som er to viktige fiskeområder. I sesongfiskeria deltok også fiskarar frå andre delar av distriktet. Fiskarane heldt til i rorbuer og naust. Dei store naustrekjkjene i Hoddevik, Drage og Ervik viser tydeleg kva fisket har hatt å seie for busetnaden der.

Gardsbruksområdet er i hovudsak samla i grender nede ved sjøen, men nokre ligg også ved dei store vatna oppe på platået. Det milde klimaet gjorde at ein kunne ha sau og kystgeit gåande ute heile året. Kystlyngheiene saman med tang gav før året igjennom. Stellet av kystlyngheiene har vore ein del av det tradisjonelle jordbruksområdet på Stadlandet og er framleis halde i hevd, om enn i mindre omfang enn tidlegare. Med jamne mellomrom vart lyngen brent for å unngå at han vart for grov. Kystlyngheiene er nokre av Vest-Europas eldste menneskeskapte landskap der prosessen med å skape dei starta allereie for 5000 år sidan.

Gardstuna ligg med innmarka samla rundt seg. Innmarka er mange plassar delt opp av steingjerde som skil mellom dei ulike bruksområda. Eit karakteristisk trekk er gardfjøsane, mange bygd i stein, som i Honningsvåg, Ervik, Hoddevik og Drage.

Dei fleste gardane på Stadlandet vart utskifta rundt førre hundreårsskifte og fekk då dagens gardsstruktur, men på Indre Fure vart klyngetunet ikkje splitta opp. Det gjev eit godt bilde av landskapet på Stadlandet før utskiftinga.

Gardane hadde stølar inne på fjellet. Eit døme her er stølsområdet Løkane som vart brukt av fleire gardar. For mange var det vanleg at budeia gjekk opp og ned morgon og kveld for å mjølke.

I det trelause landskapet var torv frå myrene ein verdifull ressurs. Eit av dei store og godt bevarte

områda med terregndekkande myr finn vi i Dekkene naturreservat. Det er eit samanhengende landskap med lynghei og terregndekkande myr. Myra i bakkehallingane gav den beste torvkvaliteten då torva her var best omdanna. Torva vart enten lagra i eigne torvhus på heia eller frakta til garden. I torvmyrene finn vi tydelege spor etter torvtekta, som gamle grøfter, rektangulære hol i myrflatene eller unaturleg rette kantar i skrånande terrenget.

Kyrkjegarden i Ervik er sannsynlegvis frå mellomalderen. Det var ein gammal skikk at presten heldt preike her ein gong i året, gjerne når det var mange tilreisande til fisket. I 1943 forliste hurtigruteskipet Sanct Svithun utanfor Ervik etter at det vart bomba av dei allierte og mange omkom. I 1970 vart det bygd kapell ved kyrkjegarden. I klokketårnet står krossen frå ei massegrav for russiske krigsfangar som mista livet i straffeleiren som låg i Ervik i krigsåra. Vi finn framleis spor etter leiren.

Stad har i alle tider vore strategisk viktig, og det var tidlegare veter her som varslede om ufred. På byrjinga av 1800-talet vart det bygd ein kystsignalstasjon på Kjerringa, der det i dag står ein vèrradar. På tredveitalet vart Hovden i Ervik ein viktig del av forsvarsverka med ein flyvarslingsstasjon. Denne vart overtakken av tyskarane i 1940. Tyskarane sine militære anlegg på Hovden, Kjerringa og Storeneset i var ein viktig del av forsvarsverket Atlanterhavsvollen. Mange av ruinane er framleis synlege i landskapet.

LANDSKAPSKARAKTER

Stadlandet har eit ope skoglaust landskap og grøne beitebakkar opp mot platået. Eit karakteristisk trekk er klippene som avsluttar landskapet mot det vêrhardt Stadhavet. Dei bratte beitemarkene stig omrent loddrett opp frå storhavet og er ofte forma med små terrassar på tvers. På fjellplatåa finn vi terregndekkande myr i ein mosaikk med gras- og lynghei. Sterk beiting og trakk av kystgeit over fleire tusen år pregar landskapet. Kombinasjonsbruket med gardsdrift og fiske har sett sitt tydelege preg på landskapet. Naustrekjkjene ved båtstøene og steingardarane og gardfjøsane i stein er karakteristiske element.

NASJONAL INTERESSE

Stadhalvøya er ein unik, markant landskapsformasjon ved ei særskilt havstrekning. Her er store områder med kystlynghei som har ei særstilling i euro-



Gardsbruket Skårbø, der busetnaden ligg nede ved sjøen og er omgjeven av bratte og rasfarlege fjell. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

peisk samanheng. Dei er i god hevd og beita av kystgeit. Det er lett å lese dei historiske spora frå lang tids bruk av sjø, innmark, llyngherier og dei terrengdekande myrane som er spesielle i landssamanheng.

Grender med godt bevarte bygningsmiljø og strukturar knytt til fiske og jordbruk viser tydeleg korleis menneska nyttja dei ressursane som var tilgjengelege.

Det vêrharde Stadhavet var, og er, ei utfordring for båttrafikken langs kysten. Det gamle Dragseidet over

Stadlandet vitnar om kor viktig det var å kome seg forbi Stadhavet og unngå eit farleg havstrek. Sporet etter Atlanterhavsvollen vitnar om at Stad er eit strategisk viktig punkt på kysten.

SÅRBARHEIT

Innanfor området ligg Dekkjene naturreservat. Føremålet med fredinga er å ta vare på eit sammenhengande landskap med llynghei og myr, klippekyst og

som levestader for ulike oseaniske artar. Området vert forvalta etter verneføreskriftene for naturreservatet. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyremakt.

Den terregndekkande myra med spor etter korleis menneska har utnytta denne ressursen er viktig å ta vare på. Den praktiske kunnskapen om tradisjonell hausting og bruk av den terregndekkande myra bør takast vare på og vidareførast til nye generasjoner. Innanfor naturreservatet regulerer verneføreskrifta uttak av torv.

Store deler av området er med i den landsomfattande satsinga «Utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet» (UKL), ei tilskotsordning basert på eit spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturminneforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med brukarane i området. Det er utarbeidd ein forvaltningsplan for området og det vert årleg tildelt midlar til investerings- og skjøtselstiltak som mellom anna tek vare på kulturarven.

Det er utarbeidd skjøtselsplanar for alle kjerneområda i UKL-området. Forslag til marint vern av eit område ved Stad er på høyring. Det er blant anna forslag om forbod mot taretråling, noko som kan få positiv verknad for kulturminne i fjøra ettersom stortareskog ofte har ein bølgjedempande effekt.

I Kommunedelplan for kulturarven i Selje kommune 2019–2029 har kommunen valt ut ei rekke kulturminne som er viktige å bevare. Mange av desse ligg innanfor KULA-området. I tillegg til dei materielle kulturminna, er kystgeita eit av dei utvalde kulturminna i tidlegare Selje kommune. Kystgeita er viktig for å kunne oppretthalde det verdifulle llynghelandskapet på Stadlandet.

Landskapet er sårbart for fleire ulike påverknader. Større infrastrukturtiltak, som til dømes utbygging av vindkraft, vil vere eit trugsmål mot dei mange og lange historiske spora i området. Planering- og masseyllingstiltak er også døme på tiltak som området er sårbart for. Slike inngrep vil kunne forringe den visuelle opplevinga av eit ope og flatlendt kystlandskap.


Særpreget ved dei eldre strukturane som t.d. dei eldre gardstuna, steingardar, bakkemurar, tufter, restar etter torvhuse, vegfar, naustrekjene og strukturar i sjøen er sårbar for endring.

Aukn i turisme kan vere eit trugsmål mot landbruksdrift og landskapsverdiar. Landskapet er også sårbart for nyetableringar som t.d. hyttebygging og tilrettelegging for turisme, det vil vere viktig å ta omsyn til landskapets verdiar ved plassering av tiltak og utforminga av desse.

Området er sårbart for attgroing av llynghieiene og myrene. Redusert jordbruksaktivitet vil forsterke dette, så det er viktig at denne aktiviteten vert oppretthaltd.

Klimaendringane, med hyppigare stormar og meir nedbør, er eit trugsmål mot bygningar, kaianlegg og andre kulturminne i dette vêrutsette kystområdet.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, er det viktig å vidareføre omsynssone H550 og H570 som allereie ligg inne i kommuneplanen sin arealdel med tilhøyrande retningslinene for å ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i landskapet. Det kan også vere aktuelt å syne meir av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet.



2. Selja

Helgenstad, bispesete og klosteranlegg

Stad kommune

Areal: 45,40 km²

Området ligg i landskapsregion 20) kystbygdene på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap - NIBIO)

PLASSERING

Øya Selja ligg utanfor Selje sentrum og sør for Stadlandet, med Skorbøfjorden i nord, Røysetfjorden i sør og Sildegapet mot vest. I området inngår i tillegg sjøområde nordvest for Selja, fleire små øyer og holmar.

SKILDRING

Selja er ei av fjelløyene langs kysten av Sogn og Fjordane med to karakteristiske fjelltoppar, Varden og Klosterfjellet. Øya er strategisk plassert der den indre og ytre tjodleia langs kysten møttest for så å fylge same lei forbi Stad. Selje var hamn der ein venta på høveleg vêr for å segle over Stad. Selja er nemnd i

skriftlege kjelder heilt frå sagatida i samband med reiser langs kysten og vestover havet.

Delar av øya, spesielt i sør-vest, er prega av bratte klipper og blokkmark. Mot aust og nord er det betre forhold for jordbruk på strandflater og i lune viker. Mot vest ligg den mest vêrharde delen, men også her er det større flatare parti mellom fjellet og sjøen og hamna i Klostervågen. På den austre delen av øya ligg det fleire små gardsbruk.

Mellan Selja og fastlandet ligg Ersholmen. Holmen var opphavleg skogfri, men etter eit forsøk i 1876 på skogplanting i eit barskt kystklima, er den blitt dekka av skog.

Øya Selja er knytt til legenda om Sunniva og seljumennene. Legenda vart skiven ned i fleire versjonar i mellomalderen. Hovudtrekka er at den gudfryktige kongsdottera Sunniva flykta frå Irland då ho mot sin vilje skulle giftast bort til ein heidensk vikinghovding. Sunniva og fylgjet hennar sette ut i opne båtar utan



Klosteranlegget sett frå stien opp til helgenhola. Klosteret ligg ut mot havet og med Stadlandet i nordvest. Foto Berit Gjerland, Vestland fylkeskommune

segl eller årer. Dei dreiv over havet og kom først til Kinn, men vart jaga derifrå og for vidare til Selja der dei slo seg ned. Det vart etterkvart ufred med dei som budde i området. Dei lokale sende bod på Håkon jarl for å få dei nykomne vekk frå øya. Legenda fortel vidare om korleis Sunniva og fylgjet hennar sökte ly i ei berghole då Håkon jarl gjekk til åtak. I fylgje legenda vart dei frelse ved at Gud löt store steinar rasa ned frå hola og gravla Sunniva og fylgjet henna. Seinare ser forbipasserande eit blendande lys frå øya og det vart funne bein etter menneske med ein vedunderleg, sot ange. I 996 oppsøkte Olav Tryggvason Selja, og saman med biskopen sin finn han menneskebein og kroppen til Sunniva heil og uskadd. Olav Tryggvason og biskop Sigurd gjorde etter dette Selja til den første helgenstaden i Noreg. Truleg starta helgendyrkinga straks etter.

Dei kulturhistorisk mest interessante områda på Selja er klosteret med helgenanlegg, Heimen med humlegarden, Nordbø med den gamle kyrkjegarden og restane etter grunnmurane til kyrkja og gardsbruken på austsida av øya, samt vegen mellom Bø og klosteret.

Klosterruinane og helgenanlegget rettar seg mot storhavet. Mot søraust reiser terrenget seg bratt opp mot fjellet der helgenanlegget ligg. Benediktinar-

klosteret og helgenanlegget er bygd opp rundt legenda om St. Sunniva. I 1068 la Olav Kyrre eitt av dei tre norske bispeseta til Selja og rundt år 1070 vart Albanuskyrkja reist som bispekyrkje. Klosteret var via til St. Albanus og vart bygd ut i fleire byggesteg fram til slutten av 1200-talet eller byrjinga av 1300-talet. Etter svartedauden fekk klosteret ein knekk, men var i drift til ut på 1500-talet.

Anlegget består av sjølv klosteret der dei fleste av bygningane var organisert i ein lukka firkant med ein open plass i midten. Tårnet til St. Albanuskyrkja er i dag den einaste delen av klosteret som framleis står i full høgd og med tak. Helgenanlegget er bygd opp slik at ein går frå sjøen og opp til Sunnivahola der helgenstaden ligg heva over resten av anlegget og understrekar det opphøgde og heilage ved hola.

I landskapet kring kloster og helgenanlegget på Selja er det fleire steinbrot der ein henta ut bygningsmaterial i mellomalderen. Steinblokker vart og henta frå det rasprega nærområdet.

Hagen er eit viktig element ved mellomalderen sine klosteranlegg. På Selja kan klostergarden ha vore brukt til noko dyrking, men omlag ein kilometer frå klosteret ligg eit skjerma område som vert kalla Heimen eller Humlegarden. I fylgje tradisjonen dreiv munkane hagebruk her og undersøkingar tyder på at



Stien som går frå Bø på austsida av øya til klosteret på vestsida er enno tydeleg. Foto: Berit Gjerland, Vestland fylkeskommune

dette kan ha vore drive tilbake til mellomalderen. Ei rekke steinstrukturar i området kan vere rydningsrøyser eller graver.

Vegen frå Bø på austsida av øya går til klosteret, og var truleg hovudvegen dit. På austsida finn vi i dag fleire tradisjonelle kystgardsbruk som vart rydda på nytt på 1800-talet og byrjinga av 1900-talet.

Området har vore i bruk i lang tid, og her er mange spor etter menneske i forhistorisk tid, i form av dyrkingslag, båtstører og gravrøyser. Fylkeskyrkja stod her fram til 1654 då ho vart flytta inn på fastlandet.

På Nordbø er murane etter kyrkjesskipet og koret, samt kyrkjegardsmuren framleis synlege i terrenget. Det var prestegard her fram til reformasjonen.

LANDSKAPSKARAKTER

Øya Selja ligg nær fastlandet mot Selje med fleire småøyer rundt. Dei bratte klippene på Stadlandet avgrensar landskapsrommet mot nord. I vest er det ope ut mot Sildegapet og Stadhavet. Selja er ei av fjelløyene langs kysten av Vestlandet med to karakteristiske fjelltoppar. Her ligg ei viktig hamn rett sør for det vêrharde Stadhavet. På austsida av øya er det dyrkbar mark og gardar. På den vêrutsette vestsida ligg kloster- og helgenanlegget. Spora etter jordbruksbruk av lynchheiene og torvmyrane er viktige element i landskapet.

NASJONAL INTERESSE

Selja står i ei særstilling som øya der eit av landets første bispesete vart oppretta og som eit viktig religiøst senter i den tidlege kristningsfasen. Bakgrunnen for opprettinga av bispesetet var legenda om St. Sunniva, som gav grunnlag for etableringa av benediktinarklosteret og for Selja som pilegrimsmål. Helgenhola på Selja er ein av svært få martyrstadar i Noreg. St Sunniva er den einaste kvinnelege helgenen i Norge.

Landskapet der Sunniva i følgje legenda kom i land er ein viktig del av denne forteljinga. Det dramatiske og vakre landskapet som omgjev anlegget er godt bevart med svært få nyare inngrep. Selja har og bevart eit tradisjonelt jordbrukslandskap med stor tidsdjupne.

SÅRBARHEIT

Klosteret og helgenanlegget, samt ei rekke andre kulturminne på øya er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 og vist som bandlagt i kommuneplanens arealdel. I kommuneplanen sin arealdel frå

2017 er Selja lagt inn med omsynssone H570 – bevaring av kulturmiljø. Det er strenge retningsliner for kva ein kan bygge og kva tiltak ein kan gjere på Selja.

Vedlikehald og istandsetjing av helgenanlegget og klosteret vert gjennomført som ein del av Riksantikvaren og Klima- og miljødepartementet sitt ruinprosjekt. Det er under utarbeidning ein forvaltningsplan som grunnlag for ei heilskapleg forvaltning av Selje kloster, kulturlandskapet og kulturminneverdiane på Selja.


Dei kulturhistoriske verdiane knytt til dei nasjonale interessene er sårbare for endring og det er viktig å ta omsyn til desse verdiane når det planleggast tiltak. Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Spor etter eldre driftsformer som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, vegfar, nausttomter og landingsplassar for båt med meir er ein viktig del av det heilskaplege landskapet, og er såleis sårbare for endringar. Lynchheiene er også sårbare for endring, og riktig skjøtsel er også særskilt viktig.

Landskapet er sårbart for utbyggingstiltak. Spesielt området ved kloster- og helgenanlegget må skjerma for utbygging, men det er også viktig at landskapet mellom Bø og klosteranlegget, samt Ersholmen vert skjerma for utbygging.

Klosteret, helgenanlegget, verneverdige bygningar og kaianlegg er særskilt sårbare for forfall og påkjenninger som følge av eit klima i endring med auka nedbør og hyppigare stormar.

Strukturen i dei eldre gardstun er sårbar for endring og er spesielt sårbar for attgroing som følge av at gardsdrifta vert nedlagt. Verdiane i dette landskapet er avhengig av aktiv jordbruksdrift. Endringar av strukturar i jordbrukslandskapet kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Husdyrhald med beitedyr er viktig for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter.

For å vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbrukken, er det viktig å vidareføre gjeldande omsynssone c) med særlege omsyn til landskapet og dei kulturhistoriske verdiane. Det kan også vere aktuelt å syne meir av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel bør legge føringer for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltas.



3. Nordfjord

Krigshistorisk landskap

Kinn og Bremanger kommunar

Areal: 30,6 km²

Området ligg i landskapsregionane 20) kystbygdene på Vestlandet og 22) ytre fjordbygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)


PLASSERING

Landskapet omfattar eit større fjord- og kystområde ved munninga av Nordfjord ved Måløy og innover til Rugsundøy. Det inkluderer delar av Fåfjorden, Vågsfjorden og Skatestraumen. Største delen av området er sjø, der landskapsrommet vert avgrensa av fleire større og mindre øyer og av fastlandet i nord.

SKILDNING

Noreg si lange kystlinje var ein viktig del av det tyske forsvarsverket Atlanterhavsvollen. I Sogn og Fjordane vart det bygd eit omfattande nett av forsvarsverk med skytestillingar, kystfort og tunge batteri. Anlegga vart i stor grad bygde av krigsfangar frå Sovjetunionen og Aust-Europa, samt sivile tvangsarbeidara.

Etter 1945 vart ei rekke av anlegga avvikla, medan andre vart overtatt av det norske forsvaret og var i bruk i lang tid. Festningsverka var plasserte på strategisk viktige stadar og spesielt ved munningane til Nordfjord, Sunnfjord og Sognefjorden for å hindre at allierte skip kunne segle inn fjordane og ta seg vidare til lands austover. Kystforta skulle også forsvare tyskarane sin skipstrafikk nord- og sørover langs Norskekysten.



Kartutsnitt der dei militære anlegg er markert innanfor forslag til avgrensing.

Utanfor Nordfjord går ei av hovudleiene nord-sør gjennom Ulvesundet, over Vågsfjorden og inn Skatestraumen før den går vidare sørover gjennom Rugsundet. Det tyske kystforsvaret var her konsentert til området ved Måløy og Vågsfjorden som var eit strategisk viktig punkt langs Norskekysten. Dei militære anlegga her skulle verne skipa i konvoiane som gjekk forbi Stad og dei skulle sperre av innseglinga til Nordfjord.

Kystforta på Rugsundøy, Blålid og Vemmelsvik sperra av innseglinga til Nordfjord. Her kunne dei tre kanonbatteria samlast mot mål i Vågsfjorden og ved den indre sperrelinja mellom Rugsundøy og Angelshaug var ein framleis under eld frå batteriet på Tangane når ein kom innanfor rekkevidde av torpedo-batteriet på Angelshaug. Anlegget på Kulen skulle sikre hamna i Måløy og kontrollere Ulvesundet.

Området omfattar fem militære anlegg: Torpedo-Batterie Angelshaug, MKB 9./504 Nordfjord (Rugsundøy), HKB 3./981 Vemmelsvik, HKB 7./981 Blåali og Batteri 895 Kulen (Måløyna).

Batteri 894 Kulen (Måløyna) vart øydelagt under Måløyraidet i 1941. Måløyraidet vart utført av den britiske militære eininga Spesial Operations Executive der 576 mann deltok, av desse 33 norske frå kompani Linge. Målet med Måløyraidet var å nedkjempe dei tyske styrkane, uskadeleggjere kanonstillingane og å øydelegge industriverksemder som var til nytte for okkupasjonsmakta.

Under Måløyraidet vart Batteri Kulen nedkjempa og øydelagt før det rakk å fyre av skot. Etter Måløyraidet vart det bygd ut ei rad store festningsanlegg kring Måløy, mellom anna kystforta på Blålid og Vemmelsvik.

Våren 1942 vart det sett opp eit nytt batteri på Kulen som erstatning for det som vart øydelagt, men det vart etter svært kort tid flytta til Vemmelsvik. Frå Kulen har ein god oversikt over Vågsfjorden samstundes som ein kontrollerer innløpet til Ulvesundet. Anlegget skulle også forsvare byen Måløy mot angrep. På Kulen står det i dag berre att restar av fundamenta til anlegget.

Batteriet på Blålid kom dit i 1944 og var flytta frå Flokenes ved Førdefjorden. Flyttinga var eit ledd i å samle kreftene i viktige tyngdepunkt. Blålid skulle nedkjempe sjømål i Vågsfjorden, sperre innløpet til Nordfjord og Måløy og sikre eigne skip og konvoiar i området. I tillegg til batteriet bestod fortet av mellom anna kai, bunker for kommandoplass og sambands-



Utsikt frå batteriet på Kulen sett mot anlegget på Blålid. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

sentral. Frå Blålid er det kort avstand og god sikt over fjorden mot Måløy.

Anlegget på Vemmelsvik frå 1942 ligg lenger inne i Vågsfjorden. Det har godt utsyn utover fjorden mot vest og mot anlegget på Rugsundøy og innløpet til Skatestraumen. Fundamenta til eit batteri plassert nede på svaberga er synlege frå sjøen, men den tette granskogen bak gjer at anlegget lenger inne på land er lite synleg. Det sørlegaste punktet til anlegget er på Vemmelsvikholmen. Holmen har lite skog og her er ruinane etter batteriet godt synlege. Mellom holmen og fastlandet er det lagt opp ei fylling som det er bygd bilveg på ut til batteriet. Foreningen Vemmelsvik kystfort arbeider med å ta vare på fortet og har mellom annan restaurert ei av kanonene.

MKB 9./504 Rugsundøy er plassert på Tangane på vestsida av Rugsundøy. Rugsundøy var saman med Nesje fort ved Sognefjorden dei to første kystforta som vart etablerte i Sogn og Fjordane. Kystfortet på Rugsundøy var òg eitt av berre to kystfort i Noreg

som var involvert i regulær kamp då det under Måløy-raidet vart utsett for bombeangrep og kjempa mot den britiske kryssaren HNM Kenya.

Landskapet her er framleis eit ope lyngheilandskap. Ruinane etter kystfortet med den attverande kanonen er godt synleg og viser korleis ein har nytta landskapet i oppbygginga av fortet og for å oppnå eit strategisk mål.

Torpedo-Batteriet Angelshaug er plassert på fastlandet aust for anlegget på Vemmelsvik og vart bygd i 1940. Torpedobatteriet var kamuflert som eit naust i fjøra. På slutten av krigen vart kommandosentralen for kystavsnittet flytta frå Florø til Angelshaug. I dag er det berre ein betongruin att av torpedobatteriet. Batteriet er plassert heilt nede ved sjøen inne i ei lita vik.

LANDSKAPSCHARAKTER

Området er eit kystlandskap og omfattar eit større sjøområde, fleire øyer og ein del av fastlandet. Sjøen



Restane av torpedobatteriet på Angelshaug. Batteriet var opphavleg kamuflert som eit naust. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

er det mest karakteristiske elementet i landskapet som bind øyene og fastlandet saman. Landskapet er ope med låg vegetasjon av lysthei på øyene, medan det på fastlandet er meir skogrikt. Like utanfor området ved Kulen ligg byen Måløy der Måløybrua går over krigsminna på Batteri Kulen og er eit markert element i landskapet. Kystforta og torpedobatteriet var plassert strategisk i landskapet på både øyene og fastlandet slik at dei til saman hadde visuell kontakt og dekka innløpet til Nordfjord. Anlegga på Blålid, Vemmelsvik og Angelshaug er i dag i stor grad skjult av vegetasjon.

NASJONAL INTERESSE

Området viser ein strategisk viktig del av Atlanterhavsvollen, der målet til okkupasjonsmakta var å hindre allierte skip å gå inn i Nordfjord for så å kunne sende

troppar vidare austover over land. I tillegg var det viktig å verne tyske skip som segla langs kysten. Kystforta utgjer eit heilskapleg kulturmiljø av godt bevarte ruinar og viser korleis ein har nytt landsskapet i oppbygging av anlegga. Plasseringa i det opne landskapet viser korleis ein tenkte å forsvere kystlinja og innløpet til Nordfjord.

Fortet på Rugsundøya var eitt av berre to kystfort i Noreg som kom i regulær kamp under andre verdskrig.


SÅRBARHET

Måløyna, Batteri 894 Kulen er regulert til friområde og bevaring av anlegg. Blålid er delvis regulert til bustadområde, delvis uthus/naust/badehus.

Kystforta ligg i eit ope landskap og det er fleire element som kan utgjere ein fare for dei kulturhistoriske verdiane i landskapet. Det opne landskapet er sårbart for tiltak, som til dømes etablering av større infrastrukturtiltak som vindkraft- og oppdrettsanlegg, som kan endre den visuelle kontakten mellom kystforta. Visuell kontakt er vesentleg for å forstå den strategiske plasseringa og samanhengen mellom dei sentrale elementa i historia.

Landskapet med krigsminna er sårbar for naturleg forfall av ruinane og alternativ bruk av ruinane som ikkje tek omsyn til dei kulturhistoriske verdiane. Området er også sårbart for attgroing slik at ruinane ikkje vert synlege og vert øydelagt av vegetasjon. For å sikre at området beheld sin karakter som historisk landskap er det viktig at det vert stimulert til fortsett husdyrhald med beiteaktivitet, for å hindre attgroing. Vidare er landskapet sårbart for utbygging tett på anlegga. Det er positivt at anlegget på Måløyna, Batteri 894 Kulen, er tilrettelagt for publikum. I samband med vidare/ny tilrettelegging av kystforta er det viktig at ein tek omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i anlegga og ikkje gjennomfører tiltak som reduserer deira verdi som kulturminne og kulturlandskap.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, er det viktig å vidareføre gjeldande omsynssone c) med særlege omsyn til landskapet og dei kulturhistoriske verdiane. Det kan også vere aktuelt å syne meir av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel bør legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



4. Strynefjellet vest

Drifteveg, turistveg og heilårsveg

Stryn kommune

Areal: 154,4 km²

Området ligg i landskapsregionane 17) breene og 23) indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Området går frå grensa mot Innlandet fylke på Strynefjellet og ned til Oppstrynsvatnet. Det omfattar eit større fjellområde med tre generasjonar vegar over Strynefjellet; ferdsselsvegen over Kamperhamrane, gamle Strynefjellsveg og nye Strynefjellsveg. Området går over i eit anna KULA-område aust for fylkesgrensa, Strynefjellet aust (K531). Dei to områda femner om heilskapen i landskapet på Strynefjellet.

SKILDRING

Strynefjell er eit storslege landskap med fleire fjellparti og dalar. Det er store kontrastar mellom det frodige jordbrukslandskapet nede ved Oppstrynsvatnet og det villare fjell-landskapet.



Varden er del av ei varderekke som viser veg på den gamle driftevegen over Kamperhamrane mellom Stryn og Skjåk.

Foto: Louise Brunborg Næss, Riksantikvaren

Ei reiseskildring frå ei reise over fjellet til Skjåk ca.1860 skildrar landskapet slik:

«Hjelle så ut til å være et lite sted, enestående vilt og øde... Nå begynte en kjøretur uovertruffen i stor-slagenhet og prakt gjennom en vill og trang dal.»
«Dalen ble mer og mer ensom og øde etter som vi kjørte oppover, stadig oppover... Kolossale fjell av enhver form og fasong, ville forrevne og mørke, løftet seg på begge sider av dalen. Buskaset som hadde satt sitt preg på den nedre delen av dalen, forsvant, og alt ble øde villhet, ingen trær eller busker, ingen mark-blomster eller bregner syntes å vokse noe sted...»

Skildringa er framleis svært treffande. Den største skilnaden frå 1860-talet til dagens landskap er dei to køyrevegane over Strynefjellet.

Vegen over Kamperhamrane var den enkleste traseen frå Nordfjord over til bygdene nord på Austlandet og har etter alt å døme vore i bruk i over 1000 år. Den følgjer Hjelledalen og Sunndalen sør i området. Det mest krevjande partiet er opp Kamperhamrane.

Driftene med dyr frå Vestlandet til Austlandet var ei viktig næring på 1800- og byrjinga av 1900-talet. Vegen over Kamperhamrane til Skjåk var ein mykje brukt driftsveg i Nordfjord. Driftene samla seg vanlegvis på nordsida av Strynebukta og hadde seks faste kvileplassar på strekninga til Skjåk. Ruta gjekk via Oppstrynsvatnet, Hjelledalen og Sunndalssetra før ho gjekk over Kamperhamrane. Fleire stadar var det her bratte trappevegar oppetter blanke fjellsider og opp i over 1100 moh før dei kom over til Skjåksida.

Langs driftsvegen ligg gardsbruk med stølar, husmannsplassar, vardar og sjølve vegfaret. Inne ved Kamperhamrane er det eit par «herbyrge», blokk- eller bergheller som har vore brukt til overnatting for ferdafolk.

Den forseggjorte vegtraseen opp Kamperhamrane var krevjande å bygge og å vedlikehalde. Arbeidet ein la ned vitnar om kor viktig denne ferdsselsvegen var. Etter opninga av Gamle Strynefjellsveg gjekk traseen ut av bruk som ferdsselsveg mellom Aust- og Vestlandet, men er i dag ei historisk vandrerrute.

I 1894 opna Gamle Strynefjellsveg. Vegtraseen går frå Skåre i Stryn til Grotli i Skjåk og følgjer Videdalen opp mot høgfjellet. Vegen er bygd med tørrmurar, hårnålsvingar, ein felts breidd, grusdekke og sikring med stabbesteinlar. På Sogn og Fjordane-sida går han gjennom eit bratt og raustsett fjellterrengr. Vegen var planlagt og bygd som ein rein turistveg, open i



Gamle Strynefjellsveg vart bygd som turistveg på slutten av 1800-talet og viser godt byggjemåten frå den tida. Foto: Siri Hagen, Riksantikvaren

sommarsesongen, men vart ein viktig hovudveg mellom aust og vest.

Turisme vart stadig viktigare i Nordfjord i siste del av 1800-talet. Jernbanen var under bygging gjennom Gudbrandsdalen og turistvertane i Stryn og Geiranger såg at ein kunne få ei svært attraktiv turistrute viss ein knytte jernbanen i Otta saman med karjolskyss til Geiranger og Stryn. Ei anna attraktiv turistrute ville vere ein rundtur over Strynefjellet mellom Oppstryn og Geiranger. Langs Oppstrynsvatnet vart det ikkje bygd veg før i 1922, så her vart turistane vart frakta med dampbåt.

Det vart raskt bygd ut infrastruktur for å ta seg av dei reisande. Kaia i Oppstryn låg på Hjelle og samstundes med opninga av Gamle Strynefjellsveg opna

det hotell her. Då vegen langs Oppstrynsvatnet kom, gjekk også den tett forbi hotellet. I 1903 etablerte staten ei fjellstove med ei spektakulær plassering ved Videseterfossen. Etterkvart vart ho utvida og driven som privat hotell. Både Hjelle hotell og Videseter hotell er framleis i drift.

Opp Tystigen til Videseter er vegen bygd med 19 slynger og er eit av dei mest spektakulære strekkene på Gamle Strynefjellsveg. Den øvste delen opp til Videseter er framleis slik han var bygd i 1894, med grusdekke og stabbesteinlar. Lenger nede i Hjelledalen er eit av dei mest spektakulære elementa Jøl bru. Brua går over elva Skjerdingdøla i ein skarp sving over eit gjel som er 50–60 meter djupt. Den skapte problem då ein gjekk over til bil- og busstrafikk. Brua var ein

flaskehals for biltrafikken fram til det kom ny bru parallelt med den gamle då nye Strynefjellsveg vart bygd.

Ferdelsen over Strynefjellet vart raskt stor og det kom snart krav om heilårsveg m.a. frå postvesenet og forsvaret. Den store utfordringa var den snørike Tystigen som var den siste stigninga på vestsida av Videdalen. For å få fram heilårsveg her måtte ein bygge ein svært dyr tunell. Prosjektet vart difor ikkje realisert. Først i 1977 vart Nye Strynefjellsveg opna for trafikk. Til liks med Gamle Strynefjellsveg byrjar den nye vegen ved Skåre bru og endar opp i Grotli, men traseen vart lagt gjennom Grasdalen i staden for Videdalen og med store deler i tunnel. Det vart også bygd rasoverbygg og raskjegler for å sikre ein trygg veg. Likevel er overgangen framleis utsett for stenging i vintrar med mykje uver og det vert reist krav om bygging av fleire tunellar for å sikre ein rastrygg heilårsveg.

LANDSKAPSKARAKTER

Største delen av området er eit høgfjellsområde med tre vegfar som viser ferdsel mellom Aust- og Vestlandet. Her er høge, bratte fjell, djupe gjel og grøderike dalføre. Vegane er tilpassa landskapet og den teknologien ein hadde tilgjengeleg for vegbygging, noko som viser att i korleis vegen over Kamperhamrane er tilpassa den lettaste ferdelsruta, medan Gamle og Nye Strynefjellsveg går stadig sterkare inn og formar landskapet til vegen. I dalføra finn vi gardsbruk og turiststadar der den småskala busetnaden dannar ein kontrast til det storslegne landskapet. Oppstyrnsvatnet, elvane og fossane i området er andre viktige landskapselement.

NASJONAL INTERESSE

Landskapet har ei rik historie knytt til ferdsel og turisme og er ein av dei viktigaste fjellovergangane mellom Vestlandet og Austlandet. Dei tre generasjonane av vegfar viser høgfjellsvegar i eit langt tidsperspektiv og med bruk av ulik teknologi. Landskapet med dei tre vegfara er lett lesbart og viser samspelet mellom naturen, teknologien og menneska sitt behov for å ferdast over lengre avstandar.

Landskapet og ferdelsvegane har vore viktige for utviklinga av turistnæringa og det finst framleis døme på den vakre og spektakulære plasseringa og utforminga av turistanlegg frå den tidlege turismen, som Hjelle hotell og Videseter hotell.

SÅRBARHEIT

Dei tre vegfara er alle sikra eit vern gjennom kulturminnelova; vegen over Kamperhamrane er automatisk freda og Gamle og Nye Strynefjellsveg er forskriftsfreda. Ivaretaking og vedlikehald av dei

kulturhistoriske vegane skal gjerast i tråd med føregangnene for fredinga.

Deler av området ligg innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark og skal ivaretakast i tråd med verneforskrifta og forvaltningsplanen. Føremålet med nasjonalparken er mellom anna å verne om kulturminne og kulturlandskap. Forvaltningsstyresmakta er Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. I dei lågareliggende delane av området er det i dag gardsbruk og ulike verksemder knytt til turisme.

Ferdelsvegen over Kamperhamrane er ei av dei historiske vandrurutene i Norge. Prosjektet er eit samarbeid mellom Den Norske Turistforening og Riksantikvaren som gjer gamle ferdelsvegar betre kjende og meir brukte.

Landskapet er sårbart for endra arealbruk og for store inngrep som bryt med samanhengar og den overordna heilskapen. Det er også viktig for landskapet å vidareføre beite for å redusere attgroinga. Det er viktig at vedlikehald av den historiske vandreruta over Kamperhamrane gjerast på ein skånsam måte, slik at dei kulturhistoriske verdiane til vegen vert teke vare på.


Manglande skjøtsel av landskap og manglande tilsyn med sårbare kulturminne, bidreg til at viktige kulturhistoriske element gradvis vert brotne ned og forsvinn. Det er viktig at det stimulerast til fortsett jordbruksdrift, husdyrhald med beiteaktivitet, for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som ferdelslandschap. I fjellet er det mange sårbare kulturminne som må takast omsyn til ved ferdsel og bruk av fjellet, spesielt herberga under hellarar er sårbare og må takast spesielt omsyn til. Landskapet er sårbart for endra arealbruk og for nye store inngrep som bryt med samanhengar og den overordna heilskapen.


Omfattande inngrep, som til dømes store plane- og masseyllingstiltak kan vere eit trugsmål mot det særmerkte landskapet.

Turisme i stort omfang kan også føre til auka press på natur og kulturminne på sikt.

Kulturminna kan vere sårbare for aktivitet knytt til formidling og oppleveling av området. Informasjon om og synleggjering av kulturminna, i form av skjøtsel, skilting og tilrettelegging, vil kunne hindre skade på kulturminnelokalitetane, og det er viktig at tiltak tek utgangspunkt i kunnskapen om verdiar i landskapet og kulturminna.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbrukken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringer for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltas.





Helleristing i Vingen, med Hornelen i bakgrunnen. Foto: Arve Kjersheim, Riksantikvaren 2014

5. Midtre Bremanger

Seglingslei gjennom mytisk landskap

Bremanger kommune

Areal: 166,8 km²

Området ligg i landskapsregionane 15) lågfjellet i Sør-Norge og 21) ytre fjordbygder på Vestlandet. (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Landskapet omfattar Frøysjøen med kringliggjande landområde frå munninga av sidefjorden Gulen og vidare nordover til Hornelen, Skatestraumen og Rugsundet.

SKILDRING

Frøysjøen er ei viktig farlei som har vore brukt frå lang tid tilbake, noko dei mange gravrøysene vitnar om. Då havstrekninga på utsida av Bremangerlandet er svært vêrhard, gjekk seglingslea langs kysten gjennom Frøysjøen. I nord møter Skatestraumen utløpet av Nordfjord og her kan ein segle enten

gjennom Rugsundet og innover til fjorden eller nord-over gjennom Ulvesundet.

Sjøområda er omkransa av fjell og øyer, mange med steile og høge fjellsider, men òg fjell med mjuke avrunda toppar. Nokre stader er det flatare parti og låge nes, som på Berle. Det opne landskapet er prega av Stein og knausar, med innslag av jordbruksområde. Delar av området er eit blokklandskap forma av ras over lang tid. I Vingen er dette særleg tydeleg og dei mange helleristingane vitnar om det lange tidsrommet landskapet er brukt av menneska.

Skatestraumen er eit smalt og langstrekta sund mellom Bremangerlandet og Rugsundøy. Her er tidsvasstraumane kraftige gjennom det relativt tronge og grunne sundet. Det gjer Skatestraumen til en god fiskeplass, noko den har vore heilt tilbake i steinalderen. Eit teikn på dette er den store konseksjonen av spor etter menneske frå steinalderen og fram til jernalderen, som vi finn på begge sider av Skatestraumen. Området si strategiske plassering for

ferdsel langs kysten og det rike fisket gjorde at mange kunne livberge seg her. Ingen annan stad i Sør-Noreg har så mange store buplassar med så tjuke busetjingsslag som i Skatestraumen. Han vert difor rekna som ein sentral plass i steinalderen.

Enkelte formasjonar skil seg ut i landskapet og har fungert som landemerke langs kystleia. Hornelen er den mest kjende av desse. Fjellet ragar 860 meter rett opp frå fjorden og er Nord-Europas høgste sjøklippe. Det knyter seg ei rekke segn og historier til klippa som er omtalt i kongesagaene, knytt både til Heilag Olav og Olav Tryggvason. I følgje lokal folketru var fjellet tilhaldsstad for trollpakk, og på jonsoknatta samla heksene seg her.

På austsida av Frøysjøen ligg Vingen med eit av Nordens største helleristningsfelt. Meir enn 2300 figurar er rissa i berget. Landskapsrommet er avgrensa av høge fjell som stuper ned i fjorden, men der enkelte flatare parti bryt opp. Innerst i Vingepollen kan ein sjå på landskapsrommet nærmast som ein utanårs katedral, der vind og lydar skaper ekko innover fjordarmen og fjella rundt gjev eit nærmast lukka landskapsrom. Rett ovanfor Vingen, på den andre sida av fjorden, ligg Hornelen. Denne mektige sjøklippa er synleg frå Vingen, og har etter alt å døme òg hatt betydning for plasseringa av bergkunsten i Vingen.

Vingen er ein forholdsvis kort padletur frå Skatestraumen og det er nærliggande å tru at dei som budde ved Skatestraumen brukte Vingen som ein felles rituell stad.

Vingen har såleis vore ein viktig samlingsplass for jakt- og fangstsamfunna langs kysten i steinalderen som truleg vart oppsøkt i heilt spesielle høve. Helleristingane er dei tydlegaste spora etter

menneska sin bruk av dette landskapsrommet i førhistorisk tid. Hovuddelen av helleristingane er lokalisert på dei flatare partia. Området er veleigna til styrtjakt på hjort. Dei mange hjortedyra som er rissa i berg og på steinblokker knyter dei til ein fangst- og veidekultur som kan daterast til tidsrommet 9000–2000 f.Kr.

På nordsida av Skatestraumen ligg Rugsundøya som ei av dei store øyene i dette landskapet. Mellom Rugsundøya og fastlandet i aust går Rugsundet. I nord opnar sundet seg opp mot Nordfjord. Sjølve sundet er sentralt i landskapet. Samanhengen mellom fjord, sund og øyer gjev eit vakkert og variert landskap. Frå Rugsund kan ein også sjå Hornelen.

Den gode hamna har frå gamalt av vore sentral. Her var det kyrkje frå mellomalderen og handelsstad frå slutten av 1600-talet. Gjestgjevarstadar med losji var etterspurt av øvrighetspersonar, fiskarar og bønder på veg til eller frå Bergen.

Kombinasjonen mellom fiske og jordbruk har nokre stader sett tydelege spor i landskapet rundt Frøysjøen, mellom anna ved Rugsund og i Vingen. Gardsbruka ligg i strandsona der tunet omkransa av innmarka gjerne ligg eit stykke opp frå sjøen med fjellsida i bakkant, nede ved sjøen ligg naust og sjøbuer. På 1600-talet skapte eit rikt sildefiske grunnlag for fast busetjing på mange avsides plassar i Nordfjord.

Berleområdet på vestsida av Frøysjøen er eit rikt jordbruksområde noko gravfelt, gravhaugar og gravrøyser viser. Bautasteinen ved Hauge Lille vitnar om den lange tida området har vore brukt av menneska. Berle var bustaden til høvdingen Berle-Kåre som vert omtala i Egilssoga som beserk, sterk og modig.



Rugsundet handelsstad med røter tilbake til slutten av 1600-talet ligg sentralt i leia. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

Andre verdskrig har også sett spor i området. Ved Berle og på Ospeneset finn vi synlege delar av tyskarane sitt forsvarsverk Atlanterhavsvollen.

LANDSKAPSKARAKTER

Her møtest kyst og fjord, og landskapet er karakterisert av smale sund, høge fjell og kystlynghei. Sjøklippa Hornelen er eit markant element. Fjorden bind saman området og har i uminnelege tider vore den viktigaste ferdelsvegen. Samstundes har fisket gjeve grunnlag for at menneska kunne busetje seg her fra steinalderen og framover. Gravrøysene som er plasserte godt synleg langs fjorden vitnar om den lange tida menneska har brukt landskapet her. Vingen med sitt avgrensa landskapsrom med helleristingar fortel om bruken av landskapet i ein religiøs samanheng. Gjestgjevar- og handelsstaden Rugsund med røter tilbake til 1600-talet fortel om organiseringa av ferdelsen og handelen langs kysten. I sør har landskapet tydelege spor etter Atlanterhavsvollen fra andre verdskrig.

NASJONAL INTERESSE

Området kring Frøysjøen er eit framståande døme på korleis folk gjennom ulike tider tilpassa seg til naturgrunnlag, naturressursar og sjøvegen som transportåre. Landskapsromma og landskapselementa vart ein viktig del av verdsbiletet og har gjeve opphav til myter, tru, segn og historier. Både dramatikk og samanheng i landskapselementa er svært godt leselege, særskilt samanhengen mellom Vingen, Hornelen og Skatestraumen. Helleristingane i Vingen er spesielle i internasjonal samanheng, og plasseringa i det dramatiske og lite påverka landskapsrommet gjev landskapet svært høg opplevings- og kunnskapsverdi. Hornelen er av høg verdi som landemerke og immaterielt kulturminne.

SÅRBARHEIT

Helleristningsområda i Vingen er områdefreda etter § 19 i kulturminnelova. Det er i dag ferdelsforbod i området for å sikre helleristingane mot skade. Det vert årleg gjennomført skjøtsels- og vedlikehald av helleristingane og kulturminne knytt til landbruksdrifta dei siste 200–300 åra i tråd med føringane i Skjøtselsplan for Vingen. Skjøtselsplanen er under revidering.

Vingen landskapsvernombordet omfattar heile Vingen samt nabogarden, Vingelven og vart oppretta for å forsterke det særegne landskapet helleristningane er ein del av. Delar av Gaddeskogvatnet naturreservat ligg innanfor området. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyremakt for verneområda. Bygningane ved Rugsund handelsstad vart freda i 1924 i medhald av Lov om bygningsfreding.

Miljødirektoratet fekk hausten 2021 i oppdrag frå Klima- og Miljødepartementet å starte verneplanprosess for Hornelen som mogleg ny nasjonalpark eller landskapsvernombordet. Dei kulturhistoriske verdiane i landskapet bør takast med i dette arbeidet.

Landskapet er sårbart for store utbyggings- og landskapsinngripande tiltak som til dømes vindkraftanlegg, etablering av anlegg for akvakultur, plane- og masseyllingstiltak eller utviding av steinbrot. I kommuneplanen sin arealdel er det satt av fleire område for akvakultur og vindkraft og det er viktig at talet på akvakultur- og vindkraftlokalitetar ikkje vert auka i høve til planen.

Området er sårbart for attgroing som følgje av redusert landbruksdrift. Manglande skjøtsel av landskap og manglande tilsyn med fråflytta bygningar, bidreg til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. For å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter av eit fiskarbondelandskap, er det viktig å stimulere til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald. Spor etter eldre driftsformer med steingardar, gardfjøs, bakkemurar, tufter, vegfar med meir er sårbare for endring og er svært viktige å ta vare på. Kystlyngheimråda er særskilt verdifulle og manglande skjøtsel av desse områda er eit trugsmål.


Naust og andre strukturar i strandsona som fortel om bruken av sjøen som inngår i dette er sårbare for endring. Det er viktig at ein til dømes passar på at plassering og utforming av evt. nye bygnader ikkje svekker opplevinga av kystlandskapet og dei maritime kulturminna som inngår i dette.

Helleristingane i Vingen er sårbare for forvitring og skade utført av menneske.

Klimaendringane, med hyppigare stormar og meir nedbør, er eit trugsmål mot bygningar, kaianlegg og andre kulturminne i dette vêrutsette kystområdet.

Det er planlagt utviding av steinbrotverksemada på Aksla. Reguleringsplan er utarbeida og det ligg motsegn til planen på bakgrunn av omsynet til kulturmiljøet i Vingen og landskapet rundt. Motsegna er vinteren 2024 under handsaming. Dersom reguleringsplanen vert vedteken, med påfølgande utviding av steinbrotverksemada på Aksla, vil det gjerast ei ny vurdering av avgrensing av det kulturhistoriske landskapet.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast. I kommunen sitt framlegg til ny arealdel til kommuneplanen, er det avsett eit stort område ved Hornelen til omsynssone landskap.





Kinn med Kinnaklova og mellomalderkyrja. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

6. Den ytre skipsleia med fjelløyene

Seglingsleia gjennom fiskarbonden sitt landskap

Askvoll og Kinn kommunar

Areal: 615,54km²

Området ligg i landskapsregion 20) kystbygdene på Vestlandet (Nasjonalt referancesystem for landskap - NIBIO)

PLASSERING

Området omfattar havstykket frå Askvoll i sør og opp mot innløpet til Frøysjøen nord for Florø. Innanfor området ligg det fleire markerte øyer og Staveneset på fastlandet.

SKILDRING

Folk har gjennom fleire tusen år budd og ferdast ved ytterkysten. Her var det sikker tilgang på mat frå fangst og fiske. Kontaktnettet var stort og hovudtransporten gjekk med båt. Dei to hovudleiene vert omtala som den indre og den ytre leia. Å kjenne att leia var viktig. Her ligg mange grunner og skjær som

kan vere livsfarlege. I Sogn og Fjordane ligg det nokre markante fjelløyar som er godt synlege på lang avstand, og som har vore naturlege seglingsmerker langs leia: Alden, Tvirge, Kinn, Skorpa, Batalden og Hovden.

Felles for dei seks øyene er at dei er lett å kjenne att. På Alden kan det høgaste punktet minne om ein hest, jf. namnet Norske hesten. Tvirge har to fjelltoppar som er lett å kjenne att. På Kinn er Kinnaklova det særmerkte landskapselementet. Den pyramidiforma toppen på Batalden skil seg klart ut. På fastlandet ligg Staveneset med gravrøysene godt synlege frå sjøen.

Gravrøysene i området er kanskje dei mest tydelege spora etter forhistoria. Dei er plasserte svært synleg i seglingsleia. Det største gravfeltet i området med 30 røyser ligg på Stavenes i Askvoll og er godt synleg frå sjøen langs den indre leia. På Stavenes er det også funne 11 felt med helleristingar.

Kinn med Kinnaklova er eit av dei mest særmerkte seglingsmerka langs den ytre leia. Øya har hatt busetnad i svært lang tid og rundt år 1100 vart Kinn kyrkje bygd. Ho er plassert heilt ute ved havet. Kyrkja hadde gode inntekter frå fiskeria. Segna om prinsessa Borni knyter Kinn saman med Selja og St. Sunniva og gjorde truleg Kinn til eit pilegrimsmål i mellom-alderen. I tillegg til øyane som seglingsmerker vart det frå 1828 starta ei stor utbygging av fyrtasjoner langs kysten og dei seglrande fekk då nye landemerke å navigere etter. Innanfor området finn vi fleire kystfyr, mellom anna Stabben og Ytterøyane.

Menneska som budde på øyene var avhengig av å drive mangesyssleri med gardsdrift, fiske og litt handel. Denne levemåten har sett tydelege spor i landskapet. Brukseiningane var ofte små og oppdelte, der ein på dei små åkerlappane har dyrka korn og frå utoptå 1800-talet potet. I det milde klimaet kunne dyrka, spesielt småfeet, gå ute på beite på lyngheiene og strandengene store delar av året. Det vart òg sanka vinterfør i lyngheier og på slåtteenger. Sjø og strand var ei form for utmark som var avgjerande for at menneska kunne leve her. Tang, tare og fiskeavfall til dyrefôr og gjødsel var ein viktig del av energioverføringa til garden. Små øyer og holmar vart ofte brukt som beite. Torv vart brukt til brensel, og i fleire myrer finn vi spor etter uttak.

På fleire av øyene er det bevart kulturminne som viser bruken av landskapet. Typisk er det at

menneska har busett seg der landskapet flatar ut, og inne i viker der dei får ly. Øya Tvibyrge er eit godt døme på dette, der busetnaden er lagt på austsida i Tvibyrgjevågen. Den lange steinmuren som var ferdig i 1871 og skil innmarka frå utmarka og mellom dei to brukene, er eit karakteristisk element i landskapet. Laksefisket var ein viktig del av næringsgrunnlaget og lakseverpet låg nord på øya.

I dei store sildeåra rundt 1850–60 sökte fleire tusen menneske seg til området. Frå denne tida fekk ein ordtaket «Dra til Kinn og bli rik». Det rike fisket førte også til ei teknologisk utvikling på øyene då det frå 1861 vart etablert fiskeritelegraf.

I Rognaldsvåg på Reksta finn vi eit av dei største og best bevarte sjøhusmiljøa i området med 30 til 40 naust og sjøbuer. Bygningane er svært varierte i storlek og formuttrykk. Saman med ei rekke andre eldre bygningar dannar dei eit heilskapleg kulturmiljø.

På Batalden, Fanøya, Kinn, Reksta og Skorpa stod mange av dei store sjøhusa og salteria. For å bygge buene måtte ein ha til dels store og omfattande sjømurar. Etter at storsilda forsvann vart mange av sjøbuene og salteria flyttet til andre stadar og berre grunnmurane står att, slik som dei store murane ved Fanøya. Dei er vitnesbyrd om dei store fiskeria i området. Dette sildefisket var avgjerande for at Florø by vart etablert i 1860.

Under andre verdskrig var det stor aktivitet i området, både av okkupasjonsmakta og av motstands-



Rognaldsvåg på Reksta. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

rørsla. Tyskarane etablerte signalstasjonar på Færøy for å kontrollere skipstrafikken til og frå Florø. Den tyske marine etablerte òg kystvaktavdelingar ved Vallestад på Askrova, på Ytterøyane og Kvannhovden.

For motstandsrørsla var øyene viktige. Folk herifrå deltok i englandsfarten. Shetlandsgjengen brukte fleire av øyene, mellom anna vart nordsida av Skorpa brukt som skjulestad for MTB-ar. Mot slutten av krigen var Domba på Hovden ein viktig stad for motstandfolk og britiske etterretningsagentar. Ein tok her i mot våpen og ammunisjon som vart distribuert til motstandsrørsla i fylket. Flyktingar vart sende ut av landet frå Domba. Askrova vart brukt som lagerstad for materiell frå England. Radiostasjonar rapporterte til England om skipstrafikken frå skiftande stader.

LANDSKAPSKARAKTER

Fjelløyene ligg heilt vest i havet og er godt synlege på lang avstand. Landskapet er karakterisert av open sjø med visuell kontakt mellom øyene. Rundt dei ligg ei rekke mindre og lågare øyer og holmar. Fjelløyene skil seg frå dei andre øyene ved at dei er markert høgare og kvar enkelt av dei har ei karakteristisk form som gjer dei eigna som seglingsmerke. Øyene er prega av lynghei, slåtteeng, strandeng og myr, med lite trevegetasjon. På Staveneset som ligg på fastlandet, er det meir skog og dei mange gravrøysene er ein svært synleg del av landskapet.

NASJONAL INTERESSE

Dei karakteristiske fjelløyene fortel historia om seglingsmerke som var avgjerande for sjøferdselen tidlegare. Øyene med sine særpregra former er framleis viktige landemerker som ein kan navigere etter. Fleire av øyene har få moderne inngrep og har spor etter bruk som er særskilt gode kjelder til kunnskap om fiskarbondens bruk av landskapet. Ei rekke kulturmiljø knytt til dei store fiskeria fra 1860-talet og framover pregar landskapet. Dei mange gravrøysene og helleristingane vitnar om tidsdjupna i bruken av landskapet. Området var viktig for motstandsrørsla sitt arbeid under andre verdskrig med kontakt til England og Shetland.

SÅRBARHEIT

Kinn kyrkje frå mellomalderen er automatisk freda og Ytterøyane fyrtasjon og Stabben fyrtasjon er begge freda i medhald av kulturminnelova §§ 15 og 19.

Innanfor området ligg følgjande naturreservat: Kuøyane, Senholmen, Ryggsteinen, Moldvær, Smelvær, Svarteskjæra, Trefotskjera, Gulholmen, Kvalsteinane, Ytterøyane, Nekkøytåa, Indre_Ånnøy, Nærøyane, Gåsøy, Hovdefjell og Rognane. Formålet med vernet er for dei fleste å bevare trekke-, hekke- og

overvintringsplassar til sjøfugl, men for enkelte er også bevaringa av landskap/kulturlandskapet omfatta av vernet. For meir informasjon sjå forskrifter til dei enkelte naturreservata.

Den eldre bygningsmassen er sårbar for forfall og endringar knytt til ny bruk. Det er viktig å ta omsyn til eksisterande bygningsmiljø, både struktur, volum, storleik, materialval og fargeval når tiltak vurderast. Ved planlegging av etablering av nye tiltak i landskap er det viktig å legge verdiane i landskapet til grunn. Til dømes er det viktig at større bygningsvolum vurderast å få ei utforming som vert broten opp, eventuelt senkast ned i terrenget.


Landskapet er sårbart for store tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes terrenginngrep, større planerings- og massefyllings-tiltak, nye store bygningar eller installasjonar. Dersom det er behov for bygging av nye driftsbygningars er det viktig at dei som hovudregel plasserast i tilknyting til eksisterande gardstu.

Fiskarbonden sin spor i landskapet som til dømes steingardar, brygger, spor etter uttak av torv m.m. er sårbare. Det er viktig at opplevinga av kystlandskapet og dei maritime kulturminna som inngår i dette ikkje vert svekka.

Manglande skjøtsel av landskap og manglande tilsyn med fråflytta bygningar, bidreg til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. For å hindre attgroing og sikre at området behold sin karakter av eit fiskarbondelandskap er det viktig at det stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald. Lyngheiene og strandengene er særleg sårbare der det ikkje lenger er beitedyr. På Kinn, Skorpa, Batalden og Hovden er det framleis beitedyr og det er viktig at denne drifta vert vidareført. Gravrøysene er også svært sårbare for attgroing, men også for å bli påverka av utbygging som blir ekstra synleg i det opne landskapet. På Staveneset er det lagt planar for å legge til rette helleristingane for publikum. Helleristingane på Staveneset og på Hovden kan vere utsett for klimapåverknad.

Klimaendringane, med hyppigare stormar og meir nedbør, er eit trugsmål mot bygningar, kaianlegg og andre kulturminne i dette vêrutsette kystområdet.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, er det ynskjeleg å vidareføre eksisterande omsynssoner, og det kan vere aktuelt å syne meir av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringer for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



7. Jølstravatnet

Nikolai Astrup sitt landskap

Sunnfjord kommune

Areal: 146,9 km²

Området ligg i landskapsregionane 22) midtre bygder på Vestlandet og 23) indre bygder på Vestlandet og 17) breene) (Nasjonalt referansesystem for landskap - NIBIO)

PLASSERING

Området omfattar store deler av Jølstravatnet og jordbrukslandskapet som omkransar det.

SKILDRING


Nikolai Astrup sin kunst er uløyseleg knytt til landskapet i Jølster der han vaks opp og budde meste-parten av livet. Landskapet går att i nesten heile produksjonen hans og har vore avgjerande for virke hans som kunstmålar.

Jølstravatnet har ei lengd på om lag 20 km, i tillegg kjem Kjøsnesfjorden som ein utstikkar mot aust. Både Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden er omkransa av høge og bratte fjell, nede langs vatnet er det fleire store skredvifter. Langs Kjøsnesfjorden er dei blankskurte fjellsidene eit markert trekk. På toppane av fjella her kan vi enno sjå dei blågrøne ismassane langs kanten av Jostedalsbreen. Ved Årdal og Ålhus vidar landskapet

seg noko ut med korte dalar som strekkjer seg nordover. Jordbruk har vore, og er, ei viktig næring. Landskapet har vore prega av slåttemarker, styringstre og steingardar. Utmarka og stølsdrifta var viktig. Gardflorar låg i grensa mellom innmark og utmark.

Det bratte terrenget har påverka plasseringa og utforminga av gardstuna. Fram til utskiftinga vart tuna på fleire gardar organiserte som rekkjetun på grunn av terrenget. Tuna vart gjerne plasserte på område som var tørre og der dei ikkje opptok potensiell åkerjord. Det måtte òg vere trygt for ras. Nedanfor tunet låg åkrane, medan slåtteteigar og hamnehagar gjerne låg på oppsida av fjøsbygningane. Det er framleis bevart mykje frå den gamle strukturen. Jølstravatnet var viktig både for ferdsel og for livberginga, jf. dei mange nausta som ligg der.

Nikolai Astrup vaks opp på prestegarden på Ålhus. Han begynte tidleg å måle, og særleg i den fyrste tida henta han motiva sine frå området rundt prestegarden. Etter at han var ferdig utdanna, kom han tilbake til Jølster og vart buande her resten av livet. Det var viktig for han å arbeide med motiva sine der dei var. Etter at han flytte til Sandalstrand på sørsida av Jølstravatnet, vart hagen og nærområdet her eit viktig element i motivkretsen.



Kjøsnesfjorden, ein arm av Jølstravatnet, omgitt av blankskurte fjell. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune



Hagen på Sandalsstrand der Nicolai Astrup budde og virka i mange år, no museumsanlegget Astruptunet. Jølstralandskapet i bakgrunnen. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

Jølstravatnet med dei omkransande fjella er eit sentralt element i landskapet som også er vesentleg i mange av Astrup sine bilete. Dette store landskapsrommet som er oppdelt av ulike jordbrukssteigar og dei gamle gardstuna, var ei viktig kjelde til motiva hans. I mange av bileta møter vi gardstuna med den gamle byggjesikken og kulturlandskapet rundt dei som hovudmotiv, medan det store landskapet dannar bakgrunnen.

I området er det bevart fleire gamle tun med byggeskikk som går langt tilbake i tid, mellom anna delar av gamle klyngetun. Fleire av dei gamle stølsgrendene er bevarte og syner til både Astrup sin kunst og til den tradisjonelle driftsstrukturen i Jølster.

Styvingstrea, høystakkane, frukttre i bløming og bjørkeskogen går att i fleire av dei mest kjende bileta hans. Langs Jølstravatnet finn vi framleis styvingstre, også eit motiv i måleria hans.

Prestegarden på Åhus med sine kvitmåla hus representerer ein annan type tun enn dei tradisjonelle gardstuna i Jølster. Landskapet sett frå prestegarden er eit av hovudmotiva til Astrup. Her er det embetsmennene si verd som vert vist og vi kan sjå det som ein kontrast til måleria av bøndene sine klyngetun. I framstillingane av prestegarden med hagen og landskapet rundt er det Astrup sine minne om barndom-

mens Jølster som vert attskapt. Opplevingsbileta og minna frå barndommen var vesentlege for han og kunsten hans. Han hadde som målsetjing å kunne tolke sine eigne indre bilete i møtet med naturen i Jølster.

Astrup nytta store delar av Jølster som motiv. Nokre område går att i bileta og har truleg vore viktige for han. Garden Sunde på sørsida av Kjøsnesfjorden, der han møtte Engel, som vart kona hans, er eit av desse. Garden ligg ved vatnet med utsikt til fjellet Kollen som han måla fleire gonger.

Fra 1912 budde Astrup og familien på Sandalstrand som ligg i eit bratt terreng på sørsida av Jølstravatnet. Etter at Astrup tok over her, utvikla han plassen til det som i dag er kjent som Astruptunet.

Sandalstrand skulle forsørge familien gjennom tradisjonelt husdyrhald og jordbruk, og vere ein gardshage der vill vegetasjon, bærbusker, frukttre og grønsaker også spelte ei estetisk rolle. Blomstrar var eit viktig element i hagen og i måleria hans. Kombinasjonen av pryd- og nyttevekstar, vill natur, tukta tre og fargar skapte ein kreativ gardshage med røter i Jølster sin jordbrukstradisjon. I tillegg var utsiktpunkta som trekte landskapet inn i opplevinga av Sandalstrand ein viktig del av utforminga av hagen.

I biletreturen frå Sandalstrand er vekstlivet og arbeidet på garden vesentlege motiv for den seine

delen av Astrup sin produksjon. Nabotunet er også med i mange måleri og er eit godt døme på korleis han har integrert utsikta frå sitt eige tun som ein del av opplevinga frå gardshagen. Slik Astrup utforma hagen og brukte han i kunsten, kan vi trekke paralleller til Nolde og Monet som skapte hagar for at dei skulle vere ei kjelde til motiv i deira kunst. Astruptunet slik det er i dag kan sjåast på som ein forenkla versjon av gardshagen frå Nikolai Astrup si tid.

LANDSKAPSKARAKTER

Jølster er eit jordbrukslandskap der mykje av dei gamle strukturane framleis er bevarte. Jølstravatnet er omkransa av fjella som var ramma kring motiva i Astrup sin kunst. Landskapet er variert med eit heller ope landskap i sør og eit meir dramatisk landskap med høge fjell i ein smal dal i Kjøsnesfjorden mot aust. Styvingstre, tradisjonelle klyngetun og nausta ved Jølstravatnet er viktige element i både landskapet og kunsten.

NASJONAL INTERESSE

Nicolai Astrup er ein av dei mest verdsette og folkekjære norske kunstnarane frå tida rundt førre hundreårsskifte. Landskapet rundt Jølstravatnet er den heilt sentrale motivkretsen for kunsten hans der både det store landskapet og det nære var viktig. At landskapet framleis er godt bevart, aukar opplevinga og forståing av kunsten hans. Ved å samanlikna kunsten med landskapet kan ein sjå korleis han formidla si oppleving av det. Utsikta frå den gamle prestegarden på Åhus og frå garden Sunde og hagen på Sandalstrand med utsiktspunkt viser dette på ein sær god måte. Hagen på Sandalstrand er danna i den same tradisjonen som hagane til samtidige kunstnarar som til dømes Monet.

SÅRBARHEIT

Det er ein eigen reguleringsplan med omsynssone over Astrup sin heim på Sandalstrand som tek vare på dei kulturhistoriske verdiene her. Gardshagen på Sandalstrand er under restaurering i tråd med restaureringsforslaget i rapporten *Astruptunet i Jølster*. Nikolai Astrups gårdsdrag i Sandalstrand. Restaureringsforslag. Bygningane i tunet er under istandsetjing i tråd med råda i NIKU sin oppdragsrapport 141/2016 *Astruptunet Sandalstrand, Jølster*.

Innanfor området er det fleire bygningar som er vedtaksfreda og som representerer den gamle byggeskikken i Jølster, Bensentunet, Midttunet, Tegastova Sandal, Sandnes og Kjøsnes. I tillegg vart det freda Frk. Linds hus flytta frå Førde til Åhus på 1930-talet og er ein representant for embetsstanden sine bostadar. Vi finn også to listeførte kyrkjer, Åhus kyrkje og Helgheim kyrkje, innan for området.

Landskapet omfattar litt av yttersona til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Jostedalsbreen

nasjonalpark. Landskapsverdien i desse områda vert tatt i vare gjennom den enkelte verneforskrifta.

Det store landskapsrommet er godt bevart og vil kunne tolke ein del endringar utan at det karakteristiske ved det vert vesentleg redusert.


Jordbrukslandskapet er likevel sårbart for at manglande skjøtsel kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. For å sikre at området beheld sin karakter som jordbruksbygd er det viktig å stimulere til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald med beitedyr for å hindre attgroing. Mellom anna er det viktig å ta vare kunnskap og bruk av styvingstre og historiske hagar, landskapet er sårbart for tap av desse elementa og endring vil redusere opplevinga av det nære landskapet. Landskapet er sårbart for nydyrkning av store område som kan endre landskapskarakter. Landskapet kan også vere sårbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes dominerande infrastruktur og terrenginngrep, som kraftanlegg eller større planerings- og masseyllingstiltak. Ved mindre masseyllingar og jordforbetringstiltak er det viktig at det takast omsyn til det omkringliggende landskapet.

Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår rundt Jølstravatnet. Særpreget og spor etter dei eldre strukturane som t.d. dei eldre gardstuna, steingardar, bakkemurar, tufter, restar etter torvhus, vegfar er sårbart for endring. Dei bratte liene og ulendte områda er sårbare for inngrep.

Dei eldre gardstuna med innmark er særskild sårbare for endring. Når det planleggast for eventuelle nye bygningar eller tiltak knytt til gardstuna er det viktig at det takast omsyn til eksisterande tunstruktur. Det er viktig at det gjerast tilpassing til omgjevnadane og terrenget både med omsyn til volum, materialval og form. Det er også viktig at opplevinga av landskapet ikkje vert svekka ved etablering av evt. nye bygnadar. Særskilt er Åhus prestegard og Sandalstrand sårbart for endring i den eldre tunstrukturen, ei endring vil kunne redusere opplevinga av landskapet som vi finn i Astrup sine måleri

Eit klima i endring er også noko som kan påverke kulturminna i dette landskapet.

For å ta vare på verdiene, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge fôringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



8. Tysselandet og Leitet

Embetsgardar og romantisk landskapspark

Fjaler kommune

Areal: 1,3 km²

Området ligg i landskapsregion 21) ytre fjordbygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap - NIBIO).

PLASSERING

Området ligg langs Dalsfjorden rett før den forgreinar seg til Flekkefjorden. I nord strekkjer området seg fra Tysseberget til Fagervika og i sør vert området avgrensa eit stykke nedanfor Høgeholten. I aust er området avgrensa av Tyssegjelet, medan den vestre delen strekkjer seg mot innløpet til Flekkefjorden. Sørvest i området går Tyssegjelet innover ved Fredensborgåsen.

SKILDRING

Den nordlege delen av området er eit ope fjordlandskap, der fire embetsmannshus ligg på rad med utsikt over fjorden. Ved fjorden ligg naust og sjøbuer som hørde til gardane og var viktige for kommunikasjon og handel. Herskapshusa finn vi på Tysse, Leite, Fagervik og Badeneset. Dei fleste er bygde i første halvdel av 1800-talet og var opphavleg omgitt av tids typiske hageanlegg. I dag finn ein spor etter desse hageanlegga ved alle husa, tydlegast i form av eldre

store tre. Alle husa rettar seg mot fjorden, som var hovudferdselsvegen på den tida, og ligg vakkert til i landskapet.

Den best bevarte av desse eigedomane er garden Tysse. Tysse har røter som storgard tilbake til 1300-talet. Anlegget slik vi ser det i dag vart bygd av Nils L. Landmark. Han vart sorenskrivar i Sunnfjord i 1809 og flytta då hit. I dag vert tunet kalla Lillingstonheimen etter den engelskepresten og språkgranskaren, Claude Lillingston som kjøpte garden i 1880.

Familien Landmark var svært opptatt av jordbruk og å spreia kunnskap om moderne driftsmåtar til bøndene i området. Landmark var ein føregangsmann for modernisering av landbruket. Han bygde opp garden til eit mönsterbruk og la mykje arbeid i å plante frukttrær og andre hagevekstar. Han sette òg i gang med skogplanting. I fleire år vart anlegget drive meir som ein jordbrukskule og fleire unge bondegutar fekk her ei kort opplæring i landbruk. I same opplysningstradisjon var Marie og Barbra Landmark sin husmorskule på nabogarden Leitet.

Tunet på Tysse har hovudhus og tre uthus. Hovudhuset vender seg mot fjorden og er utforma i tråd med stiltrekka til den klassisistiske bergensarkitekturen. Hageanlegget nærmest huset er på sørsida



Hovudbygningen på Tysse, Lillingstonheimen, ligg høgt og fritt over fjorden. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune



Gravplassen til familien Landmark er eit sentralt element i parken på Fredensborg. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune, 2022

prega av den geometriske hagestilen med rette spasergangar og geometriske blomsterbed. Her er det lagt vekt på at menneska skulle ha kontroll over naturen. På nordsida mot fjorden har hagen ein meir open struktur som fylgjer landskapet. Frå hovudhuset er det planta allear langs stiane som går ned til sjøen og bort til stien som i dag vert kalla Filosofgangen. Filosofgangen kryssar det trонge og djupe Tyssegjelet. Her er det tett vegetasjon og store lauvtre som skaper ei næraast mytisk stemning.

Mot Dalsfjorden lengst aust i området ligg det karakteristisk utstikkande Badeneset. Søraust for Badeneset var det ei god hamn og her vart det reist

fleire sjøbuer, og den gamle butikken låg her. Mykje er her godt bevart og viser samanhengen mellom jordbruksbruken og bruken av fjorden til transport og fiske.

Landskapet som omgjev husa i dag er i stor grad det same jordbrukslandskapet som var her på familien Landmark si tid. Med unntak av fylkesvegen er det få store moderne inngrep innanfor området.

På Fredensborgåsen sør-aust for Tysse etablerte Landmark ein romantisk landskapspark som vart brukt til rekreasjon for familien og deira gjestar. Anlegget var i tråd med samtida sine landskapsparkar som var ein stil som kom frå England og vart ei ny hageretting i Noreg på slutten av 1700-talet.

Landskapsstilen sine estetiske prinsipp var i klar motsetnad til tidlegare tider sin geometriske hagekunst og la vekt på å fylgje landskapet og skape ein hage der naturen var arrangert med utsiktspunkt, sitjeplassar og siktlinjer. Målet var å forme naturen slik vi opplever den i eit landskapsmåleri.

Stilen vart svært populære hjå overklassen i Noreg. Hagane vart gjerne utforma av overklassen sjølv, utan bruk av profesjonelle landskapsarkitektar. Stemningsfulle element som kunstig oppbygde ruinar, grotter og «minnesmerke» var viktig for å oppnå den ynska måleriske effekten. Gravplassar kunne også vere viktige element.

Det romantiske ideal var å ha eit mest mogleg urørt, helst vilt og kupert terreng med ein naturleg trebestand som ramme om stiar og andre innslag i anlegget. I mange tilfelle låg dei eit stykke unna hovudbygningen. Der låg dei gamle geometriske hagane framleis att. Dette finn vi også på Tysse. I 1824 fekk Landmark løyve til å anleggje ein privat familiegravplass som vart eit sentralt element i landskapsparken.

Mange av hovudtrekka i parken er bevart. Det oppdemma vatnet er framleis eit sentralt punkt, vegen rundt vatnet er i dag ein sti og ikkje køyrbar. Lyststaden er enno synleg. Frå den går det ein køyreveg med allé opp til gravplassen som er plassert på ei lita høgde. To urner med minneskrift på sokkelen er plasserte med hovudutsikta retta mot tunet på Tysse. At gravplassen er innlemma i parkanlegget og måten den er lagt på, er i tråd med den romantiske landskapshagen sine ideal, og er det best bevarte enkeltelementet i parken i dag.

Fleire av dei bygde elementa i er i dag vekke, men hovudtrekka i anlegget er bevart. Filosofgangen er opparbeidd som tursti bygd på spor i landskapet.

LANDSKAPSKARAKTER

Området er eit ope fjordlandskap med fleire embetshus liggande på rekke mot fjorden med jordbrukslandskap, skog og eit lite sjøhusmiljø. Terrenget er kupert, men opnar seg mot Dalsfjorden. Den romantiske landskapsparken på Fredensborgåsen er ein særmerkt del av landskapet der det oppdemma vatnet og gravplassen til familien Landmark er viktige enkeltelement. Landskapsparken er avgrensa av tett skog som dannar ein kontrast til parken.

NASJONAL INTERESSE

Området er knytt til 1800-talets embetsstand på Vestlandet og viser korleis dei forma landskap og bygningar til både nytte og rekreasjon i tråd med nye måtar å dyrke jorda på og å utforme hageanlegg. Den romantiske landskapsparken er av særskild verdi. Han er vakkert anlagt og av ein type som er sjeldan på Vestlandet. Området under eitt er heilskapleg og med

få nyare inngrep og mykje av dei gamle strukturane i landskap og tuna er godt bevarte. Naust- og sjøbумiljøet er ei viktig kjelde til kunnskap om kor viktig sjøen var som ferdsselsåre.

SÅRBARHEIT


Fagerborgåsen med parkanlegg er eigd av Statsskog og kjøpskontrakta set vilkår for vedlikehald av gravplassen og gjerde rundt parken. Statsskog utarbeidde i 1991 ein skjøtselsplan for parken. Det er behov for å revidere den. Det er lite tilgjengeleg dokumentasjon om anlegget sin historikk og utforming, og i samband med revidering av skjøtselsplanen bør ein også gjennomfører ei hagehistorisk undersøking av anlegget.


Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Til dømes finn vi spor etter dei eldre driftsformene som steingardar bakkeburar, tufter og vegfar. Særpreget og spor etter dei eldre strukturane, dei verneverdige embetsmannshusa med gardstun, sjøhusmiljø, hagar og uthus er sårbare for endring. Området er såbart for modernisering og forenkling av hagar og endringar på bygningane mot Dalsfjorden. Parkanlegget på Fagerborgåsen og gravplassen er såbart for manglande vedlikehald og attgroing. Vegen rundt vatnet har behov for istandsetting og fjerning av noko vegetasjon slik at vatnet kjem betre fram. Det er også behov for tiltak for å hindre at vatnet gror att.

Det er viktig at byggje- og vedlikehaldsplanar for bygningsarven tek høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.

Jordbrukslandskapet er såbart for attgroing og for at manglande skjøtsel kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. For å sikre at området beheld sin karakter som jordbruksbygd er det viktig at det stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald med beitedyr, mellom anna for å hindre attgroing.. Landskapet kan også vere såbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes dominante infrastruktur og terrengrungrep eller større planerings- og massefyllingstiltak. Dersom det planleggast for tiltak som mindre massefyllinger og jordforbetringstiltak er det viktig at tiltaket tek omsyn til og tilpassast det omkringliggende landskapet.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er såbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringer for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltas.





Urnes stavkyrkje med det omkringliggende jordbrukslandskapet. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

9. Lustrafjorden

Fjordlandskapet kring Urnes stavkyrkje

Luster kommune

Areal: 176,4 km²

Området ligg i landskapsregion 23) indre bygder på Vestlandet. (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Lustrafjorden er den inste og nordlegaste sidearmen av Sognefjorden. Området omfattar ei strekning av Lustrafjorden med landareal på begge sider, med Ornes og Solvorn som kjerneområde. Ut over fjorden går området til kommunegrensa mot Sogndal og innover mot innløpet til Gaupnefjorden.

SKILDRING

Dette er eit klassisk fjordlandskap der fjorden er omgjeven av høge fjell. Samspelet mellom den dramatiske naturen og dei busette områda med gardsdrift er karakteristisk. Ved Ornes skifter fjorden retning og neset er eit markant element i landskapet der det strekkjer seg langt ut og er synleg i heile området. Den karakteristiske lyse fargen på fjorden er ei fylge av brevatnet som renn ut i han. Fleire dalføre munnar ut i fjorden, og der landskapet flatar noko ut ligg gardsbruka. Eit karakteristisk trekk er dei store gardane der fleire framleis er i drift.

På Ornes ligg verdsarvstaden Urnes stavkyrkje og området femner heilskapen som omgjev stavkyrkja. Terrenget på Ornes stig regelmessig opp mot flata der stavkyrkja er plassert. Her frå stig terrenget vidare bratt oppover til omlag 930 moh. Landskapet på Ornes er ein mosaikk av innmark med produksjon av gras, bær og frukt, samt busetnad og skogkledd utmark. Busetnaden og innmarka ligg på dei flatare partia, samt på vest- og sørsida av neset.

Stavkyrkja låg tett på garden Urnes, og var synleg på god avstand i det som tidlegare var eit ope jordbrukslandskap. Utskiftingkartet frå 1865 viser plasseringa av kyrkja rett nord for tunet der ho heva seg over bygningane i tunet. Kyrkja var truleg ei høgendekyrkje. Det vil seie at ho høyrd til garden Urnes som i mellomalderen var ein mektig gard. Det store tunet var plassert sør og aust for kyrkja. Etter utskiftinga flytta fleire bruk ut av tunet og etablerte seg med eigne tun, omgjevne av innmarka aust for kyrkja. Denne strukturen er framleis bevart. Bygningsmassen og innmarka er særskilt godt bevart.

Nede ved fjorden ligg fleire gardsbruk, også her er mykje av den eldre bygningsmassen bevart, samt innmark og både nyare og eldre frukthagar. Ytst på neset ligg ferjekaien og ei eldre naustrekke. Her har det sannsynlegvis vore landingsplass for båt i lang tid.

I tunet på Nedre Bugge ligg gravhaugen Skipshaug, tidfesta til yngre bronsealder og det eldste gravminne på Ornes. Han er i dag lite synleg, men har tidlegare vore eit markert element i landskapet. Lengre sør på neset ligg Ragnvaldshaug som er frå eldre jernalder. Denne er framleis godt synleg. Både Skipshaug og Ragnvaldshaug kan sjåast på som ei territoriemarkering, begge hadde ei tydeleg plassering mot sjøen.

Ved den gamle vegen fra fjorden opp til garden og kyrkja står bautasteinen Høgesteinen. Steinen står sannsynlegvis på sin opphavlege plass og vart truleg reist i yngre romartid/folkevandringstid. Då det var vanleg å plassere bautasteinar langs vegar, er det sannsynleg at gamlevegen er like gammal eller eldre enn bautasteinen. På same måte som gravhaugane, fungerer bautasteinen som ein territoriemarkør som knyter tunet til vegen og fjorden.

Lengst nord i området på sørsida munnar Krokdalen ut. Her flatar terrenget ut og gav gode forhold for jordbruk. Her ligg fleire gardar som har vore i bruk over lang tid. Gravrøyser frå jernalderen ved både Ytre og Indre Kroken vitnar om det. Ytre Kroken var ein storgard som i 1764 kom i offisersfamilien Munthe sitt eige. På byrjinga av 1800-talet vart garden ein møtestad for kunstnarar.

Tettstaden Solvorn ligg vis a vis Ornes og er ein viktig innfallsport til verdsarvstaden Urnes stavkyrkje. Solvorn har ei lang historie som strandstad med

busetnad tilbake til vikingtida. Her var det ei naturleg hamn som vart nytta av gardane på Hafslo og Mollandsmarki i tillegg til dei i Solvorn. I løpet av 1600-talet utvikla Solvorn seg til ein tettstad, med handelsstad, skysstasjon, og etter kvart gjestgjevard og tingstove. På allmenningen nede ved Strondi bak nausta vaks det fram eit strandsitjarmiljø med små, enkle husvære og uthus. Solvorn vart stadig viktigare som knutepunkt og etterkvart vart det bygd rekjer av sjøhus på bolverk utover sjøen.

I 1813 vart sorenskrivaremabetet for Indre Sogn flytta frå Sogndal til Solvorn og sorenskrivargarden Christianelyst vart bygd. Christianelyst avgrensar tettstaden mot sør, medan Walaker hotell avgrensar tettstaden mot nord. På oppsida av vegen bak strandsitjarhusa vakst det på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet fram eit nytt belte av frittliggende einebustadar, mange av dei i sveitserstil.

I mellomalderen stod det ei stavkyrkje i Solvorn, omtala i skriftlege kjelder frå før 1340. Stavkyrkja stod truleg ved den gamle kyrkjegarden rett sør for dagens kyrkje. Den gamle kyrkjegarden er framleis bevart og frå den er det gode siktlinjer til Urnes stavkyrkje.

Rundt Solvorn er det eit aktivt og godt bevart jordbrukslandskap med eldre gardstun. Høgdegardane på Mollandsmarki omkransa av innmark er eit viktig element i landskapet og viktige opplevelingselement sett frå stavkyrkja.



Naustrekke i Solvorn. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

LANDSKAPSKARAKTER

Lustrafjorden omkring Ornes er omkransa av høge og bratte fjell. Den lyse fargen på fjorden er eit karakteristisk trekk ved landskapet. Det ligg gardsbruk i munningane av dalane som strekkjer seg frå fjorden og innover fjellet. Gardsbruk ligg òg på hyller over fjorden. Det kraftig framstikkande Ornes er godt synleg både utover og innover fjorden. Her er Urnes stavkyrkje plassert på ei flate før terrenget stig bratt opp mot fjellet. På vestsida av fjorden i ei stor vik ligg strandsitjarstaden Solvorn omkransa av fjell som avgrensar landskapet mot vest.

NASJONAL INTERESSE

Det storslegne fjordlandskapet rundt verdsarvstaden Urnes stavkyrkje bidreg til opplevinga av stavkyrkja og gjev ei betre forståing av den samanhengen ho var ein del av.

Gardsdrifta og ferdseLEN på fjorden har vore avgjande for velstand og en makkonsentrasjon som gjorde at ein allereie på 1000-talet kunne bygge den første stavkyrkja på Ornes. Fjordlandskapet er vakkert og framleis godt bevart. Spesielt gardsbruken på Ornes er viktige for heilskapen i omgjevnadane til stavkyrkja. Samspelet mellom Solvorn og Ornes er ein viktig del av opplevinga av landskapet. Solvorn er eit særskilt godt bevart kulturmiljø som vitnar om utviklinga over lang tid av ein tettstad langs fjorden som var viktig for ferdseLEN lokalt og utover mot Bergen og andre stader.

SÅRBARHEIT

Urnes stavkyrkje vart innskriven på UNESCO si verdsarvliste i 1979. Innskrivinga gjeld berre kyrkja med kyrkjegarden, men innskrivingsteksten framhevar kor viktig samanhengen med landskapet rundt er. Kyrkja er automatisk freda i medhald av kulturminnelova. Gjeldande reguleringsplan har som føremål å «sikre Urnes stavkyrkje verdige og vakre adkomsttilhøve og omgjevnadar, i eit aktivt jordbrukslandskap.» Dette vert styrt ved hjelp av fleire spesialområde som skal ta vare på det nære landskapet til kyrkja.

I Solvorn er alle husa på sorenskrivargarden Christianelyst freda i medhald av kulturminnelova, og sjølv tettstaden er regulert til bevaring.

Luster kommune vedtok i 2023 Kommunedelplan for buffersona til Urnes stavkyrkje. Grensene for kommunedelplanen korresponderer med grensene for KULA-området og landskapsverdiane er ivaretatt gjennom føringane i kommunedelplanen.

Innanfor området ligg Buggastrondi naturreservat. Føremålet med forskrifa er mellom anna å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur i form av kalkfuruskog og rik edellauvskog med bekkekløftmiljø. Loi naturreservat ligg også innanfor området, føremålet med denne fredinga er å ta vare på eit skogområde med spesielle naturtypar, med heile

mangfaldet av artar og vegetasjonstypar og alle naturlege økologiske prosessar. Området vert forvalta etter verneføreskriftene for naturreservatet. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyremakt. Vidare er heile Sognefjorden foreslått som marint verneområde.

Større endringar av jordbrukslandskapet kan føre til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Området vil mellom anna vere sårbart for attgroing, og difor er husdyrhald med beitedyr viktig for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbruksbygd. Landskapet kan også vere sårbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes dominerer infrastruktur, terrenginngrep eller større planerings- og masseyllingstiltak. Ved mindre masseyllinger og jordforbetringstiltak er det viktig at tiltaket tilpassast omkringliggende landskap.

Turisme i stort omfang kan også føre til auka press på natur og kulturminne på sikt.


Kulturminna kan vere sårbare for aktivitet knytt til formidling og oppleving av området. Informasjon om og synleggjering av kulturminna, i form av skjøtsel, skilting og tilrettelegging, vil kunne hindre skade på kulturminnelokalitetane, og det er viktig at tiltak tek utgangspunkt i kunnskapen om verdiar i landskapet og kulturminna.

Dei mange gardsbruken med eldre bygningsmasse på Ornes og Solvorn er særleg sårbar for endringar. Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området, bygningane, steingardar, bakkemurar, tufter, vorrar, vegfar, innmarka og frukthagar er nokre av desse spora og er sårbar for endringar som kan forringe deira kulturhistoriske verdi.

Bygdene som ligg i landskapet er sårbar for fråflytting som følgje av manglande infrastruktur knytt til ferje og veg.

Bygningsstrukturar er sårbar for eit klima i endring, i samband med bygge- og vedlikehaldsplanar er det viktig å ta høgde for dette, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast. I området som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til bustadbygging må ein ved utarbeiding av reguleringsplan legge inn føresegner som tek omsyn til landskapet og stavkyrkja.



10. Hyllestad

Kvernsteinslandskapet

Hyllestad kommune

Areal: 104,3 km²

Området ligg i landskapsregion 21) ytre fjordbygder på Vestlandet. (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Området omfattar Åfjorden – Hyllestadfjorden og landskapet rundt. Fjorden går austover frå kysten rett nord for Sognefjorden.

SKILDRING

Området rundt Åfjorden er eit ope fjordlandskap omkransa av låge avrunda fjell. I aust deler fjorden seg i Hyllestadfjorden og Sørefjorden. Dei to fjordarmane er skilde av det langstrakte karakteristiske Katleneset innerst i fjordbotnen der kommunesenteret Hyllestad ligg. Lihesten skil seg ut som eit viktig landemerke.


I strandsona og inne i dei små dalane og vikene ligg ei rekke eldre gardsbruk. Menneska her levnærte seg i hovudsak av jordbruk og fiske, i tillegg til kvernsteinsproduksjonen. I Hyllestadvikja, nord for dagens sentrum, ligg det gamle sentrumet med eit heilskapleg og særprega bygningsmiljø med naust, sjøbuer, dampskipskai og fleire eldre bustadhús.

Mykje tilgang til granatglimmerskifer saman med gode forhold for utskiping og transport gjorde området godt eigna til produksjon og eksport av kvernstein. Granatglimmerskifer er ein skifrig, mjuk stein full av harde granatar, veleigna til kvernstein.

Produksjonen av kvernstein i Hyllestad har ei tidsdjupn på 1300 år med spor etter aktivitet frå 700-talet og fram til 1930-talet. Det vart i hovudsak laga to typar, handkvernstein og vasskvernstein. I mellomalderen vart det også laga steinkrossar. Fleire bevarte steinkrossar på Vestlandet frå 900- til 1200-talet skriv seg frå Hyllestad, mellom anna to i Eivindvik og tre i Hyllestad. Steinkrossane var truleg spesialbestillingar frå mektige kundar. Det er også funne spor etter plater, trau, mortarar, ljoresteinar og ulike heller.

Kvernsteinverksemda har sett tydelege spor i områda for produksjon og i fjorden der ein skipa ut kvernsteinen. Dei største brota finn vi ved Myklebust i Hyllestad sentrum og på Rønset. Dei ferdige kvernsteinane vart skipa ut frå kaiar fleire stadar langs Åfjorden til marknadane ute i Europa. Vi finn spor i form av kaiplassar, tapte kvernsteinar og ballaststein på fjordbotnen.

Dei eldste synlege brota finn vi på Otringsneset og Sæsol, daterte til 700-talet. Dette er nok likevel ikkje dei eldste produksjonsspora, dei er dekt til med produksjonsavfall og er ikkje undersøkte. I dei store brotområda kan vi sjå utviklinga av teknikken med å ta ut kvernstein i eit langt tidsrom. Utviklinga har i grove trekk gått frå hogging av emne til handkverner i grunne brot fram til rundt 1100-talet, til djupare brot og meir effektiv produksjon av vasskvernstein. Før 1600-talet var det truleg slutt på hogginga av emne rett frå fjell, og utover 1700-talet vart det vanleg med sprenging. Innanfor området finn vi gode døme på dei ulike fasane av utvinninga.



Utsikt frå det gamle kommunesenteret i Hyllestad. Lifjellet midt i biletet. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune



Kvernsteinsbrot på Myklebust med emne til kvernstein liggjande ved siden av. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune 2021

Kvernsteinsparken er lokalisert nær kommunesenteret og tilrettelagt for at ein kan oppleve delar av kvernsteinsbrota på Myklebust. Her er delar av terrenget prega av store avslagshaugar og bekkeløpet er fylt med kvernsteinsemne og avslag. Tydelege spor etter drift ser ein i brotveggar, lause emne og store avslagshaugar. Ved Myklebustneset ligg det kvernsteinar i sjøbotnen som vitnar om utskipinga av kvernstein.

Garden Sæsol ligg på ein ås i eit ope småkupert terrenget med visuell kontakt med Hyllestadfjorden og Sørefjorden. I dette området har ein dei eldste dateringane av steinbrota i Hyllestad.

På strekninga Rønset – Otringsneset finn vi den tettaste koncentrasjonen av spor etter kvernsteinsproduksjon. Området har både nokre av dei eldste, og dei fleste av dei yngste steinbrota i Hyllestad. Omfanget her har vore så stort at landskapet er endra og spora etter drifta er framleis synlege. I området Rønsetlia-Berge finn vi dei yngste produksjons-plassane. Her tok ein i bruk ny teknologi ved at ein sprengde ut steinblokker i fjellet med krut og så hogg ut kvernsteinane frå desse blokkene. I brota frå 1600- og 1700-talet finn vi borehol for sprenging og store blokker som vart hogd til vasskvernstein.

Ved Rønsetklubben nede ved fjorden finn vi ein annan stor koncentrasjon med mange «grunne» brot med uttak av handkvernstein som kan vere særsgamle. Her finn vi også ein del av ein gammal brotveg og spor etter både båtfeste og kaianlegg som tyder på at

det har vore ein utskipingsstad her. I fjorden er det gjort funn av kvernstein og skrapstein ved Rønsetklubben og funn av kvernsteinar ved Stuberget. I svaberget på Otringsneset er det hogge ut fortøyingsringar som vitnar om at dette har vore ein viktig utskipingsplass.

Området som heilskap utgjer ei unik samling av kulturminne knytt til kvernsteinsproduksjon over eit svært langt tidsrom. Rønset/Otringsneset og Myklebust er dei to stadane i KULA-området som er rikast på kulturminne etter utvinninga. Her er det ei mengd brotveggar, avslagshaugar, brotgroper, rest etter brotveg, tre utskipingshamner, samt tydelege merke i fjellet etter kvernsteinsutvinninga. Kvernsteinsproduksjonen her har forma landskapet og ein ser tydeleg omfanget av den tidlegare aktivitetten.

Kvernsteinslandskapet i Hyllestad er prega av dei mange store og små steinbrota, og viser utviklinga av produksjonsteknikken frå 700-talet og fram til moderne tid. Området har ca. 400 steinbrot av ulik storlek, frå små brot med nokre få uttaksspor der ein har hogd ut runde omriss for å kile ut handkvernstein, til djupe og høge brot der ein har tatt ut mange tusen Stein til både handkvern og vasskvern. Ved steinbrota er det steinskrot i store haugar frå drifta, det er vegar, stiar, murar, ruinar og utskipingshamner, samt mange tusen kvernstein som gjekk sund og ligg att i terrenget. Det er også restar av smier, forhogd gjarnet måtte skjerpast med jamne mellomrom.

LANDSKAPSKARAKTER

Kvernsteinsbrota ligg i eit ope fjordlandskap. Fjorden dannar botnen i landskapsrommet og er omgjeven av låge fjell med mjuke og slake former. Landskapet er bygd opp av steinsorten granatglimmerskifer som var svært ettertrakta som kvernstein for å male korn. Utvinninga av kvernstein har sett eit stort preg på delar av landskapet og i enkelte område gjort vesentlege endringar på det. Fjorden har til alle tider vore viktig for ferdsla. Plasseringa av steinbrota i dette landskapet viser tydeleg korleis geologien og fjorden saman gjorde det mogeleg å drive storskala produksjon av kvernstein og å transportere produkta ut til resten av Europa.

I tillegg til kvernsteinsbrota har den tradisjonelle landbruksdrifta sett sitt preg på landskapet, med naust, innmark, tun, utmark og stølar.

NASJONAL INTERESSE

Landskapet er heilskapleg med intakte kulturminne som pregar eit stort areal. Den høge alderen, den lange brukstida og storleiken på kvernsteinsbrota og samspelet mellom brota og landskapet er spesielt. Kvernsteinsbrota i Hyllestad er Nord-Europas største steinbrotlandskap frå yngre jernalder og mellomalder. Dette var eit av Noreg sine tidlegaste industriføretak, med eksport til store delar av Europa. Det fortel om organisert handel tilbake til vikingtida og tidleg mellomalder. Området er lett lesbart og ei god kjelde til kunnskap.

Landskapet har og ein stor variasjonsrikdom med naustmiljø, kyrkjestedar jordbruk og utmark.

SÅRBARHEIT

Innanfor området er det tre lokalitetar som er verna i medhald av naturmangfaldlova; Aksevatnet, fuglefredingsområde, Rønset naturreservat for edellauvskog og Ørnaholmane naturreservat for sjøfugl. Desse vert forvalta etter fredingsforskrifta og forvaltingsplanar med statsforvaltaren som forvaltningsstyremakt. Vidare er heile Sognefjorden med fjordarmar foreslått som marint verneområde.

Kvernsteinsbrota har blitt vurdert til kulturminne av internasjonal interesse og er på UNESCO si tentativa verdsarvliste, nominert som ein del av den transnasjonale «Viking Monuments and Sites» (2011) nominasjonen.

Landskapet er svært godt bevart og med unntak av området ved kommunenesenteret er det lite prega av store moderne utbyggings. Delar av området er prega av attgroing og mange av brota er dermed vanskelege å sjå i terrenget. Fleire av brotområda var tidlegare beite- og slåttelandskap, og saman med skogsdrift har aktiviteten forandra og i nokon grad øydelagd eldre stiar og smale vegar knytt til drifta av kvernsteinsbrota.

Det er bevart få utskipingshamner og det er difor viktig å skjerme dei attverande for nye inngrep. I strandsona er utvasking av skrotmassar som følgje av flodbølger ein trugsel for kulturminna i fjærsona.

Kommuneplan for Hyllestad 2009–2020 legg til rette for at vidare forvaltning og arealplanlegging skal ta omsyn til kvernsteinsbrota i samsvar med forvaltningsplanen for kvernsteinsbrota i Hyllestad. I gjeldande kommuneplans arealdel er fleire område med førekomst av steinbrot markerte som område med retningslinjer (LNF-område med kulturminne). I Kulturminneplan for Hyllestad kommune 2021–2024 er Kvernsteinsbrota eit av dei prioriterte kulturminna i kommunen.

Jordbrukslandskapet er sårbart for at endringar som kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Området vil mellom anna vere sårbart for attgroing, og difor er husdyrhald med beitedyr viktig for å hindre attgroing og sikre at området knytt til kvernsteinsverksemda vil vere lesbart, også i framtida.

Landskapet er sårbart for tiltak som vil kunne påverke heilskapen og dei kulturhistoriske verdiane negativt. Strukturen i eldre gardstun og naust/sjøhusmiljø er sårbare for nedbygging, forfall og klimatruslar. Ved eventuell etablering av nye bygningar knytt til gardsdrifta eller sjøhusmiljøa er det mellom anna viktig å ta omsyn til eksisterande struktur og ta omsyn til sentrale kulturhistoriske verdiar i landskap og kulturmiljø.

Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området; Steingardar, bakkemurar, tufter, vegfar, landingsplassar for båt er ein viktig del av det heilskaplege landskapet, og er såleis sårbare for endringar.

Landskapet er sårbart for inngrep og utbygging, særskilt er område omkring steinbrota svært sårbare for tiltak som kan komme i konflikt med dei kulturhistoriske verdiane.

Kulturminna kan vere sårbare for aktivitet knytt til formidling og oppleveling av området. Informasjon om og synleggjering av kulturminna, i form av skjøtsel, skilting og tilrettelegging, vil kunne hindre skade på kulturminnelokalitetane, og det er viktig at tiltak planleggast og utførast med utgangspunkt i kunnskap om landskapet, og på kulturminna sine premissar.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynspona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



11. Høyanger

Vasskraftlandskapet

Høyanger og Sogndal kommunar

Areal: 171,3 km²

Området ligg i landskapsregionane 15) lågfjellet i Sør-Norge og 22) midtre bygder på Vestlandet
(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Området strekkjer seg frå den smale Høyangsfjorden som er ein arm av den ytre delen av Sognefjorden og mot fjellområda som omkransar fjorden austover mot Balestrand. Området omfattar fjordbotnen og tettstaden Høyanger og dalen innover mot fjellet. Aust og vest for daldraget inngår store fjellområde med mange regulerte vatn.

SKILDRING

Høyangsfjorden er omkransa av høge fjell med bratte sider. I fjordbotnen ligg tettstaden Høyanger med kraftverk og industrianlegg. Frå tettstaden går Dalsdalen innover med Daleelva i botn. Oppe på fjella er det ei rekke større og mindre vatn, og opphavleg var

det fleire fossar ned til dalen. Før 1916 var dette eit tradisjonelt jordbrukslandskap der gardane låg nede i dalen, ved fjorden eller på hyller oppe i fjellsida. Ved fjorden var det tre gardar og det budde om lag 120 menneske i området. Drifta av gardane var den tradisjonelle for Vestlandet med ein vertikal driftsstruktur med utstrekkt bruk av fjellområda til beite, stølsdrift, jakt og fiske.

Med utbygginga av kraft- og industrianlegga i Høyanger endra landskapet seg både ved fjordmunningen og oppe i fjella. Infrastrukturen til kraft- og industriutbygginga førte med seg synlege røygater, kraftlinjer, trapper, trallebaner, vegar, stiar, dammar, brakker og andre tekniske installasjoner. Ein del av den gamle bruken av landskapet forsvann. Med oppdemming av vatna vart fleire stølsvollar sette under vatn og ein måtte flytte stølsdrifta til andre stadar i fjellet. Nokre frie fossefall forsvann. Ein del av gardsdrifta vart vidareført, i hovudsak oppe i liene og innover Dalsdalen. Fjella vart framleis nytta til beite, støling og til jakt og fiske for bøndene. Hovudtrekka



Delar av området sett frå Grimsosen. Tettstaden Høyanger med fabrikkanlegga nede ved fjorden. Lenger innover dalen er Daleelva, og lengst bak i biletet ser vi røygata og trallebana til Kraftstasjon 2. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

med den smale fjorden og dei bratte fjella er som før, men landskapet har fått tilført til dels store installasjoner som har endra det til eit kombinert jordbruks- og kraftlandskap. Dei største endringane var ved fjellvatna som vart oppdemma og i fjordbotnen der tettstaden Høyanger vart etablert.

Den djupe Høyangsfjorden gav gode forhold for å etablere ein djupvasskai. Dette gjorde transporten av råmateriale og eksporten av ferdig aluminium lett. Kombinasjonen av vassressursane og høve til transport sjøvegen var vesentleg for at ein kunne etablere industristaden Høyanger i ei tid der ein måtte nytta krafta lokalt. Kraftverka og industriverksemda er framleis hjørnestenen i Høyangersamfunnet.

Historia om Høyanger som industristad startar i 1899 då ingeniør Einar Ramsli og arkitekt Sigurd Lunde sikrar seg vassrettane i Øyrevassdraget. Dette kjøpet markerer starten på kappløpet om vasskrafta ved Høyangsfjorden. I tida 1906–1915 sikrar konsul Harald Larsen seg alle vassrettane og startar opp arbeid med planar for vasskraftverk og industri. I 1916 startar det nyetablerte firmaet AS Høyangfaldene, Norsk Aluminium Company (NACO) opp arbeidet med bygging av kraft-, fabrikk- og byanlegg, samstundes som ein endrar namn på staden frå Høyangsfjorden til Høyanger. Den første provisoriske kraftstasjonen vart bygd på Hjetland i 1916, og i 1917 er første byggetrinn på dei permanente kraftanlegga ferdig. Dette anlegget bestod av Grimsosdammen og Kråkosdammen med røyrgater, trallebane og trapp ned til Kraftstasjon 1. I november 1917 var aluminiumsfabrikken ferdig og elektrodefabrikken startar produksjon av anodekol. Støyperiet stod ferdig i 1918 og prøveproduksjonen starta opp, men grunna manglende råstofftilgang vart det ikkje vanleg produksjon før i desember 1919. Fabrikkanlegga er gjennom tidene utvida og oppgraderte.

Kraftproduksjonen er utvida fleire gonger. Første utviding var bygginga av Kraftanlegg 2 i 1937–38. Kraftanlegg 2 førte til store endringar i landskapet i Dalsdalen for å bygge dei omfattande anlegga i fjellet. Anlegget består av trallebane, røyrgater, vegar og dammar. Kraftstasjon 3 og Kraftstasjon 4 vart bygd i Norddalen. Lukehusa og ulike sikringstiltak i samband med dammane er andre synlege kulturminne i landskapet som fortel om kraftutbygginga.

Slik det etter kvart vart vanleg, har ein ved seinare kraftutbyggingar også i Høyanger lagt mykje av anlegga inne i fjella og med unntak av dam- og veg-anlegg er desse lite synlege i landskapet. Krafta som vert produsert i Høyanger vert i hovudsak brukt lokalt og linjetraseane rettar seg difor i hovudsak frå kraftstasjonane til fabrikkanlegga og tettstaden.

Høyanger gjekk frå å vere eit jordbrukslandskap til ein tettstad med ein planlagt bystruktur, industri- og kaianlegg. Med etableringa av tettstaden Høyanger



Ei av røyrgatene i fjellet. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

kom den moderne byplantankegangen til Sogn og Fjordane. Det arkitekttteikna bustadområdet Parken vart den første hagebyen i Sogn og Fjordane. I tettstaden er mykje av Egne hjem- bustadane bevart som eit heilskapleg område. I planlegginga var ein oppteken av at tettstaden skulle ha ein vakker utsjånad og NACO nytta fleire av samtidia sine kjende arkitektar både til byplanen og til å teikne dei ulike husa. I Høyanger var det kraft, industri og produksjon som var det vesentlege for dei som bygde opp samfunnet. Noko som kan illustrerast med at det ikkje kom kyrkje i Høyanger før i 1960, medan Folkets Hus vart tatt i bruk i 1917.

LANDSKAPSKARAKTER

Landskapet er karakterisert av den svært smale Høyangsfiorden omkransa av dei høge og bratte fjella. Tettstaden Høyanger ligg ved botnen av fjorden og vert delt av Daleelva som renn ut i fjorden. Dei synlege røyrgatene til Kraftanlegg 1 og 2 er svært markerte industriminne i landskapet som bind tettstaden saman med høgfjellet. Røyrgatene er vesentlege for å forstå grunnlaget for etableringa av tettstaden ved fjorden.

Oppå fjellet er det dei regulerte vatna og store damanlegga, kraftlinjer, vegar, hytter og andre installasjoner som fortel om kraftutbygginga. Kraftanlegg 3, med kraftstasjon, røyrgate, demning og kraftlinjer står som eit minne om kraftproduksjonen oppe på høgfjellet.

NASJONAL INTERESSE

Området er eit framståande døme på eit heilskapleg industri- og vasskraftlandskap etablert i den tidlege og viktige perioden med kraftutbygging og kraftkrevjande industri i Noreg, og med vidare utbyggingar framover på 1900-talet. Samanhengen mellom landskapet, kraftanlegga og den kraftkrevjande industrien er svært lett lesbar. Vi kan her tydeleg sjå korleis naturtilhøva har gjort det mogleg å etablere ein tettstad på ein plass der det elles ikkje var naturleg å legge nokon tettstad. Området viser gangen i vasskraftproduksjonen frå regnet fell ned i fjella, oppsamling av vatn i magasina, røyrgatene med tilhøyrande installasjoner som fører vatnet ned til kraftstasjonane som igjen fører krafta til fabrikken og eksporten av aluminium ut i verda.

SÅRBARHEIT

Ein del av røyrgater, trapper og trallebaner har omsynssone c) i gjeldande arealdel til kommuneplanen. I tillegg er delar av sentrum i tettstaden regulert til bevaring og inngår i NB!-registeret. Bustadområdet Parken er freda i medhald av kulturminnelova. Sognefjorden med fjordarmane er foreslått som marint verneområde.


Landskapskarakteren i seg sjølv er ganske robust, men ved fjerning av synlege røyrgater, kraftstasjonar og andre installasjonar knytt til kraft- og industriutbygginga vil karakteren som industrilandskap bli forringa.

Endringar i kraftproduksjon og nye kraftanlegg med stenging av dei gamle anlegga er i dag den største trusselen mot området som eit vasskraftlandskap. Krav i konsesjon om å rydde opp anlegg som ikkje er i bruk, vil kunne føre til at lesbarheita i dagens kraft- og industrilandskap vert forringa. Det er viktig at ein er varsam med å etablere nye store strukturar i landskapet som vil forringe kulturmiljøet til vasskraftutbygginga. Landskapet er sårbart for utviding og oppgradering av vasskraftanlegga, det er difor særskilt viktig at ein også bevarer dei mest vesentlege elementa frå den tidlegare vasskraftutbygginga som til dømes røyrgatene med trapper og trallebaner og eldre kraftstasjonar, samt eldre infrastruktur i fjellet som dammar, vegar og lukehus.

Landskapet er også sårbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes dominerande infrastruktur og terrenghinngrep, som vindkraftanlegg eller større planerings- og massefyllingstiltak. Ved mindre massefyllingar og jordforbetringstiltak er det viktig at tiltaka tilpassast det omkringliggende landskapet. Dei kulturhistoriske verdiane kan også vere sårbare for etablering av nye vasskrafttiltak, også her er det viktig at tiltak tilpassast verdiane i landskapet og i størst mogleg grad formast slik at viktige kulturhistoriske og landskapsmessige kvalitetar og samanhengar vert vidareført.

Verneverdig bygningsmasse knytt til vasskraftutbygginga og stølsområda er også sårbar for endringar. Kulturminna i fjell- og stølsområda kan vere sårbar for aktivitet knytt til ferdsel, bruk og oppleving. Informasjon om og synleggjering av kulturminna, i form av skjøtsel, skilting og tilrettelegging, vil kunne hindre skade på kulturminnelokalitetane, og det er viktig at tiltak gjerast med utgangspunkt i kunnskap om landskapet og kulturminna, og deira premissar. Området vil også vere sårbart for attgroing, og difor er husdyrhald med beitedyr viktig fo å hindre attgroing.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbruken, er det viktig å vidareføre gjeldande omsynssone c) for røyrgater, trapper og trallebaner og delar av sentrum. I tillegg kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringerar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.





Villa Nordlandsheim, ein av kunstnarvillaene i Balestrand, med Sognefjorden i bakgrunnen. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

12. Balestrand og Vangsnes

Dei første turistane sitt landskap

Sogndal og Vik kommunar

Areal: 192,4 km²

Området ligg i landskapsregion 23) indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap - NIBIO)

PLASSERING

Området omfattar fjordlandskapet i midtre del av Sognefjorden med Balestrand og dei to fjordarmane Esefjorden og Fjærlandsfjorden på nordsida. Litt inn i Fjærlandsfjorden forgreinar den seg att i dei to fjordarmane Sværefjorden og Vetlefjorden. Vangsnes ligg på sørsida og stikk markant ut i Sognefjorden.

SKILDRING

På 1800-talet kom dei første turistane til Noreg. Omlag samstundes byrja kunstnarane å reise i landet. I 1875 kjem det eit stort skifte i turismen, då Thomas Cook arrangerte den første selskapsreisa langs Norskekysten. Heilt frå byrjinga var Sognefjorden av dei aller viktigaste reisemåla for turistskipa. Dåtida sitt romantiske natursyn heldt den vestlandske naturen med ville og bratte fjell, brear, tronge fjordar og høge fossefall for vakker og sjåverdig. Dei midte og indre delane av Sognefjorden var, og er, eit landskap som representerer alt dette.

Balestrand og Vangsnesområdet er eit klassisk fjordlandskap med høge fjell og djup fjord, prega av den tradisjonelle gardsdrifta langs fjorden. Landskapet er vakert og variert. Turistane kunne oppleve det opne gjestmilde fjordlandskapet, med den smale Esefjorden som kontrast. Esefjorden var eit lett tilgjengeleg dramatisk landskap som passa godt for turistane og kunstmålarane.

Området har ei stor tidsdjupn, noko som mellom anna syner att i Belehaugane og gravhaugane på Vangsnes. Spor etter busetjing, gravfelt, gravrøyser, gravhaugar og båtstører syner til den lange bruken av området og koplinga mellom fjorden, strandsona og fjella. Jordbrukskulturen har til alle tider vore vesentleg for busetnaden og langs fjorden er det framleis mange eldre gardsbruk. Ein del av dei er framleis i drift og kulturlandskapet er godt bevart.

Balestrand vart tidleg eit viktig mål for dei utanlandske turistane. Den tyske keisar Wilhelm II ferierte her i mange år. Med han kom det mange andre turistar og journalistar fra Europa, og hans besøk bidrog sterkt til marknadsføringa av Vestlandet til resten av Europa. Innbyggjarane i Balestrand såg at turistane kunne vere ei god tilleggsnæringsveg og tilbaud etter kvart overnatting, mat og suvenirar. Turismeverksamheten sette tydelege spor i landskapet. Dette ser vi best i Balestrand som utvikla seg frå ei lita bygd på byrjinga av 1800-talet til ein fullt utbygd turiststad

med fleire hotell i sveitserstil, butikkar, kafear og dampskipskai på slutten av 1800-talet.

På slutten av 1800-talet oppheldt mange kunstnarar seg i Balestrand i kortare eller lengre periodar, primært om sommaren. Her hadde dei tilgang til gode motiv og ei stor kjøpargruppe i turistane. Då målaren Eilert Adelsteen Normann i 1892 bygde sommarhuset sitt, Villa Normann, markerte det byrjinga på ein fast etablert kunstnarkoloni i Balestrand. Kunstnarkolonien sine dragestilhus langs Sognefjorden og Esefjorden er framleis godt bevarte og eit karakteristisk trekk ved Balestrand. Kvinknes hotell og Den engelske kyrkja er andre særmerkte bygningar som er tett knytt til utviklinga av Balestrand som turiststad.

Utanfor tettstaden Balestrand er jordbrukslandskapet framleis prega av utforminga av landbruket etter utskiftinga på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet. På Hella finn vi fleire høgdegardar som er eit viktig visuelt element i landskapet. Fjorden var viktig både som ferdsselsveg og for fiske, noko dei eldre nausttrekkjene og enkeltståande naust vitnar om Klimaet er godt eigna til dyrking av frukt og bær, og ein starta tidleg med fruktdyrking. I dag er det ei rekke frukthagar i området. Bær vert i dag mange stadar dyrka under tunellar i plast. Dette set også preg på landskapet, spesielt på Vangsnes der omfanget er stort.

Vangsnes er ei stor og frodig halvøy på sørsvaen av Sognefjorden og ligg rett ovanfor innløpet til



Fridtjofstatuen på Vangsnes er plassert godt synleg med utsikt over fjorden. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

Fjærlandsfjorden. Det karakteristiske smale neset var eit viktig mål for mange av turistane på 1800-talet, spesielt dei tyske. Dette kom av at forfattaren Esaias Tegnér i 1825 gav ut diktsyklusen *Friðtjofs saga* som vart svært populær i Europa og spesielt i Tyskland. Forteljinga hadde store delar av handlinga si lagt til Vangsnes, der Vangsnes var heimen til Fridtjof. Mange av dei tyske turistane ville sjå heimstaden til Fridtjof og å passere Vangsnes var ein viktig del av reisa.

Keisar Wilhelm var svært oppteken av sagaene, det norrøne og ideen om at nordmenn var ein del av det felles germanske folket. Tegnér si *Frithiof saga* var eit verk han sette svært høgt og i 1911 gav han to skulpturar frå denne forteljinga til Noreg. Ein var av Fridtjof som vart plassert på Vangsnes og ein av kong Bele, far til Ingebjørg, som vart plassert i Balestrand. Skulpturane er plasserte slik at dei har visuell kontakt med kvarandre over fjorden. Statuen av Fridtjof vart plassert svært synleg på toppen av neset på Vangsnes og tett på to gravhaugar. Statuen av kong Bele er plassert tett på fjorden, godt synleg på toppen av den eine av Belehaugane.

LANDSKAPSKARAKTER

Dei store trekka er det opne fjordlandskapet der Sognefjorden deler seg opp i fleire fjordarmar og er omkransa av høge fjell, og der den smale Esefjorden utgjer ei kontrast til det opne landskapsrommet. Strandsona med det opne jordbrukslandskapet, nausta ved fjorden og tettstaden Balestrand er forma av menneska sitt levevis. Over ligg utmarka med mykje skog, men også einskilde gardsbruk med tun og opne bør høgt over fjorden. Fjelltoppane avsluttar landskapsrommet og rammar det inn.

NASJONAL INTERESSE

Området er eit av dei mest kjende klassiske turistmåla frå midten av 1800-talet og fram til i dag. Turistane og kunstnarane kom her for å oppleve det storslegne vestlandslandskapet med fjordane og fjella. Den tradisjonelle jordbruksdrifta med innslag av frukt- og bærdyrking vart ein viktig del av opplevinga deira. Området er framleis prega av det tradisjonelle jordbruket med dyrking av frukt og bær. Turismen har sett spor med verdfulle bygningsmiljø og den spesielle historia om Fridtjofstatuen.

SÅRBARHEIT

Fridtjof-parken og delar av Balestrand sentrum er i gjeldande reguleringsplanar regulert til bevaring. I Balestrand ligg det to freda bygningar, futegarden Askelund og kunstnarbustaden Heimdalstrand. I tillegg er Tjugum og Vangsnes kyrkjer listeførte.

Den vestlege delen av Kvinnafosse naturreservat ligg innanfor området. Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit større tilnærma urørt skogområde

med spesielle naturtypar og eit mangfold av artar og vegetasjonstypar, samt naturlege økologiske prosesser. Naturreservatet vert forvalta av statsforvaltaren i Vestland. Vidare er Sognefjorden med alle fjordarmar foreslått som marint verneområde.

Dei store trekka i landskapet er i dag i stor grad slik dei var då turistane starta å kome til Sognefjorden. Attgroing av kulturlandskapet er ei utfordring i delar av området og det er viktig at landbruksdrifta vert vidareført.

Landskapet er sårbart for store visuelle endringar. Ved planlegging og etablering av eventuelle større tiltak innanfor området er det særskilt viktig at ein tek omsyn til dei kulturhistoriske verdiane.

Kulturminna i landskapet kan vere sårbare for aktivitet knytt til turisme. Informasjon om og synleggjering av kulturminna, i form av skjøtsel, skilting og god tilrettelegging, vil kunne hindre skade på kulturminnelokalitetane.


Landskapet kan også vere sårbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på heilskapen og dei kulturhistoriske verdiane. Strukturen i eldre gardstun, dei eldre hotellbygningane, bygg/kulturminne knytt til reiseliv før 1950 og naust/sjøhusmiljø er også sårbare for endring, nedbygging, forfall og klimatrusrar. Ved utbetring/utbygging av desse er det viktig at ein tek omsyn til og underordnar seg eksisterande bygning sin arkitektur i volum, form, farge og materialbruk.

Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Steingardar, bakkemurar, tufter, vegfar med meir er ein viktig del av det heilskaplege landskapet, og er såleis sårbare for endringar.

Landskapet er sårbart for hyttebygging og anna utbygging i samband med reiseliv og næringsverksamhet, ved slike eventuelle etableringar er det viktig at tiltaka plasserast i tilknytning til allereie utbygde område. Kulturminne og kulturmiljø langs fjorden er sårbare for nye store inngrep som vil kunne forringje opplevingsverdien.

Området vil også vere sårbart for attgroing, og difor er husdyrhald med beitedyr viktig for å hindre attgroing.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbruket, er det viktig å vidareføre gjeldande omsynssone c) for Fridtjof-parken og delar av Balestrand sentrum. I tillegg kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltas.



13. Grinde – Engjasete

Tradisjonelle fjordgardar

Sogndal kommune

Areal: 1,1 km²

Området ligg i landskapsregion 23) indre bygder på Vestlandet. (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)



Slåttemark med styvingstre og fjorden i bakgrunnen. Foto:

Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

PLASSERING

Landskapet ligg på vestsida av Grindsdalen i Sogndal kommune og strekkjer seg frå nordsida av Sognefjorden og eit stykke innover dalen.

SKILDRING

Grinde og Engjasete er tradisjonelle fjordgardar som har hatt eit breitt ressursgrunnlag basert på utnytting av utmarka, fjorden og jordbruk. Området viser den vertikale driftsstrukturen på dei tradisjonelle fjordgardane på Vestlandet, med naust ved fjorden, gardstun opp i lia og fleire stølar oppover dalen.

Spesielt for dette området er den omfattande bruken av lauv til fôr. Dette har prega landskapet og det er bevart eit stort tal styvingstre, hagemarkar og lauvingsskog. Området har òg godt bevarte tun.

Grindsdalen startar nede ved fjorden som ein tydeleg V-dal der elva har grove eit bratt juv. Ved Grinde utvidar dalbotnen seg til ein opnare U-dal som strekkjer seg innover fjellet. Tidlegare var det to klyngetun her, eit på Grinde ca. 110 moh og eit på Engjasete omlag 300 moh. Landskapet var, og er framleis, ein mosaikk av ulike teigar med åkrar, slåttemark og hagemark. Gardane på Vestlandet har tradisjonelt nytta lauv til fôr, men etter ca. 1950 endra driftsmåtane seg og mange slutta med det. På Grinde og Engjasete heldt ein fram med dette til 1980-talet.

Frå byrjinga av 1990-talet er det gjort omfattande forsking knytt til landskapet og dei gamle driftsformene her, basert på eit særskilt bevart kulturlandskap og eigalarar som har vore villige til å dele kunnskapen om dei gamle driftsmetodane.

Grinde og Engjasete har vore i bruk i særskilt lang tid. Funn av åkerdrift på heimestølen Orrasete og dei tre gravrøysene Skipshaugurdi, Ingridsurdi og Haugsurdi viser dette. Gravrøysene er frå jernalderen og plasserte i utkanten av den dyrka jorda med gode utsiktsplassar. Busetjinga kan truleg setjast i samanheng med den eldste jordbruksfasen i området og arkeologiske funn kan tyde på samanhengende buseting sidan 500-talet før Kr.

Klyngetunet på Grinde var det største med fem til sju bruk, medan det på Engjasete var to bruk i tunet. På Grinde vart det gjennomført utskifting på slutten

av 1800-talet. Husa i fellestunet vart flytta og kvart bruk fekk samla husa sine og delar av innmarka. Det vart gjort endringar i teigstrukturen og steingardar vart fjerna og nye bygde opp. På Engjasete skjedde utskiftinga først etter 1900. Tunstrukturen er i dag omlag slik den vart etablert etter utskiftinga.

Nede ved fjorden var det husmannsplassar og eit yngre bruk som var utskilt allereie i 1854. Talet på husmannsplassar knytt til gardane har endra seg gjennom tidene.

Orrasete var heimestølen for begge gardane og dei tidlegaste husmannsplassane. Stølen ligg ca. 400 moh med vidt utsyn over Sognefjorden. Her har ein funne spor etter korndyrking både frå vikingtida og frå slutten av 1400-talet. Det ser ut til at ein har halde fram med korndyrkinga ut på 1700-talet. Også her har ein sanka lauv til fôr og arkeologiske funn viser til at dette kan ha starta allereie for 2505–2415 fvt. Dette er truleg ein av dei eldste försankingstradisjonane i Noreg. Stølsdrifta og slåtten på Orrasete tok slutt i løpet av 1950- 60-talet. Bygningane har forfalle og landskapet er i stor grad grodd att.

Lauvsanking vart gjort på fleire ulike måtar som kvar har sett preg på landskapet. Vi finn lauvenger, hagemarker, haustingsskog og stavingstre. Lauvengene vart vanlegvis beita vår og haust, og slått med ljå på seinsommaren. Hagemarkene var eit resultat av langvarig kombinasjon av husdyrbeite og lauv- og ris-sanking. På Grinde er det mange hagemarker, gjerne på skrinne område. Haustingsskogen ligg i hovudsak på steinete mark og trea vert jamleg hausta ved staving eller stubbehaustring av lauv til husdyrfôr, produksjon av bast, reip eller emnevirke eller for bruk av bark eller ved. Stavingstrea er i hovudsak ask og alm, men også bjørk. Stubbelauning vart gjort på hassel.

Stavingstrea finn vi i heile området i innmark og utmark. Enkeltståande stavingstre og rekkrer av stavingstre står i hovudsak på innmarka og helst der dei ikkje kom i konflikt med anna gardsdrift. Ein del av trea er òg plasserte langs ulike grenser, ved steingardar, bakkemurar, vegar, bekkefar og ved Grindselva. Dette er tre som er stelt og hausta over lang tid.

På tidlegare åkrar og slåttemarker vart det etter-kvart planta inn ulike typar frukttrær, gjerne lagt på terrassar. I dag vert ein del av innmarka på Grinde nytt til fruktdyrking. På 1960-talet vart det planta fleire teigar med gran, i hovudsak i hagemark og haustingsskogar. Men framleis er mykje av området prega av beite og slåttemarker.

Steinkonstruksjonar er eit markert innslag i landskapet og i form av rydningsrøyser, steingardar, inn-

hegningar, bakkemurar,stein til vegar og fundament til bygningar. Ein del kan vere svært gamle, andre er nyare. Med utskiftinga av gardane vart ein del steinstrukturar fjerna og nye kom til. På 1930-talet vart det ei intensivering i bruken av jordbruksareal og nyrydding for moderne drift på Grinde. I dei høgareliggende engene finn vi i dag store rydningsrøyser, steingardar og bakkemurar. I området er det ulike typar slåttemark, både oppgjødsela marker og tradisjonelle med ekstensiv bruk.



Utløe på Engjasete. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

LANDSKAPSKARAKTER

Området ligg på nordsida av Sognefjorden der dei to gardane ligg på flatare parti i eit elles bratt sør-hellande terren, med utsyn til fjorden. Heimestølen Orrasete ligg øvst i området på ca. 400 moh, Engjasete ligg på ca. 300 moh og Grinde ligg næraast fjorden på ei terrasse som ligg omlag 110 moh.

Landskapet på Grinde og Engjasete kan opplevast som eit historisk gardsmiljø med stor variasjon av kulturminne. Det ligg i eit ope landskap med tradisjonelle kulturmarker, eng og støyvingslundar blant moderne jordbruksareal. Landskapet er variert, godt vedlikehalde og relativt lite påverka av moderne inngrep. Mykje av frukthagar, beitemarker, slåtteteigar, eng og støyvingsstre vert framleis skjøtta på tradisjonelt vis. Fleire av bygningane i området er gamle og gjev eit godt bilet av den tradisjonelle vestlandsgarden slik han var på byrjinga av 1900-talet.

NASJONAL INTERESSE

Grinde – Engjasete er eit særskilt bevart døme på drifta av den tradisjonelle vestlandsgarden og vert framleis skjøtta på tradisjonelt vis. Den vertikale driftsstrukturen frå fjord til fjell er godt bevart.

Landskapet med ulike kulturminne og kulturmarkstypar dannar ein funksjonell og visuell heilskap. Det store og varierte innslaget av lauvenger, hagemarker og støyvingsstre, der mange framleis er i bruk, er sjeldan å finne i dag. Av særskild interesse er bruken av lauv til fôr og korleis dette har forma landskapet. Lauvingstradisjonen kan ha starta allereie for 4000 år sidan og kan vere av dei eldste i Noreg.

SÅRBARHEIT

Området er med i den landsomfattande satsinga «Utvalde kulturlandskap i jordbruket» ei tilskotsordning basert på eit spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturminneforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med brukarane i området. Det er utarbeidd ein forvaltningsplan for området og det vert årleg tildelt midlar til investerings- og skjøtsels- tiltak som mellom anna tek vare på kulturarven. Avgrensing av UKL-områder samsvarar med avgrensinga til KULA.


Grinde-Engjasete er eit av dei prioriterte kulturmiljøa i Kommunedelplan for kulturminne i tidlegare Leikanger kommune og har fått omsynssone H-570 i kommuneplanen sin arealdel der omsynet til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap særskild skal ivaretakast. I Kommunedelplan for kulturminne vert det gjeve særskilde retningsliner for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.

Dei største trugsmåla er attgroing og avvikling av tradisjonell landbruksdrift. Dei mange haustingstrea er avhengig av å bli hausta jamleg, noko som er arbeidskrevjande og forutset kunnskap om dei gamle haustingsmetodane. Det er vidare viktig at slått og beite vert oppretthalde og at steinstrukturar i området vert vedlikehaldne. Hjorten er ei utfordring i området då hjortegnag er eit trugsmål mot støyvings-trea og det biologiske mangfaldet. Større utbyggingar i området vil kunne virke skjemmande på landskapet.

Bygningsmiljøet på Grinde – Engjasete er i liten grad undersøkt og omtala. Bygningane i tuna, innmarka og stølsområda er ein viktig del av heilskapen og det er viktig at det vert teke vare på. Mange er i god stand, men det er også ein del som er i ulik grad av forfall. Forfall og tap av eldre bygningar i området vil redusere den kulturhistoriske verdien av området. Spesielt bygningar som i dag ikkje er i bruk er sårbare for forfall.

Landskapet er sårbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på heilskapen og dei kulturhistoriske verdiane. Strukturen og bygningane knytt til dei eldre gardstuna, på innmark og stølane er sårbare for endring, nedbygging, forfall og klimatrusrar. I samband med tiltak i dette landskapet er det viktig at ein tek omsyn til og underordnar seg eksisterande bygningar sin arkitektur i volum, form og material-bruk.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbruk, er det viktig å videreføre gjeldande omsynssone c) for Grinde-Engjasete. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge fôringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast



14. Strendene i Vik

Veglause fjordgardar

Vik kommune

Areal: 114,9 km²

Området ligg i landskapsregionane 22) midtre bygder på Vestlandet og 15) lågfjellet i Sør-Norge. (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Området omfattar dei veglause gardane på sørsida av Sognefjorden i Vik og strekkjer seg frå ytre deler av Arnafjorden, via Finnafjorden og til grensa mot Høyanger. Fjellområda innover Stølsheimen som høyrer til gardane inngår i området.

SKILDNING

Dei fleste gardane ligg i eit ope fjordlandskap der bratte fjell stig opp bak gardsbruka. Finnabotn skil seg frå resten av fjordlandskapet i området som er eit

avgrensa landskapsrom der fjorden er omkransa av bratte og høge fjell.

I heile området er det spor etter korleis menneska har tilpassa landskapet slik at ein kunne levnaere seg her. Gardane hadde gjerne fleire stølar. Nokre av fjellstølane ligg langt frå garden. Gardsbruka hadde fleire ulike inntektskjelder som til saman skapte eit livsgrunnlag. Det var mellom anna vedhogst for sal, laksefiske i fjorden og pelsdyroppdrett. I dag er turismen ei ny inntektskjelde som også set spor i landskapet.

Menneska har brukt dette området i svært lang tid, noko gravrøysa på Kalvhageneset ved Ålrek og gravhaugane ved Sylvernes og Vollevik er synlege spor etter. Det er også gjort funn som tyder på busettnad tilbake til steinalderen på Geithus. I fjellet er det spor etter stølstufter som kan gå langt tilbake i tid.



På garden Ålrek er det ikke gjennomført utskifting. Her ligg bygningane i fellestun og det er framleis teigblanding. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune



Gardstunet i Vollaviki med innmarka. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

Folk på Strendene er avhengige av båt for å kome seg til andre stader. Mellom gardane, innmarka, utmarka og stølsområda er det eit nett av stiar og gangvegar. Enkelte av dei er mura opp i det bratte terrenget. Dei til dels høge og omfattande vegmurane er med på å skape det særprega kulturlandskapet.

Den vertikale driftsstrukturen i området er svært godt bevart og lett lesbar i landskapet. Nokre av gardstuna ligg tett på fjorden, medan andre ligg noko høgare oppe. I det bratte terrenget var det viktig at tunet vart lagt trygt for skred, samstundes som åkerjord og slåttemark måtte sparast. I strandsona er naust, buer og kaiar lagt der det var mogleg å legge til med båt. På Sylvarnes er det bevart eit gammalt ishus som tidlegare vart nytta i samband med laksefisket. Fiske etter laks var ei viktig inntektskjelde. Nokre stader er det kome nye bygg for turistverksemid i strandsona.

I Finnen og i Finnabotnen er det fleire bruk heller tett på fjorden der landskapet flatar ut. Nede ved fjorden finn vi òg restar etter fleire husmannsplassar, mellom anna i Vollaviki der husmannstova framleis står.

På Ålrek er mykje av det gamle klyngetunet knytt til dei tre brukna bevart. Garden Ålrek er ikkje utskifta og den gamle teigblandinga er framleis intakt. Eigarane har gjort eit stort arbeid over mange år for å halde landskapet med dei mange teigane ope. Vegen opp frå

fjorden og bakkeområda i tunet og innmarka viser bruken av landskapet. Her er framleis bevart fleire eldre frukttrær. Tunet som ligg omlag 100 moh gjev eit godt bilet av korleis menneska i området budde i tida før utskiftinga.

På garden Sylvarnes ligg dei to brukna tett ved ein annan, og dannar eit felles tun der mange av dei gamle bygningane er bevart. Då brukna framleis vert drivne på tradisjonelt vis, er kulturlandskapet særskilt godt bevart med rydningsrøyser, steingjerde og den oppmura vegen som viktige element. Det ligg ein godt bevart einerhage aust for tunet. Lauving er framleis i hevd på Sylvarnes.

Karakteristisk for gardstuna langs Strendene er at dei ofte består av eitt eller to bruk. Nokre stader står tunna til fleire bruk tett saman, andre stader er det meir avstand mellom dei. Ein del tun skil seg ut ved at det er gjort svært få endringar i bygningsmassen og dei er særskilt verdifulle kulturmiljø. Kyrkjeteigen, Geithus, Hustavenes, Vollaviki, Hanekam, Vetlesand og Ålrek er gode døme på tun som er godt bevarte.

Utnakken var vesentleg for livberginga på Strendene. Dei fleste gardsbruka hadde fleire stolar, heimestol og fjellstol var nødvendig, og nokre bruk hadde gjerne to fjellstolar. Heimestolen låg gjerne på 300–500 moh og var i bruk vår og haust, medan fjellstolen låg høgt til fjells. For ein del av gardane var det lange og bratte stølsvegar. Stølshusa på desse stølane vart ofte små

og spartanske og gjerne bygd opp av enkle materiale og stein. Eit godt døme er Årekstølen, der det gjerne tok seks timer å gå frå garden til stølen. Steinsela viser korleis ein i størst mogleg grad har brukta lokale materiale til å bygge husa. Fleire av stølane i området er framleis godt bevarte og gjev eit godt bilet av den tradisjonelle stølsdrifta. I tillegg til Årekstølen gjeld det Hanekamstølen, Hestfjellet, Smørklepp og Sylvarnesdalen.

Ein del av stølane har ei spektakulær plassering og er godt synlege frå fjorden, til dømes Hustavenestølen, Rotteskaret, Skjemmedalen, og Yttestølen Geithus.

LANDSKAPSKARAKTER

Området er eit heilskapleg fjord- og fjellandskap karakterisert av det opne landskapet langs den breie Sognefjorden, den innelukka Finnabotnen og fjellområdet i Stølsheimen. Strandlinja er til dels svært smal og oppbroten av bratte svaberg. Ovanfor strandlinja ligg gardsbruksområdet med små hyller der landskapet gjer det mogleg å etablere busetnad og innmark. Bak tunna og innmarka stig terrenget bratt opp mot fjellet. Fjellområda er prega av mange vatn og mange fjellstølar der stølsdrifta har skapt eit særmerkt kulturlandskap.

Finnabotn er omkransa av til dels blankskurte bratte fjellsider, skil seg frå det opne fjordlandskapet langs Sognefjorden. Dei to brukena inst i Finnabotnen gjev perspektiv til dimensjonane i det dramatiske og ville landskapet.

NASJONAL INTERESSE

Landskapet er forma av det tradisjonelle vestlandsjordbruksområdet over svært lang tid. At området framleis er veglaust er sjeldan. Samla sett har området få moderne inngrep og er eit sjeldan godt bevart kulturlandskap. Heilskapen og samanhengen mellom fjorden, gardstuna med innmark og utmarka med fjellstølane er uvanleg godt bevart og lett lesbar. Det opne landskapet og samspelet mellom fjord og fjell er i tillegg særskilt vakkert.

SÅRBARHEIT

Store delar av området inngår i Stølsheimen landskapsvernombud og dei kulturhistoriske verdiane her vert ivaretakne gjennom verneforskrifta. Dette omfattar Finnabotn, Finnen og alt terrenget frå omlag 200–500 moh. Det er utarbeida ein eigen forvaltningsplan for landskapsvernombudet og ein skjøtselsplan for Finnabotn. Stølsheimen verneområdestyre er forvaltningsstyresmakt. Heile Sognefjorden er foreslått som marint verneområde.

På Sylvarnes og Årek er det i kommuneplanen sin arealdel lagt omsynssoner for bevaring av kulturmiljø.

I Kulturminneplan for Vik kommune er stølen i Sylvarnesdalen, skulehuset på Sylvarnes, Kleivløa på Hanekam, gardane Sylvarnes og Årek, Årekstølen og alle faste kulturminne i Stølsheimen landskapsvernombudet nemnde.

Vik kommune har vurdert Sylvarnes og Sylvarnesdalen, Årek og Årekstølen til å vere Kjerneområdet i landbruk, kulturlandskap. Områda bør handsamast i tråd med retningslinjer for tiltak og arealdisponering innanfor kjerneområdet for kulturlandskap.


Verdiane i landskapet og heilskapen mellom fjorden, gardstuna med innmarka og stølane i utmarka er sårbar for endring. Verdiane og heilskapen er viktig å vektlegge ved alle nye tiltak, som til dømes ved eventuell etablering av hytter og i samband med reiselivsutvikling.

Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Steingardar, bakemurar, tufter, vegfar med meir er ein viktig del av det heilskaplege landskapet, og er såleis sårbar for endringar. Også strukturen i dei eldre gardstuna er sårbar for endring, det er viktig at eventuelle nye bygningar knytast til eksisterande tunstruktur. Det er viktig at dei kulturhistoriske verdiane i landskapet vert teke omsyn til ved planlegging og etablering av alle nye tiltak og at evt. nye bygg tilpassar seg eksisterande bebyggelse med omsyn til plassering, volum, form og materialbruk.

Dei godt bevarte gardsbruksområdet med den heilskaplege vertikale driftsstrukturen er spesielt sårbar for attgroatning som følge av at gardsdrifta vert nedlagt. Vidare jordbruksdrift er avgjørende for å ta vare på landskapet sin karakter, og det er viktig at det leggjast til rette for, vidareføring av beiting og slått samt skjøtsel av styvingstre og frukttre, samt stimulerast til framleis busetjing på gardane i området. Vidare er området sårbart for større moderne inngrep då det i dag er forholdsvis få av desse.

Området er eit populært og godt tilrettelagt turområde der det ved mange av brukena er sett opp informasjonsskilt som fortel kort om garden, noko som bidreg til auka kunnskap og interesse for gardsbruksområdet langs strendene.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbruken, er det viktig å vidareføre gjeldande omsynssone c) for Sylvarnes og Årek. I tillegg kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommunen planens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommunen planens arealdel kan legge fôringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltas.



15. Hove og Hopperstad

Maktsenter i jernalderen og mellomalderen

Vik kommune

Areal: 2,3 km²

Området ligg i landskapsregion 23) indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap - NIBIO)

PLASSERING

Bygda Vik ligg inne i ei djup vik på sørsida av Sognefjorden. KULA-området omfattar jordbrukslandskapet ovanfor Vikøyri mellom elvene Hopra og Vikja. Det ligg på naturlege terrassar opp mot 100 moh. Den flate dalen er omkransa av fjella i sør, aust og vest med utsyn mot fjorden, fjell og breformasjonar mot nord gjev eit markert og klart avgrensa landskapsrom.

SKILDRING

Området viser dei lange linjene i utviklinga av ei rik jordbruksbygd på Vestlandet frå jernalderen og mellomalderen, via det tradisjonelle jordbrukslandskapet etter utskiftinga og til dagens moderne jordbrukslandskap.

På terrassane finn vi vide og lettdrivne areal som var godt eigna for jordbruksteknikken i jernalderen og mellomalderen. Det er spor etter jordbruk tilbake til

eldre jernalder og landskapet er rikt på kulturminne frå eldre jernalder og fram til i dag. Gravhaugane på Moane, Hopperstad stavkyrkje, Hove steinkyrkje og Tenold stavkyrkje (som er borte) vitnar om staden som eit politisk og religiøst maktsentrum i jernalderen og mellomalderen.

Vik er den ytste av dei større jordbruksbygdene langs Sognefjorden. Bygda låg godt til for ferdsel over fjellet til Voss og på fjorden. Straum- og vindforhold i Sognefjorden kunne bidra til å tvinge skip på veg inn fjorden over mot Viksida. Her hadde ein ei særleg god strategisk plassering for å kunne fungere som eit maktpolitisk tyngdepunkt.

I løpet av yngre jernalder/vikingtid hadde ein sannsynlegvis stor produksjon av våpen og reiskap som har vore med på å skape den velstanden som vi kan sjå i gravene frå denne tida. Funn i ei av kvinnewgravene på Hopperstad viser til kontakten med Europa, og kan tolkast som ein ekteskapsallianse med ein irsk familie. Også andre funn i området vitnar om god kontakt over Nordsjøen, enten i form av handel, alliansar eller plyndring.

Garden Hove har sannsynlegvis utmerka seg. Den sentrale plasseringa i bygda, namnet, rike fornminnefunn og at det vart reist ei kyrkje her i mellomalderen, tyder på at den var eit religiøst og maktpolitisk sentrum i jernalder og mellomalder.

Moahaugane er knytt til garden og er eit særmerkt element i landskapet som knyter området til forhistoria. Her er åtte store og to mindre haugar og bevarte restar etter dei to Guahaugane på den austlige terrassekanten ned mot elva Vikja. Haugane er godt synlege nede på flatbygda og med god utsikt ut over dalen og fjorden. Storhaugane hadde ein diameter på 15 til 30 meter og ei høgd på tre til fire meter og må ha gjort inntrykk på alle omkring.

Det ser ut som dei første Moahaugane vart reist på 300-talet. Det kom fleire til heilt fram til 1030-talet. Den store samlinga av gravhaugar viser at det her sannsynlegvis har vore eit maktsentrum i jernalderen som var stort i vestlandsk samanheng.

Hove steinkyrkje frå ca. 1170 er ei av dei eldste steinkirkjene i Sogn og Fjordane og var truleg ei privatkyrkje knytt til ein velståande mann med sete i Vik. Vi kan sjå kyrkja som ei vidareføring av Hove som maktsenter og ei kontinuitet i gudsdyrkinga tilbake til før kristninga. Kyrkja ligg godt synleg i landskapet og er den har visuell kontakt med Hopperstad stavkyrkje.



Moahaugane sett mot Sognefjorden. Foto: Arlen Bidne,
Vestland fylkeskommune



Hopperstad stavkyrkje er omgitt av eit jordbrukslandskap med aktiv drift. Til venstre for stavkyrkja ligg Hopperstadtunet.

Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

Det gamle klyngjetunet på Hove (Hovstunet) låg aust på terrassen ved Moahaugane. Etter utskiftinga vart mange av husa flytta. To av bruka etablerte seg med tun vest for steinkyrkja. I dag er området prega av ei blanding av nyare og eldre bygningar. Dei nye tuna har vidareført del av den rekkestrukturen som det eldre tunet hadde. Dei største endringane i bygningsmiljøet etter utskiftinga er dei to store fellesfjøsa som ligg like ved Hove kyrkje.

Utover i yngre jernalder får fleire gardar i Vik auka status. Hopperstad har særleg mange og rike funn frå denne tida, og denne garden vart no ein av dei mest sentrale og største i bygda.

Ved Haugateigen er det funne ni graver frå yngre jernalder, men dei er ikkje lenger synlege. Gravfunna fortel om ei jamn utvikling frå folkevandringstida og framover, der garden hadde ein aukande rikdom til lenger ut i vikingtid ein kjem. Spesielt for gravfunna på Hopperstad er at det er funne mange kvinnegraver som var rikt utstyrt.

Dagens stavkyrkje på Hopperstad vart reist kring år 1130, truleg har det stått ei kyrkje her før dette. Plassert på ein haug i landskapet omlag midt i bygda med utsikt over dalen og fjorden er ho godt synleg og hevar seg opp over gardane nedanfor. Hopperstad var truleg fylkeskyrkja i Sygnafylket og i så fall den første offisielle kyrkestaden i fylket.

Hopperstad stavkyrkje og det store Hopperstad-tunet står på ein rest av den samme terrassen som Moane. Det var eit tett klyngjetun fram til utskiftinga i 1880-åra. Rundt 1850 var det omlag 50 hus i tunet. Ved utskiftinga flytta tre av bruka ut av tunet, men Hopperstadtunet har tydeleg bevart den gamle klyngestrukturen. Det er eit sær verdifullt kulturmiljø der det ligg nær Hopperstad stavkyrkje med ope jordbrukslandskap rundt. Det har bygningar frå fleire bruk der eit mangfold av eldre bygningane dominerer. Bygningane er i hovudsak frå 1800- og byrjinga av 1900-talet, fleire i enkel bygdesveitserstil. I hovudsak står tunet slik det var bygd opp att etter utskiftinga.

Mange andre gardstun i området har den tradisjonelle oppbygginga som kom etter utskiftinga.

LANDSKAPSKARAKTER

Området ligg ovanfor strandstaden opp mot der landskapet deler seg i to smalare dalføre. Fjella er høge og bratte, spesielt i aust og vest, samstundes som ein har utsyn til fjorden. Det opne jordbrukslandskapet med store jorde, gjerne omkransa av tre er i dag det mest karakteristiske med dette landskapet. Her er synlege spor etter eldre busetjing, monumentale gravhaugar og mellomalderkyrkjer. Moderne jordbruksdrift har også sett sitt preg på landskapet m.a. med dyrking av bær under lette tunellkonstruksjonar.

Gardane ligg gjerne på moreneplatå med utsyn i retning Sognefjorden i nord. I bakkant mot sør stig landskapet gradvis oppover i retning Vikafjellet.

NASJONAL INTERESSE

Vik var eit maktsenter i jernalderen og mellomalderen og her har det vore drive jordbruk frå jernalderen til i dag. Det godt bevarte jordbrukslandskapet har framleis tydelege spor etter den lange tradisjonen som religiøst og politisk maktsentrums. Her er ei samling av gravhaugar og mellomalderkyrkjer på eit relativt avgrensa areal som er sjeldan. Dei er nasjonalt viktige kunnskapskjelder som syner utviklinga frå førkristen tid opp i moderne tid. Landskapet dei ligg i er godt bevart og har høg opplevingsverdi.

Dei mange gardstuna og landskapet rundt viser godt endringar i jordbruksdrifta gjennom tidene. Gardane i området viser eit mangfold frå små husmannsplassar via storgardar til embetsgardar.

SÅRBARHEIT

Hove steinkyrkje, Hopperstad stavkyrkje og Moa-haugane er freda i medhald av kulturminnelova.

Eit samanhengande område rundt desse kulturminna er regulert til bevaring i reguleringsplan for Hove-Moahaugane-Hopperstad. Både Hopperstad-tunet og Hove-tunet er regulert til bevaring. I reguleringsplanen for Hopperstad har både eit områd kring stavkyrkja og Hopperstadtunet omsynssone med føremål bevaring. I kulturminneplan for Vik er fleire av områda og bygningane i KULA-området vurdert som verdifulle kulturminne. I KPA for Vik er det også lagt omsynssone over Lensmannsgarden i Bø.

Området er i dag godt ivaretatt med aktiv landbruksdrift som held kulturlandskapet ope, men er sårbart for reduksjon og avvikling av landbruksdrift. Fleire av dei eldre bygningane er i dag ikkje i bruk og er prega av forfall. Det er viktig at desse vert sette i stand og tatt i bruk. Bygningsmiljøa med høg kulturhistorisk verdi er sårbare for nybygg som ikkje innordnar seg tuna sin struktur og volum.

Verdiane i landskapet, heilskapen og siktlinjene mellom kyrkjene, gravhaugane og fjorden er sårbare for endring og det er viktig å vektlegge dette ved alle nye tiltak. Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Spor etter eldre driftsformer som steingardar, bakkmurar, tufter, vegfar, uteløer med meir er ein viktig del av det heilskaplege landskapet, og er såleis sårbare for endringar.


Dei verneverdige bygningane på gardstuna er sårbare mot nedbygging, forfall og klimatuslar. Det er viktig å oppretthalde strukturen i eldre gardstun. Til dømes er det viktig at eventuelle nye bygg vert knytt til eksisterande tun og tilpassast omgjevnadane og terrenget med omsyn til volum, materialval og form. Landskapet er spesielt sårbare for attgroing som fylge av at gardsdrift vert nedlagt. Vidare jordbruksdrift er avgjeraende for å ta vare på landskapet sin karakter, og det er viktig at det leggjast til rette for vidareføring av beiting og slått samt skjøtsel av styvingstre og frukttre, samt stimulerast til framleis busetjing på gardane i området.

Landskapet er sårbart for store tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes terrenginngrep, større planerings- og masseyllings-tilbak eller større konstruksjonar/bygningar. Dersom det til dømes er behov for bygging av nye driftsbygningar er det viktig at sårbarheita knytt verdiane i landskapet leggast til grunn for tilpassing til landskapet og eksisterande bygningsmiljø når det gjeld struktur, volum, storleik, materialval og farge.

Landskapet er vidare sårbart for utbyggingar som er ute av proporsjon med dei tradisjonelle bygningane og som vil konkurrere om merksemda med kyrkjene og gardstuna. Det er viktig at området skjøttast i tråd med Hove – Moahaugane – Hopperstad Vik kommune. Landskapsanalyse og skjøtselsplan med hovudprinsipp for reguleringsplan.

Fortidsminneforeningen arbeider med å etablere eit nytt servicesenter til Hopperstad stavkyrkje. Det er viktig at senteret tek omsyn til og underordnar seg kyrkja. Gjeldande reguleringsplan der det er regulert inn eit nytt servicesenter tek omsyn til dette.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbruken, er det viktig å vidareføre gjeldande omsynssone c) for Hove steinkyrkje, Hopperstad stavkyrkje og Moahaugane. I tillegg kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.





Tingstaden på Flolid med Bård Breivik sine kunstinstallasjonar. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

16. Gulatinget

Møteplass for lov og rett

Gulen kommune

Areal: 86,7 km²

Området ligg i landskapsregion 20) kystbygdene på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Landskapet ligg like sør for innløpet til Sognefjorden og omfattar Gulafjorden og områda rundt.

SKILDRING

Det gamle Gulatinget er ein av dei viktigaste institusjonane frå eldre norsk historie. Gulating vart truleg skipa av Harald Hårfagre og var ei årleg tingsamling som fann stad frå om lag 900–1300 e.Kr. Vi har ikkje sikkert belegg for den presise plasseringa av tingstaden. Utifra landskapet, sagatradisjonen, historisk kunnskap om Gulatinget og plasseringa til kyrkja,

samt plasseringa av dei to steinkrossane, har ein tolka det til at det første Gulatinget var lokalisert i Eivindvik.

Under Håkon Håkonson sitt styre (1217–1263) vart tingstaden til Gulatinget flytta til ein ny møtestad kalla Guløy. Ein har ikkje gjort arkeologiske funn som har kunna stadfeste akkurat kvar tingstaden låg, men meiner likevel at Flolid, om lag fire km aust for Eivindvik, er den mest sannsynlege staden. Dette meiner ein på bakgrunn av at det skal ha vore ei kyrkje i området og at landskapet har eit påfallande naturleg atrium. Denne tingstaden hadde sannsynlegvis ei kortare levetid enn den i Eivindvik då Håkon 5 Magnusson flytta tinget til Bergen, truleg rundt 1310.

Gulatinget var opphavleg eit allting der «alle frie, våpenføre menn» hadde rett til å møte. Seinare vart det omdanna til eit lagting. Gulatinget hadde både



Steinkross i Eivindvik. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

lovgjevande og dømmande makt. Det var der tingmennene godkjende lovene i forhandlingar med kongen sine representantar og kyrkja.

Då Gulatinget vart oppretta, var Gulen omlag det geografiske sentrum for midtre del av Vestlandet. Eivindvik ligg strategisk til nær skipsleia og den vidare vegen inn Sognefjorden. KULA-området omfattar dei to stadane i Gulen der Gulatinget sannsynlegvis vart halde og landskapet rundt. Tingstadane var lette å kome til med båt frå dei ulike delane av regionen som var omfatta av Gulatinget, og det var tilgang til gode hamner. I tillegg måtte dei ha plass til alle som kom og terrenget måtte høve som tingstad. Ein slak terrenghrygg slik vi finn i Eivindvik er eit godt døme på eit naturleg terrenget som var godt eigna til tingplass.

Tida frå 900-talet og fram til 1300-talet var uroleg. Leidangen vart eit viktig grep for å sikre landet mot invasjon og var det første organiserte forsvars-systemet for Vestlandet. Leidangen var regulert i Gulatingslova. Systemet med vetar for å varsle ufred og å samle leidangen var viktig. Rundt Eivindvik er det fire vetar, plasserte på Næverdalsfjellet, Semnebø-fjellet, Middtun og Svaberg. Vetane er tolka som eit vaktvern for Gulatinget i tillegg til at dei var ein del av det heilskaplege vetesystemet.

Truleg har det vore lokale tingstadar i Gulen lenge før det regionale tinget oppstod. Området knytt til Gulatinget har variert, før 930 var det i hovudsak Hordafylke, Firdafylke og Sygnafylket. Etter midten av 900-talet vart området utvida til å omfatte Sunnmøre, Rygdfylke og Egdfylke. Ved innføringa av landslova i 1274 inngjekk også Valdres, Hallingdal og Setesdal.

Ved tingstaden i Eivindvik står det to krossar i granatglimmerskifer frå 900 talet. Krossane er hogde i steinbrota i Hyllestad og frakta til Eivindvik. Den eine krossen står plassert ved kyrkjegardsporten og den andre eit stykke oppe i bakken nord for kyrkja på området som i dag vert kalla Krossteigen. Topografin har mange likskapstrekk med skildringa av Gulatinget i Egils saga. Terrassen under krossen på Krossteigen ville kunne vere ein god tingvoll. Ved krossen var det ei kjelde med rikeleg vatn, kalla Olavskjelda, og skipa kunne finne seg gode hamner i vika nedanfor og langs sundet både lenger aust og vest.

Gulatinget på Flolid vart valt som Sogn og Fjordane fylke sin 1000- års-stad og det er opparbeida ein park i området der ein trur at Håkon Håkonson flytta Gulatinget til. I parken står Bård Breivik sine monu-

mentale kunstinstallasjonar der Tingveggen er det mest markerte verket.

I dei tidlegaste tingseta til Gulatinget hadde ein ikkje nedskrivne lover. Lovene vart overleverte munnleg og ein måtte hugse dei. I regjeringsstida til Olav Kyrre (1067–93) vart Gulatingslova skriven ned. Fleire ulike kjelder frå mellomalderen gjev til saman eit godt bilet av korleis Gulatingslova var på 1100- og 1200-talet. På Gulatinget i 1267 vart ei ny Gulatingsbok lagt fram til godkjenning og den gjaldt fram til 1274 då Landslova vart vedteken av tingmennene. Landslova vart utarbeida av Magnus Lagabøte og samla dei norske landskapslovene i ei lovtekst. Landslova gjaldt i fleire hundre år og grunnlova frå 1814 bygde på dei gamle lovsamlingane. Korleis Gulatingslova har blitt vidareført i dagens lovverk ser vi til dømes i rettsreglane knytt til odelslova og allemannsretten.

LANDSKAPSKARAKTER

Området ligg i den ytre delen av Gulafjorden, nær skipsleia og innløpet til Sognefjorden, i eit heller ope, noko kupert landskap. Eivindvik ligg inne i ei vik på nordsida av Gulafjorden og vert skjerma av øya Fonna. Her ligg kommunesenteret og vika er prega av nyare bustadfelt. Ved tingstaden er det ope jordbrukslandskap i tillegg til kommunehuset og kyrkjegarden. Tingstaden Flolid ligg mellom Ytre og Indre Flolidvågen inst på halvøya Guløyna. Området er i hovudsak prega av eit tradisjonelt jordbrukslandskap og av 1000-årsstaden. Begge tingstadane har naturlege amfi og er omkransa av lage fjelltoppar som rammar inn landskapsrommet. Frå fjelltoppane er det god utsikt og på fleire av dei er dei gamle vetane bevarte.

NASJONAL INTERESSE

Gulen med Eivindvik og Flolid som samlingsstad for Gulatinget fram til ca. 1300 knyter området til ein viktig institusjon i norsk historie. Den strategiske plasseringa, naturlege amfi samt sagalitteraturen peikar på desse to plassane som tingstad for Gulatinget. Gulatingslova vart rekna som ei av dei friaste og mest demokratiske lovene i Europa for tusen år sidan, og lova kom til å setje preg på mange andre lover. Dei lovene vi har i Noreg i dag, er framleis tufta på dei gamle gulatingslovene. Gulatinget og Gulatingslova var også førebilete for Alltinget på Island som vart etablert tidleg på 900-talet.

Med Gulatingslova fekk Noreg første gong eit samla forsvar med etableringa av leidangen. Lova gav også føringar for korleis leidangen skulle varslast og systemet med veter langs kysten vart bygd opp. Innanfor området er det fire veter som var ein del av dette varslingsssystemet.

SÅRBARHEIT

Steinkrossane i Eivindvik, samt området der ein meiner at tingstaden i Eivindvik låg er automatisk freda kulturminne. I tillegg er kyrkja i Eivindvik liste-ført. På Flolid er det ein reguleringsplan for tusenårsstaden Gulatinget (2011). Planen tek omsyn til kulturminneverdiane.


I kommuneplanen for Gulen (2014) er det lagt inn bandleggingssone, H730, kring prestegarden, kyrkja og den gamle Gulatingstaden. Dette tek vare på dei kulturhistoriske verdiane her og det er viktig at det vert vidareført ved ein eventuell reguleringsplan.

Den austlege delen av Stemnebøskogen naturreservat går inn i området. Formålet med naturreservatet er å verne om eit av dei få og lite påverka skogområda på kysten som er att i Vest-Noreg, med sitt biologiske og geologiske mangfald.

Både Eivindvik og Flolid er sårbar for utbygging og oppføring av nye store bygningsstrukturar som vil kunne bryte med viktige siklinjer og samanhengar i landskapet. Landskapet som heilskap er sårbart for store tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på dei kulturhistoriske verdiane, særskilt tiltak som kan vere synlege frå tingstadane og vardane. Store tiltak kan til dømes være hyttebygging, kaianlegg, vindkraftanlegg, terrenginngrep, større planerings- og masseyllingstiltak. Det store landskapsrommet rundt Gulatinget er særskilt sårbart for vindkraftutbyggingar på fjelltoppane som omkransar tingstadane.

Dei verneverdige bygningane på gardstuna er sårbar mot nedbygging, forfall og klimatrusrar. Det er viktig å oppretthalde strukturen i eldre gardstun. Driftsstrukturen er spesielt sårbar for attgroing som fylgje av at gardsdrifta vert nedlagt. Vidare jordbruksdrift er avgjerande for å ta vare på landskapet sin karakter, og det er viktig å legge til rette for vidareføring av beiting og slått samt stimulere til framleis buseting på gardane i området. Spor etter eldre driftsformer som eldre gardstun, steingardar, bakkemurar tufter, vegfar og landingsplass for båt med meir er ein viktig del av det heilskaplege landskapet, og er såleis sårbar for endringar. Kulturminne som vardane i fjellet og steinkrossane er også sårbar mot forfall, slitasje og klimaendring.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbruken, er det viktig å vidareføre gjeldande bandleggingssone kring prestegarden, kyrkja og den gamle Gulatingstaden. I tillegg kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



17. Nærøyfjorden

Små grender i dramatisk fjordlandskap

Aurland kommune, Lærdal kommune, Vik kommune og Voss herad

Areal: 772,2 km²

Området ligg i landskapsregionane 15) lågfjellet i Sør-Norge og 23) indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Området omfattar Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden med tilgrensande fjellområde som omfattar mellom anna Bleia, Grånos, Fresvikbreen og fjella kring Grindaflet, i tillegg til Nærøydalen og Stalheim. Grensene tilsvavar i hovudsak verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, men med mindre utvidingar rundt Fresvikbreen og ved Stalheim.

SKILDRING

Dette er eit dramatisk fjordlandskap omkransa av høge fjell. Vi finn spor etter førhistorisk fangst i fjella og etter jordbruksdrift tilbake til bronsealderen. Kjernen i området er Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden med strandsoner og lier utan større synlege tekniske inngrep. Gardsbruka er med på å prege landskapet langs fjorden, i dalføra og på fjellhyllene over fjorden. Skog er karakteristisk for delar av området, der lauvskogen dominerer dalføre og lier i heile området. Bar-skogen er også eit tydeleg innslag. Fjellområda som vert

toppa med store fonner og bremassiv går opp i over 1700 moh. På fjellryggane ved Fresvikbreen ligg det fleire stupfangstanlegg for rein. Anlegga er store og omfattar faste installasjonar som sperregjerde, murar, bogesteller, slakteplassar og kjøtgøymer.

Fjorden har vore reiseveg og livsnerve. Dei få stadene der det har vore mogleg, har ein hatt busetjing i lang tid, noko som gravhaugar og -røyser langs fjorden vitnar om. Vi finn små tettstadar som Undredal og Gudvangen der busetnaden er samla nede ved fjorden og tilgjengelege ressursar er nyttta innover i dalen og på fjellet. Ein har heilt fram til i dag hausta fôr på teigar som ligg lengre vekke, og bruk av båt har vore viktig for å kome til desse ressursane. Det er framleis synleg teigar på det vi i dag oppfattar som heller utilgjengelege stader. På mindre flater ved fjorden ligg det også enkelte gardar, gjerne eitt eller to bruk saman, som til dømes Styvi og Breisnes.

På Styvi i Nærøyfjorden er mykje av den eldre bygningsmassen framleis godt bevart og kulturlandskapet ved gardstunet er halde i hevd. Styvi hadde vårstøl nede ved fjorden, og sommarstølen låg på andre sida av fjorden saman med stølane til gardane i Dyrdal.

Dyrdal har hatt busetjing i lang tid. Fangstanlegga i fjellet og arkeologiske funn vitnar om det lange tidsrommet menneska har brukt området. Dei eldre gardstuna og jordbrukslandskapet fortel om busetjinga og



Bakka er ei fleire små grender langs Nærøyfjorden. Foto: Stig Nordrumshaugen, Vestland Fylkeskommune

levevegen. Av særskild interesse er nausta og restane av det eldre bygningsmiljøet nede ved fjorden, klyngetunet som ligg ovanfor fjorden, gardstuna i Drægali og på Draego lenger opp mot fjellet, samt stølsvollane. Samla utgjer desse bruka eit heilskapleg kulturlandskap med forholdsvis få moderne tiltak.

Grenda Bakka, med fleire gardsbruk og kyrkje, har eit heilskapleg og godt bevart bygningsmiljø med gardstun og eit lite strandsitjarmiljø. Det er aktiv jordbruksdrift og tydelege spor etter eldre drift.

Langs fjordane var det tidlegare fleire høgdegardar i drift. Tuna og kulturlandskapet på Nedbergo og Stigen er framleis bevart og er viktige element i det storslegne landskapet.

For gardane i området har utmarksressursane vore avgjerande, ofte med fleire stølar. Fjellområda var også mykje nytt til jakt og fiske. Bruken av landskapet har sett tydelege spor med ulike typar bygningar, vegfar, bakkemurar, og steingjerde samt murar i sjø for å verne bøane mot erosjon.

Undredal ligg ved Aurlandsfjorden og tilkomsten til bygda var lenge via fjorden. I Undredal står husa tett saman langs vegen. Lenger opp frå fjorden ligg det fleire gardsbruk. Det er framleis slik at nokre av dei som bur i tettstaden driv små gardar. Nokre av dei har også slåtteteigar utetter fjorden. Innover dalen er det stølsmøråde og der det framleis er aktiv geitedrift på nokre av stølane. Undredal har hatt busetnad i lang tid og var tidlegare eit sentrum med ei lang historie som kyrkjested, noko Undredal stavkyrkje vitnar om.

Dei gamle ferdelsrutene gjekk mykje på fjorden, men det var likevel behov for vegar over land. Ei av rutene mellom Aust- og Vestlandet gjekk inn Nærøyfjorden og vidare til Stalheim og Voss. Den gamle postvegen mellom Styvi og Bleiklindi frå 1660 vart brukt til å frakte posten frå Gudvangen til Styvi når det låg is på fjorden og derfrå med båt til Lærdal. Frå Gudvangen gjekk vegen vidare gjennom Nærøydalen. Her er det bevart fleire strekk av den gamle kongevegen. Traseen frå Nærøydalen og opp til Stalheim var svært bratt. Auka ferdsel på 1800-talet gav behov for ei større utbetring som var ferdig i 1845. Ein kunne frå då av køyre opp Stalheimskleiva med hest og kjerre.

I siste halvdel av 1800-talet kom dei første turistane til området. Dette vart starten på ei reiselivsnæring som framleis er svært viktig. Frå slutten av 1800-talet vart turen frå Gudvangen og opp til Stalheim eit populært reisemål for cruiseturistane på Nærøyfjorden. Gudvangen vart etterkvart ein liten tettstad med hotell og serveringsstadar. Stalheim hotell med si spektakulære plassering over Nærøydalen, er eit anna spor etter turistane. Stalheimskleiva vart tidleg ein attraksjon.

På 1800-talet vitja mange kunstmålarar Nærøyfjordområdet. Eit av dei mest kjende verka frå nasjonalromantikken er Johan Christian Dahl sitt måleri



Utsikt over Nærøydalen med Stalheimskleiva i framkant.

Bak til venstre er Jordalsnuten som er skildra i litteratur og biletkunst. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

«Fra Stalheim». Biletet viser utsikta frå Stalheim mot Nærøydalen. Måleriet er ei god kjelde til kunnskap om landskapet slik det var på midten av 1800-talet. Diktaren Per Sivle vaks opp på Stalheim. Oppveksten og landskapet der har vore med å prega arbeidet hans. I ei av dei mest kjende fortelingane hans «Berre ein hund» har fjellet Jordalsnuten ei sentral rolle. I biletet «Fra Stalheim» har også dette karakteristiske fjellet ei sentral plassering.

LANDSKAPSKARAKTER

Området er eit klassisk fjordlandskap med korte avstandar frå fjorden til fjellet og med store kontrastar der bratte fjellsider vert brotne opp av små dalføre og strandsoner med busette område. Området har vore brukt som fangst- og jordbruksområde frå yngre bronsealder. I dag er det framleis aktiv gardsdrift her, og jakt og fiske er framleis viktig for innbyggjarane. Fjordane har vore vesentleg for kommunikasjonen i området og for utviklinga av det som reisemål for turistar. Postvegen og Kongevegen er viktige element i landskapet.

NASJONAL INTERESSE

Området er vurdert som eit av dei vakraste fjordlandskapa i verda. Den store tidsdjupna i landskapet er bevart med synlege element frå yngre bronsealder og fram til i dag, knytt til fangst, ferdsel, jordbruk og turisme. Kontrasten mellom den dramatiske naturen og dei småskala gardsbruka og tettstadane i området er sjeldan, og har stor opplevingsverdi. Landskapet som omgjev dei eldre gardsbruka er godt bevart. Landskapet har også vore ei kjelde til inspirasjon for

nokre av landet sine høgst verdsette kunstnarar frå 1800-talet og er i dag ein viktig del av kulturhistoria.

SÅRBARHEIT

Det aller meste av arealet har status som verdsarvområde; Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Forvaltningsplanen for delområdet gjev overordna føringar for korleis området bør takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Vidare bruk av området må vere i tråd med føringane i forvaltningsplanen. Området er del av landbrukets verdsarvsatsing, tett oppfølging og årlege tilskot til styrking av landbruket i verdsarvområdet frå Landbrukets utviklingsfond, forvalta av Aurland kommune på egner av dei andre verdsarvkommunane. Midlane medverkar m.a. til skjøtsel av kulturlandskap og kulturmiljø og vert forvalta i tråd med forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruksplan og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap og Tiltaksplan for Vestnorsk fjordlandskap – kulturlandskapet.

Undredal stavkyrkje er freda i medhald av lov om kulturminne § 4.

Største delen av området inngår i to landskapsvern-område, samt fire naturreservat. Det er Nærøyfjorden verneområdestyre som har forvaltningsansvaret her og det er føringane i verneforskrifta som styrer forvaltninga av desse områda. For dei automatisk freda kulturminna i området er det føringane i kulturminnelova som gjeld. I tillegg har Statsforvaltaren starta opp arbeid med marint verneområde for Sognefjorden med fjordarmane. Det komande verneområde vil omfatta både Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden.

Mykje av bygningsmiljøa ligg utanfor landskapsvernombråda og naturreservata, men er regulert til bevaring/omsynssone i medhald av plan- og bygningslova. Stalheimskleiva og Undredal stavkyrkje er freda i medhald av kulturminnelova.

Føringane i verneforskrifter og i reguleringsplanar tek i vare dei kulturhistoriske interessene for desse områda. For fleire av dei mest verdifulle kulturlandskapa/kulturmiljøa i området er det utarbeida eigne skjøtselsplanar og det er viktig at området vert skjøtta i tråd med føringane her. Det er utarbeida ein restaureringsplan for kulturminna og kulturmiljøa innanfor verdsarvområdet som er styrande for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med istandsettjing. Vik, Voss og Lærdal har utarbeida kulturminneplanar som også omfattar kulturminne i området. Aurland kommune er i sluttfasen med sin kulturminneplan.

Då området er stort, har Nærøyfjorden verneområdestyre lagt vekt på å få utarbeide skjøtselsplanar for dei kulturhistorisk mest verdifulle områda, og bidreg med tiltaksmidlar til skjøtsel av desse områda. Det er viktig at dette arbeidet vert vidareført.


Jordbrukslandskapet er sårbart for at endringar kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Området vil vere sårbart for attgroing, og difor er husdyrhald med beitedyr viktig for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbruksbygd. Landskapet kan også vere sårbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes dominerande infrastruktur og terrenginngrep eller større planenings- og masseyllingstiltak. Ved mindre masseyllingar og jordforbetringstiltak er det viktig at tiltak tilpassast omkringliggende landskap.

Dei kulturhistoriske verdiane knytt til på gardane, fjorden, fjella og utmarka er sårbare for endring og det er viktig å ta omsyn til og vektlegge desse verdiane ved alle nye tiltak. Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Spor etter eldre driftsformer som steingardar, bakkeburar, tufter, vegfar, bruer og brygger med meir er ein viktig del av det heilskaplege landskapet, og er såleis sårbare for endringar. I fjella finn vi mange sårbare kulturminne som det må takast omsyn til ved ferdsel og bruk av fjell og stølsområda. I fjellet er det også viktig at beite vert oppretthalde for å hindre attgroing av landskapet. Utarbeiding av ein beitebrugsplan kan vere eit verkemiddel. Båttrafikk på fjorden bør ta omsyn til faren for erosjon langs strendene.

Strukturar i eldre gardstun er sårbare mot nedbygging, forfall og klimatuslar. Eventuelle nye bygningar bør knytast til eksisterande gardstun og tilpassast til omgjevnadane med omsyn til volum, materialval og form. Driftsstrukturen er spesielt sårbare for attgroing som følgje av at gardsdrifta vert nedlagt. Vidare jordbruksdrift er avgjerande for å ta vare på landskapet sin karakter, og det er viktig at det leggjast til rette for, vidareføring av beiting og slått samt skjøtsel av styringstre og fruktstre, samt stimulerast til framleis busetjing på gardane i området. Vidare er området sårbart for større moderne inngrep då det i dag er forholdsvis få av desse.

Landskapet er sårbart for store tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes hyttebygging, reiselivsutvikling, terrenginngrep, større planerings- og masseyllingstiltak eller nye store bygningar.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbrukken, er det viktig å vidareføre gjeldande bandlegging- og omsynssone c). I tillegg kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis ommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



18. Filefjell vest

Historiske veganlegg på viktig fjellovergang

Lærdal kommune

Areal: 37,2 km²

Området ligg i landskapsregion 15) lågfjellet i Sør-Norge. (Nasjonalt referancesystem for landskap, NIBIO)



Parti av Kongevegen over Filefjell mellom Kyrkjestølen og Maristova. Vi ser her dei rette linene som var karakteristisk for 1700-tals vegtraseen. Foto: Jan Adriansen, Riksantikvaren

PLASSERING

Området strekkjer seg fra Kyrkjestølane på grensa mot Vang kommune i aust og vestover gjennom Smeddalen til nedanfor Maristova og omfattar også fjellområdet aust for Smeddalen der kongevegen går. Området grensar mot KULA-område Filefjell aust (K540) som ligg like aust for fylkesgrensa. Dei to områda femner heilskapen i Filefjell-landskapet.

SKILDRING

Vegkryssinga over Filefjell har vore særsviktige for handel og samkvem mellom aust og vest, og har ei svært lang historie. I området ligg det fleire generasjoner med vegstrekningar. Vi finn spor etter den gamle Allmannavegen (tjodgata), Den Bergenske postveg, Den Bergenske kongeveg, Den Bergenske hovedvei, den første riksvegen og dagens E16. Området har såleis ei unik samling av veghistorie over eit langt tidsrom. Mellom Maristova og Kyrkjestølen ligg den lengste originale Kongevegstrekninga som er igjen mellom Lærdalsøyri og Øye. Vegen er del av den Bergenske Kongeveg og er den første køyrevegen over Filefjell, bygt i perioden 1791 til 1793 og den første offentleg finansierte køyrevegen mellom aust og vest.

Filefjell var den kortaste, lågaste og minst værharde strekninga mellom Austlandet og Vestlandet. Det er funne spor etter ferdsel tilbake til steinalderen.

Arkeologiske funn viser at det var ein fast ferdselsveg her alt i jernalderen og at det då var fast busetjing her. Området er rikt på førhistoriske kulturminne attende til steinalderen. Tyngda av kulturminna er likevel frå vikingtid og mellomalder dår det var omfattande ferdsel og jernvinne på Filefjell. På Kyrkjestølen, på Vangssida finn vi tuftene etter St. Thomaskyrkja, ei stavkyrkje bygd på det som truleg var ein marknads-plass der folk frå Sogn, Voss, Valdres og Gudbrands-dalen møttest årleg.

Med Gulatingslova vart ferdselen over Filefjell regulert og verna. Lova fastslo at vegen skulle følgje den traseen han alltid hadde følgt og at breidda skulle svare til lengda på eit spyd – åtte alen. Allereie i denne eldste lova ser vi at vegrett vart oppfatta som eit samfunnsgode som dei private omsyna måtte vike for. Med Magnus Lagabøte si lov i 1282 vart reglane i

Gulatingslova i hovudsak vidareførde og gjaldt i hovudtrekk fram til Vegloven av 1824.

På 1600-talet vart kongemakta meir sentralisert til København og det var behov for eit meir effektivt styre av distrikta i Noreg. Nye næringar innan bergverk og trelast og utvikling av postvesenet auka behovet for nye og betre vegar. Christian IV vedtok at alle allfarvegane i Noreg skulle forbetrast. Framleis var det bøndene som hadde ansvar for vedlikehaldet på kvar sitt vegstykke.

Den første store reforma i samferdselshistoria kom med innføringa av postvesenet i 1647. Postvegane vart utvikla som eit hovudvegsystem som batt saman dei ulike stifta i Noreg og København. Bergensruta gjekk om Valdres og Filefjell, og fylgte truleg mellomalderen sin allmannaveg. For å få eit effektivt postvesen vart det behov for å bygge ut vegnettet til køyreveg. Vegen over Filefjell vart bygd etter det franske prinsipp som var rådande på slutten av 1700-talet. Det gjekk ut på at ein bygde vegen i rette linjer uavhengig av terrenget, noko som var lite eigna på fjellovergangar i Noreg. Fleire parti av vegen vart så bratte at hestane ikkje klarte å trekke lasset opp. Ei av desse strekka var frå Maristova og opp til Håvarden. Det vert kalla «De sju skuffelser». Vegen er lagt i ei rett linje opp bakken og har ei maksimal stigning på 1:4. Totalt stig vegen 230 meter opp til det høgaste punktet på kongevegen 1230 m.o.h.

Allereie etter ca. 50 år starta arbeidet med å legge om og forbetre vegen over Filefjell. Frå midten av 1800-talet hadde også prinsippa for å bygge veg endra seg. No søkte ein å leggje vegen flatt i terrenget og å unngå for bratte stigningar. Traseen frå Kyrkjestolen til Maristova vart på 1840-talet lagt gjennom Smeddalen. Dette gjorde ein av dei tyngste traseane over Filefjell lettare å passere. Rundt 1850 vart vegen nedanfor Maristova lagt om med ny bru over Smeddøla. Dei siste endringane kom med oppgradering av dagens E16 gjennom Smeddalen. Kongevegen har meir eller mindre stått urørt frå han gjekk ut av bruk som hovudveg i 1840-åra.

Bøndene som hadde ansvar for vedlikehaldet møttest tre gonger om året for å sjå etter vegen. Styresmaktene førde tilsyn med arbeidet ved å ri baugreid. Dersom vegen ikkje var i god nok stand, fekk bøndene bøter. Det vart stilt stadig større krav til vedlikehaldet og det førde til konfliktar mellom bøndene og generalvegmeisteren. Etterkvart tok soldatar over mykje av byggearbeidet, medan bøndene gjorde vedlikehaldet.



Merkesteinen i marmor på grensa mellom Akershus og Bergen stift som generalvegmeisterane Hammer og Anker fekk sett opp rundt 1797. I bakgrunnen Smeddalen der dagens E 16 går.
Foto: Eva Moberg, Vestland fylkeskommune

Det var nødvendig med plassar på fjellovergangen der dei reisande kunne søkje ly. Stølane vart nytta, men det vart også bygd eigne sælehus der dei kunne ta inn. Sælehuset på Maristova er nemnd allereie i Bjørgynjar Kálfskinn i 1358, men det har truleg også stått eit sælehus her før 1300-talet. Då den første køyrevegen over Filefjell kom, vart Margarethastova bygd. Huset var i to etasjer med eige standsmessig rom for reisande embetsmenn. Bøndene måtte overnatte i enklare losji. Margarethastova er framleis godt bevart og er i dag eit lokalhistorisk museum.

To av dei første kunstnarane som reiste over Filefjell var Johannes Flintoe og Wilhelm Maximilian Carpelan, i 1819. Skissene deira over Filefjell og Kongevegen gjev eit unikt tidsbilete av landskapet. Kongevegen gjorde dette landskapet tilgjengeleg og fekk ei sentral rolle i pionerane sitt arbeid med å vise fram fjellet i kunsten.

LANDSKAPSKARAKTER

Området går frå eit ope, roleg fjellandskap i aust og følgjer den vide Smeddalen med dagens E 16 vestover der dalen blir trongare og brattare ned mot skysstasjonen Maristova med tidlegare gardsdrift. I det høgareliggende opne fjellandskapet aust for Smeddalen ligg den godt bevarte køyrevegen for hest og kjerre som eit tydeleg element i landskapet som med sine rette liner bryt med formene i naturen.

NASJONAL INTERESSE

Landskapet gjev eit unikt vitnesbyrd om tidleg samferdselshistorie og korleis dei eldste køyrevegane vart lagde i fjellet for å binde regionar og landsdelar saman. Kongevegen var ein av Noreggs tidlege statleg bygde vegar, og fekk store verknader for kontakten mellom Austlandet og Vestlandet. Vegane i området viser korleis ein har bygd etter ulike prinsipp og etter kvart funne betre løysingar. Kongevegen over Filefjell er godt lesbar og har stor grad av autentisitet.

Maristova er ei av dei tidlege og godt bevarte overnattingstadane som låg langs vegen og ligg på ein stad der det i sær lang tid har vore overnatting for dei reisande.

SÅRBARHEIT

Vegparsellen frå Maristova til Kyrkjestølen er ein del av Nasjonal verneplan for veger, bruver og vegrealerte kulturminne, der han er valt ut som ein av fleire parsellar til å representere den Bergenske Kongeveg. Vegen vert forvalta av Statens Vegvesen og det er utarbeidd skjøtselsplan for strekninga.

Smeddøla inngår i Verneplan for vassdrag mellom anna på grunnlag av kulturminneverdiar.

Utfordringar knytt til vegen er attgroing, slitasje og behov for tilrettelegging for vandring og friluftsliv. Det er viktig at ein finn ein god balanse mellom tilrettelegging, bruk og bevaring.


Innanfor området er det to hytteområde, vidareutvikling av desse blir gjort i tråd med eksisterande reguleringsplan.

Landskapet er sårbart for store tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes tiltak knytt til hyttebygging og reiselivsutvikling. Ved eventuell utviding av eksisterande hytteområde, er det viktig å ta omsyn til verdiane som ligg i landskapet, både ved planlegging og gjennomføring. For å bevare heilskapen i landskapet er det viktig at nye hytter leggast til område der det allereie er nyare hytter og at ein unngår etablering av hyttefelt i urørde område.

Dei kulturhistoriske verdiane knytt til på gardane, i fjella og i utmarka er sårbare for endring og omsynet til dei bør vektleggast ved alle nye tiltak. Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Spor etter eldre driftsformer som steingardar, bakkemurar, tufter, andre vegfar med meir er ein viktig del av det heilskaple ge landskapet, og er såleis sårbare for endringar. I fjella finn vi mange sårbare kulturminne som det må takast omsyn til ved ferdsel og bruk av fjell og stølsområda. I fjellet er det også viktig at beite vert oppretthalde for å hindre attgroing av landskapet. Vegtraseane frå 1800-talet som ikkje inngår i verneplanen, er sårbare for slitasje og forfall. Det er viktig at eventuell tilrettelegging for vandring, gjerast på ein måte som tek vare på dei kulturhistoriske verdiane.

Driftsstrukturen er spesielt sårbare for attgroing som fylgje av at gardsdrifta vert nedlagt. Vidare jordbruksdrift er avgjeraende for å ta vare på landskapet sin karakter, og det er viktig at det leggjast til rette for, vidareføring av beiting, samt stimulerast til framleis busetjing på gardane i området. Vidare er området sårbart for større moderne inngrep då det i dag er forholdsvis få av desse.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbrukken, kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



19. Lærdal

Jordbruk og ferdsel

Lærdal kommune

Areal: 33 km²

Området ligg i landskapsregionane 15) lågfjellet i Sør-Norge, 16) høgfjellet i Sør-Norge og 23) indre bygder på Vestlandet. (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Landskapet omfattar dalføret på strekninga frå Lærdal sjukehus ca. to km frå fjorden på austsida av elva og følgjer vidare jordbrukslandskapet på begge sider av elva opp til Borlaug øvst i hovuddalføret før det greinar av mot Filefjell og mot Hemsedalsfjellet. E 16 går gjennom dalen.

SKILDRING

Dalføret er karakterisert av grender og gardsbruk som ligg langs Lærdalselvi og E16. Dalen er omkransa

av høge, bratte fjell, med sidedalar som munnar ut i hovuddalen. I nedre del er det vide elvesletter og nokre grusterrassar over sletta. Etter Saltkjelen og oppover blir dalen trongare og med mindre jordbruksareal. Raskjegler ligg mellom innmarka og fjellet.

Ferdshistorie og jordbruksstrukturar med eit tidsspann frå yngre steinalder/bronsealder til notid er to rauder trådar i landskapet. Her er spor etter jordbruksdrift tilbake til yngre bronsealder og bu-plassar meir enn 8000 år tilbake. Lærdal har særslig godt klima for jordbruk. Jordbruket har i dag element frå både den gamle tradisjonelle drifta og moderne drift. Den lange bruken av dalen som ferdelsveg mellom Aust- og Vestlandet set òg preg på landskapet.

Areal til oppdyrkning har vore avgrensa. Tidlegare var randsona mellom innmarka og fjellsidene viktige



Utsikt over jordbrukslandskapet på Ljøsne, sentralt i dalen. Over den oppdyrka elvesletta ser ein både elveterassar og rasvifter langs fjellsidene. Foto Glenn Heine Orkelbog, Vestland fylkeskommune

produksjonsareal, der m.a. husmannsplassane låg. Landskapet er ein mosaikk av kulturar som ein knapt finn andre stader. I heile området finn vi busetjingspor, gravfelt, gravhaugar, dyrkingsspor og rydningsrøyser. Desse er i hovudsak lokaliserte nær dagens gardstun med bygningar frå 1700-talet og framover.

Området er i dag prega av landbruket etter utskiftinga frå slutten av 1800-talet til godt opp på 1900-talet. Hovudvekta ligg på dyrking av grønsaker, frukt og bær i nedre deler av dalen og husdyrbruk i Borgund.

Lærdalselvi er eit av dei viktigaste landskaps-elementa i dalen, den har vore, og er avgjerande for innbyggjarane. Ho gav grunnlaget for dyrkingsjorda på flatene, men flaumar og endringar i elveløpet sette tidlegare grenser for kor ein kunne busetje seg. Elva har gjeve vatn til gardsdrifta og vore ei viktig lakseelv. Bøndene fiska først sjølve, men frå midten av 1800-talet byrja dei å leige ut til sportsfiskarar. Tilrettelegging av tilkomst til dei gode fiskeplassane er døme på spor i landskapet etter denne verksemda.

Med lite nedbør har det vore ei utfordringa å få fram nok vatn til åkrane. Dette har resultert i eit omfattande system med vatningsveiter, dei eldste går truleg tilbake til 12–1300 talet. Ljøsnaveiti førté vatn frå Lærdalselvi og ned på Ljøsnaterrassen i eit ca. fem km langt strekk gjennom ulendt terren. Veita var ferdig i 1890-åra og i bruk til langt ut på 1900-talet. Store delar er framleis bevart, men fører ikkje vatn. Undebakkaveiti er ei av dei få veitene som framleis er vassførande og til dels fungerer.

For å kunne drive jordbruk her måtte ein jamleg rydde Stein frå jorda, noko dei mange rydningsrøyrsene viser. Steinen har òg vore nytta til gjerde og i geiler. Store steinblokker og hellerar har vore nytta til lagring av vinterfôr, men òg til overnatting. Stølsdrifta var avgjerande for busetjinga. Området i dalen var avgrensa og ein var heilt avhengig av å nytte utmarka. Lærdal har store utmarksvidder der gardane hadde stølar, men mange var tungt tilgjengelege.

Storleiken på gardane speglar den gamle strukturen med storgardar, mindre sjølveigande gardar og husmannsplassar. Husmannsplassar var i drift allereie på 1600-talet og vi finn framleis tydelege spor etter dei i heile dalføret. Husmannsplassane låg der det var marginalt for drift, slik som Galdane og Halabrekka.

Mange av dei eldre gardstuna er framleis godt bevarte, mellom anna i freda tun. Med kristninga av Noreg vart det reist fleire kyrkjer i dalen og Borgund stavkyrkje er framleis bevart. I mellomalderen var det òg kyrkjestadar på storgardane Eri, Rikheim, Hauge i tillegg til Tønjum der det også i dag er kyrkje.

Hovudferdselsåra over Filefjell og ned gjennom Lærdal har ei lang historie. Den hadde reguleringar alt i Gulatingslova før 900, og i Magnus Lagabøter si Landslov frå 1272, med klare retningsliner om



Gjennom dette trone partiet av dalen ved Galdane går det fleire vegtrasear. Foto/dronebilete: Glenn Heine Orkelbog, Vestland fylkeskommune

standard på vegen og kvar dei vegfarande kunne gå. Bøndene si vedlikehaldsplikt var også fastsett i lova.

Med innføringa av postvesenet i 1647 vart det oppretta nye postvegar mellom knutepunkt i Noreg. Postvegen mellom Kristiania og Bergen gjekk over Filefjell og ned til Lærdalsøyri før han gjekk vidare på sjøen til Gudvangen. Postvegane gjekk hovudsakleg langs den gamle «tjodgata», men nokre stader hadde dei eigne trasear, til dømes over Steineåsen og Seltåsen.

Det er bevart fleire generasjonar veganlegg i området og vegane pregar særleg strekninga frå Seltun til Borgund stavkyrkje. Ein av dei best bevarte traseane er ridevegen Sverrestigen mellom stavkyrkja og Husum, som var i bruk fram til han vart avløyst av vegen gjennom Vindhellaskaret som opna i 1793. Denne vegen vart igjen avløyst av ny veg gjennom Vindhellaskaret i 1843 som har høge murar og slyngande svingar for å unngå for bratt stiging. Vegstrekket forbi husmannsplassen Galdane var eit av dei meir utfordrande, og vi finn her fleire generasjonar av vegar.

Under andre verdskrig var kommunikasjonslinene mellom Aust- og Vestlandet var viktige å sikre for tyskarane og det er spor etter tyske forsvarsverk gjennom heile dalen. I det særslagte området ved Seltåsen er det anlegg på begge sider av dalen.

LANDSKAPSKARAKTER

Lærdal er eit karakteristisk dal-landskap med elvesletter og terrassar i nedre del prega av aktivt jordbruk. Dalen smalnar oppover mot Borgund og

gardane blir mindre og meir spreidde. Fleire sidedalar møter hovuddalen. Området har varierte og stadvis svært dramatiske landskapsformer, med tronge gjel omgitt av høge fjell. Sentralt i dalbotnen renn Lærdalselvi. Fossal og sideelvar har tildels sterkt fall ned til elva. Fjellsidene er prega av utmarksareal med variert vegetasjon. Området er rasutsett og rasviftene utgjer ei mellomsone mellom innmarka og utmarka.

NASJONAL INTERESSE

Dei særegne landskapsverdiane knyter seg til jordbruksbruk, bruk av elva og samferdsel. Ulike typar gardsbruk som spenner frå adelsgardar til husmannsplassar viser heilskapen og variasjonen i jordbruk og busetjing på ein særskilt god måte. Landskapet i Lærdal er ein mosaikk av kulturar som ein knapt finn andre stader. Av spesiell verdi her er dei eldre gardsbruken med slåttemarker, naturbeitemarker, hagemarkar, haustings-skog. Fleire naturbeitemarker og slåttenger har truleg svært høg alder.

Området inngår som del av eit større ferdsels-system med ei særskilt lang historie som batt aust og vest saman. Landskapet gjev eit unikt bilet av norsk samferdslehistorie og korleis vegingeniørkunsten har utvikla seg over tid.

SÅRBARHEIT

Dei gamle vegtraseane er forskriftsfreda etter kulturminnelova og vert forvalta av Statens Vegvesen etter verneforskrifta. Det er utarbeida skjøtselsplanar for det framtidige vedlikehaldet av vegstrekningane og det er viktig at desse vert fylgt opp.

Gardstunet til Tønjum prestegard og på Nedre Kvamme, samt hovudhusa på Rikheim og Øvre Ljølsne er freda etter kulturminnelova og vert forvalta i tråd med fredingsvedtaket. Av dei tre kyrkjene i området er Borgund stavkyrkje automatisk freda og Borgund og Tønjum kyrkjer er listeført. Mellomalderkyrkjegarden på Hauge er automatisk freda.

Området er med i den landsomfattande satsinga «Utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet», ei tilskotsordning basert på eit spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturminneforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med brukarane i området. Det er utarbeidd ein forvaltningsplan for området og det vert årleg tildelt midlar til investerings- og skjøtselstiltak som mellom anna tek vare på kulturarven. Det er også utarbeidd ein omfattande skjøtselsplan i tre dalar med tema 1)Historiske utviklingstrekk for kulturlandskapet i Lærdal, 2)Kulturmarker og skjøtsel, og 3) Lokalitetar.

Vatningsveiter, goter, steingjerde, rydningsrøyser og andre kulturminne er viktig å ta vare på, då dei saman med bygningane og kulturlandskapet elles gjev kunnskap om korleis ein i tidlegare tider tilpassa og brukte naturen for å skape seg ein leveveg.

Det er i dag etablert ein samanhengande turveg, «Kongevegen over Filefjell», mellom Lærdalsøyri og Vang som følgjer dei gamle traseane og ferdselsåraane. Vegstrekningane er sårbar for utrasing og treng oppsyn. Ein aktiv bruk av desse veganlegga som turveg kan bidra positivt til at dette vert ivaretakne, men ein må også ta høgde for at kulturminna kan vere sårbar for stor slitasje av vegbana som følge av meir aktiv og intensiv bruk. Informasjon om og synleggjering av kulturminna, i form av skjøtsel, skilting og tilrettelegging, vil kunne hindre skade på kulturminnelokalitetane, og det er viktig at tiltak planleggast og utførast med utgangspunkt i kunnskap om på landskapet og kulturminna sine premissar.


Delar av området er sårbar for nye store utbyggingsprosjekter, til dømes nye hytte- og byggefelt eller kraftlinjer. Det er viktig at dei delane av landskapet som i dag har ein høg kulturhistorisk verdi vert skjerma for nye store tiltak. Ved behov for utbygging til hytter, bustad eller næring er det viktig at omsynet til landskapets kulturhistoriske verdiar vert ivaretatt i planlegginga. For å bevare heilskapen i landskapet bør nye tiltak leggast til område der det allereie er etablert utbygging, og at ein unngår etablering av t.d. bustad og næring i urørde områder.

Strukturar og kulturminne knytt til i eldre gardstun og husmannsplassane er sårbar mot nedbygging, forfall og klimatruslar. Det er viktig at eventuelle nye bygningar knytast til eksisterande gardstun og tilpassast til omgjevnadane med omsyn til volum, materialval og form.

Landskapet er sårbar for attgroing dersom jordbruksdrifta vert redusert og det vert mindre beitedyr i utmarka. Vidare jordbruksdrift er avgjerdande for å ta vare på landskapet sin karakter, og det er viktig at det leggjast til rette for, vidareføring av beiting, samt stimulerast til framleis busetjing på gardane i området.

Spor etter eldre driftsformer som steingardar, bakkmurar, tufter, vegfar og liknande er sårbar for endring. Ved evt. etablering av nye landbruksvegar er det viktig å tilpasse desse til terrenget på ein god måte. Dette er særleg viktig i bratte og ulendte områder. Også ved tilrettelegging av sykkeltrasear er det viktig at tiltak ikkje kjem i konflikt med dei kulturhistorisk mest verdifulle traseane.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbar for og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegn til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



20. Aurlandsdalen frå Østerbø til Vassbygdi

Fjellgardar og ferdelsveg i dramatisk landskap

Aurland kommune

Areal: 44,9 km²

Området ligg i landskapsregion 23) indre bygder på Vestlandet. (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

PLASSERING

Området omfattar sentrale deler av Aurlandsdalen – strekninga frå Østerbø i Aurdalen til Belle i Vassbygdi og fjellområda på begge sider av dalen.

SKILDRING

Denne delen av Aurlandsdalen viser samspelet mellom den mektige naturen, fjellgardane og den gamle ferdelsvegen. Øvst i området er dalen open, men smalnar inn vestover. Ved Øyestølen skjer dalen seg etterkvart kraftig ned i fjellmassivet før han igjen vert meir open mot Vassbygdi.

Her gjekk den kortaste av dei gamle ferdelsrutene mellom Austlandet og Vestlandet. Han var mykje brukt som drifteveg. Den flotte vegtraseen gjennom Aurlandsdalen, der Austlandet møter Vestlandet byr på alt frå galdt steinlandskap til frodige djupe dalar. Traseen er i dag ei historisk vandrute og det frivillige laget Venner av Aurlandsdalen gjer ein stor innsats med skjøtsel av kulturlandskapet i dalen på dugnad.

Aurlandsdalen vart besøkt av fleire kunstnarar. Johannes Flintoe sitt måleri «Bjønnestivarden» frå 1820 gjorde dalen kjend for eit større publikum. Aurlandsdalen vart etter kvart eit mål for turistar og er i dag ei av dei mest kjende vandrertene i landet.

Høge fjell omkransar den smale dalen med fleire mindre sidedalar. I dalbotnen renn Aurlandselvi. Landskapet er dramatisk og vakkert, men har vore utfordrande å ferdast og bu i. Rasvifter og kampesteinar fortel om naturfarane. Mange stader er det bratte stup frå stien og ned til elva, andre stader er stien lagt tett på elva. Små gardsbruk ligg der det har vore mogleg å rydde nok jord til å livberge seg, i hovudsak høgt opp i dalsidene. Der var dei trygge for flaum og fekk meir sol enn nede i dalbotnen.

Truleg var det fast busetnad i Aurlandsdalen før svartedauden. Dei første som slo seg ned her dreiv hovudsakleg med jakt og fiske, men etter kvart vart jordbruk viktigast. Etter svartedauden vart mange av gardane lagde aude og først på 1600-talet kom dalen i

full bruk att. Det høgaste folketetalet hadde ein på midten av 1800-talet. Etter kvart som utvandringa til Amerika tok seg opp, vart gardane fråflytta. I 1922 vart Sinjarheim fråflytta som den siste. Gardane vart etter det nytt til stølsdrift, og dermed gjekk mange av dei eldre stølane ut av bruk. Det er framleis noko beitedyr i Aurlandsdalen og mange andre spor etter bruken av utmarka.

I den vide Aurdalen, var det opphaveleg tre gardar. Då gardane vart fråflytta på slutten av 1800-talet starta ein med turismevertsemd. I dag er her to fjellstover og Østerbø fungerer som innfallsport til vandring ned Aurlandsdalen.

I Aurdalen finn vi den særmerkte Aurdalen gravplass som vart vigsla i 1858. Gravplassen vart etablert fordi det var umogleg å frakte dei døde ned til kyrkje-garden på Aurlandsvangen om vinteren. 27 menneske er gravlagde på gravplassen som var i bruk fram til 1911.

Noko lenger ned ligg garden Nesbø, der dalen vidar seg ut i eit landskapsrom med bratte, delvis kultiverde lier, fjellhamrar og Nesbøvatnet som dominante element. Her er det eit heilskapleg gardsmiljø der fleire av dei gamle bygningane i det eine tunet framleis står. Særmerkt for dei gamle bygningane er bruken av stein. Det er framleis oppmurte åkerterrassar innvevd mellom slåttemark, rydningsrøyser og steingjerde og murar etter fleire løer.

Nord for Nesbø går Gravadalen opp mot stølar og store fjellvidder. Nesbøgalden sperra lenge for ferdelsen mellom Nesbø og Aurdalen. All ferdsel med dyr måtte då gå via Gravadalen fram til det vart sprengt ut veg i Nesbøgalden i 1930-åra. Tidlegare var det sett opp trebruer og stigar slik at folk kunne gå til Aurdalen langs elva.

På sør-sida av Aurlandsdalen ligg det berre to gardsbruk, Berekvam og Teigen. Teigen ligg omlag 650 moh i eit storslege og dramatisk landskap med eit høgt stup ned til elva. Her er framleis bevarte rydningsrøyser og bakkemurar viktige element. Nedom stølen Frivoll er det eit stort område med gammal lauvings-skog av bjørk.

Frå Teigen kan ein sjå over til Sinjarheim på 600 moh på nordsida av dalen. Garden har ei framskoten plassering i det bratte landskapet. Bygningane i tunet står tett saman. Tunet er det best bevarte og mest



Gardstunet på Sinjarheim. Foto Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

komplette i Aurlandsdalen med i dag sju eldre hus; stovehus, kårhus, eldhus, fjøs, stall, stabbur og låve. Fleire av husa har ein høg grunnmur ut mot dalen. Den tidlegare intensivt drivne innmarka er framleis open med bakkemurar, rydningsrøyser, stiar, styvingsstre og andre element i landskapet. Sinjarheim vert framleis brukt av Sogn jord- og hagebrukskule til tradisjonell stølsdrift nokre veker kvar sommar.

Almen ligg ca. 400 moh og har til liks med Sinjarheim ei svært dramatisk plassering, men av ein heilt annan karakter. Tunet ligg tett på Aurlandselvi. Landskapet rundt er svært rasutsett med store steinskreder. Stovehuset står innunder ein stor stein som vernar mot skred. Rydningsrøysene dekkjer store delar av innmarka. I lia vest for tunet er det eit stort tal almetre som har spor etter lauving. Plassen hadde lite åkerjord og har truleg vore ein av dei vanskelegaste å livberge seg på.

Herifrå vert dalen vidare og landskapet flatar ut med frodig oppdyrka kultureng, beite og innslag av edellauvtre. Ved Vetlehagen er det eit gammalt jordbrukslandskap med åker, slåttemark, steingardar, fegate og bakkemurar.

Namn og segner knytt til stadar langs vegen vitnar om ferdseLEN over svært lang tid. Frivodl, Grimevollen og Svinasletti var kvileplassar for driftekaranE som gjekk opp Aurlandsdalen. Fleire namn viser til jordbruksdrifta, som Konnshedeleren og Kaldaholet. Grunnlaushellern der Likbjørki stod like ved, er knytt til transport av dei avdøde til Aurlandsvangen. I Likbjørki vart liket hengt opp for vern mot rovdyr når ein måtte overnatte undervegs til kyrkjegarden.

LANDSKAPSCHARAKTER

Aurlandsdalen er eitt av dei mest dramatiske og bratte dalføra i landet, der den smale dalen med den gamle



Husmannsplassen Almen, der stovehuset er bygd delvis under ein kampestein stik at det er verna mot ras. Foto: Åse Bitustøl, Riksantikvaren

ferdselsvegen er innramma av fjell opp til 1500 moh. Nede i dalbotnen renn Aurlandselvi, nokre stader er det djupe gjel ned til elva, andre stader er det plass til at stien kan gå langs elva. Store delar av dalen er rasutsett. I kvar ende av området utvidar dalen seg.

Dei små gardstuna med åkrar og slåttemark dannar ein sterkt kontrast til det storslegne landskapet. Gardane er lagde på dei minst rasutsette stadane. Bruken av stein til byggjemateriale pregar landskapet. Utstrekkt bruk av fjellet og utmarka har vore avgjerande for at ein kunne busetje seg her.

NASJONAL INTERESSE

Aurlandsdalen er særskilt godt bevart med den gamle viktige ferdselsruta mellom aust og vest, eldre gardar, husmannsplassar og stølar og gravplassen i Aurdalen. Landskapet har tidlegare vore intensivt drive og den tradisjonelle bruken er framleis lett lesbar. Bygningar og vegane viser spektakulære tilpassingar til eit krevjande landskap. Med unntak av området ved Aurdalsvatnet er strekninga svært lite påverka av synlege moderne inngrep. Det dramatiske landskapet, med dei små gardane og ferdselsvegen har også ein høg estetisk verdi og opplevingsverdi. Mange av dei gamle elementa som syner bruken av landskapet er framleis bevart.

SÅRBARHEIT

Med unntak av fjellstovene og hyttene ved Aurdalsvatnet er området omrent utan moderne tekniske inngrep. I framtida er det viktig at området framleis vert skåna for nye tekniske inngrep.

Landskapet er sårbart for endringar i form av attgroing, auka press på stiar, kulturmiljø og krav til infrastruktur og til dømes toalettanlegg, som følgje av fotturisme.

Eit varmare og fuktigare klima medfører auka fare for råte, fukt og skadedyr på gardsbygninga og sel i dalen. Klimaendringar gjev også auka fare for skred, flaum og brann.

Jordbrukslandskapet er sårbart for at endringar kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Området vil vere sårbart for attgroing, og difor er husdyrhald med beitedyr viktig for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbruksbygd.


Dei kulturhistoriske verdiane knytt til på gardane, fjella og utmarka er sårbare for endring, og det er viktig at omsynet til dei vert veklagt ved alle nye tiltak. Framleis finst synlege spor i landskapet etter næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Spor etter eldre driftsformer som steingardar, bakkemurar, tufter, vegfar med meir, er ein viktig del av det heilsakaplege landskapet, og er såleis sårbare for endringar. I fjella finn vi mange sårbare kulturminne som det må takast omsyn til ved ferdsel og bruk av fjell og stølsområda. I fjellet er det også viktig at beite vert oppretthalde for å hindre attgroing av landskapet. Utarbeidning av ein beitebruksplan kan vere eit verkemiddel.

Strukturane i dei eldre gardstun er sårbare mot nedbygging, forfall og klimatrusrar, det er difor viktig at dei kulturhistoriske verdiane ligg til grunn i vidare forvaltning av desse. Det er viktig at ein ved planlegging av eventuelle nye tiltak knytt til eksisterande gardstun, vektlegg tilpassing til omgjevnadane med omsyn til volum, materialval og form. Driftsstrukturen er spesielt sårbare for attgroing som følgje av at gardsdrifta vert nedlagt.

Landskapet er sårbart for store tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes hyttebygging, reiselivsutvikling, terrenginngrep.

Ferdselsruta er sårbart for ras, gjengroing og slitasje. Det er viktig at vegen vert halde fri for vegetasjon og massar som fylje av ras, for at vegen skal vere farbar. Større istandsettingstiltak, til dømes ved oppmuring av utrasa parti, er det viktig at dette vert gjennomført med same material og teknikk som opphavleg.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegnere til kommuneplanens arealdel kan legge føringer for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltas.





Rallarvegen og Bergensbanen, parti mellom Sandå og Fagernuten. Foto: Ambjørg Reinsnos, Vestland fylkeskommune

21. Bergensbanen og Flåmsbana

Jernbanehistorisk landskap

Aurland kommune og Ulvik herad

Areal: 141,9 km²

Området ligg i landskapsregion 15) lågfjellet i Sør-Norge, 16) høgfjellet i Sør-Norge, 17) breene og 23) indre bygder på Vestlandet. (Nasjonalt referansesystem for landskap - NIBIO)

PLASSERING

Landskapet strekkjer seg fra fylkesgrensa mot Buskerud i aust til Flåm ved Aurlandsfjorden i nordvest. Det er eit variert landskap med høgfjellsområda lengst mot aust før det går ned Flåmsdalen til fjorden. Ved fylkesgrensa grensar området mot KULA-landskapet Bergensbanen og Rallarvegen i Viken/Buskerud.

SKILDRING

Stortinget vedtok i 1894 at det skulle byggast jernbane mellom Christiania og Bergen. Bergensbanen var det største prosjektet i jernbanebygginga si historie i Noreg og kosta meir enn eit heilt statsbudsjett. Jernbana var viktig for å binde saman Austlandet og Vestlandet og då ho opna i 1909 vart reisetida mellom dei to landsdelane vesentleg kortare. Då ein planla bygginga av Bergensbanen vart det samstundes planlagt sidespor til Hardanger og Sogn. I 1923 starta arbeidet med Flåmsbana.

Arbeidet på fjellet kunne berre utførast sommarstid, og dei lange avstandane i eit veglaust fjellterreng gjorde at transport av folk og materiell var ei stor utfordring. Det vart difor bygd ein eigen anleggsveg på strekninga der jernbana skulle byggast. Vegen som

i dag vert kalla Rallarvegen, er 82 kilometer lang og startar på Haugastøl stasjon, fylgjer Bergensbanen til Finse, Hallingskeid og Myrdal før han fortset ned Flåmsdalen til Flåm. Anleggsvegen mellom Flåm og Myrdal var nødvendig for å kunne drive Gravhals-tunnelen både frå aust- og vestsida. Arbeidet med Bergensbanen tok fleire år, og på det meste deltok 2200 anleggsarbeidarar. Til saman var det over 15 000 arbeidarar som var innom anlegget i byggeperioden.

Bergensbanen kryssar Hardangervidda og er Nord-Europas høgstliggende jernbane med Finse stasjon på 1222 moh. Den lengste tunnelen, Finse-tunnelen mellom Finse og Hallingskeid, er på 10 300 meter.

Det vart etablert ein liten tettstad på Finse der det på det meste budde over 200 personar knytt til jernbana, og allereie i 1903 opna det første hotellet. Hotellet vart raskt populært hjå europeiske turistar. Noreg sin første innandørs ishall vart bygd her i 1914 og vart mellom anna brukt som treningshall av Sonia Henie og Oscar Mathisen.

Hallingskeid stasjon er særmerkt då han ligg inne i eit snøoverbygg. Hallingskeid har vore marknadslass fra gamal tid og fleire vegar førte dit. I dag er Hallingskeidvegen frå Osa i Ulvik til Hallingskeid ei av dei historiske vandrerutene. Vegen var tidlegare mellom anna nytt til driftshandel, anna handel, stolsdrift og jakt.

Det særmerkte landskapet på Finse med utsikt til Hardangerjøkulen har også vore brukt i filmminnspelingar. Den mest kjende er Star Wars innspelinga i 1979.

Store delar av Rallarvegen ligg i eit utsett terrenget med høgste punktet, Fagernut mellom Finse og Hallingskeid, på 1340 moh. Vidare vestover kryssar Rallarvegen det rasutsette Klevagjelet der bruha og tunnelen under jernbana er eit godt døme på den høge kvaliteten i handverket på Rallarvegen.

I 1898 var vegstrekket frå Fretheim i Flåm til Myrdal ferdig. Dette er eit av dei mest spektakulære strekka på Rallarvegen der han frå Vatnahalsen slynger seg i 17 hårnålssvingar nedover Myrdalsberget og vidare gjennom den tronge Flåmsdalen i eit dramatisk landskap.

Vegen frå Flåm til Myrdal førde til ei stor forbetring av kommunikasjonen austover og vart viktig for den stadig aukande turisttrafikken. I 1896 vart Vatnahalsen hotell oppført nedanfor Myrdal stasjon.

Bygginga av Flåmsbana førte til store endringar i landskapet og for menneska som budde i Flåmsdalen. Ei ny yrkesgruppe kom til området, jernbanearbeidane. Det var ei utfordring var å finne innkvartering til arbeidarane. Det vart sett opp eigne hus til dei ved Myrdal, Kårdal, Berekvam, Høgda, Flatedalen og Flåm. På Myrdal utvikla det seg eit lite samfunn med landhandel, brehus, rikstelefond, skule og forsamlingshus.

Berekvam stasjon var den einaste mellomstasjonen på Flåmsbana og den einaste som har kryssingsspor. Her er ein liten ekspedisjonsbygning og ein vaktarbustad. Allereie før bygginga av jernbanen var det skysstasjon på Berekvam, der hestane måtte kvile. Dette gav rom for at ein her kunne ha brevhus, handelsmann, folkeskule og ein liten kafé. Det vart òg sett opp ei rekke små stoppestadar som vart brukt av bygdefolket. Bygningane som vart reist av jernbanen og teikna av NSB sine arkitektar skil seg markert frå dei tradisjonelle gardsbygningane i Flåmsdalen.

Å få toget opp Myrdalsberget til Myrdalsplatået var den største enkeltutfordringa med bygginga av bana. Her er det ei saers stor høgde som skulle forserast. Dette vart løyst ved å legge bana i slyngar slik at ho fekk ei stigning som toget kunne klare. For å få dette til, måtte det byggast ein vendetunnel, Vatnahals-tunnelen, som går i sløyfer på fleire nivå og går inn og ut av fjellet. Jernbanesporet går såleis i fem «etasjar» i Flåmsdalen nedanfor Myrdal stasjon. Vatnahalstunnelen er ein av berre to tunnelar ved Flåmsbana som vart maskinelt driven.

I 1898 vart det bygd ein liten kraftstasjon i Kjosfossen, mellom anna for å få kraft til å drive Gravhals-tunnelen på Bergensbanen og gje straum til Vatnahalsen hotell. For å få nok kraft til drift av Flåmsbana vart det i 1944 bygd ny kraftstasjon litt lenger nede i Kjosfossen.

Flåm stasjon var endestoppen på Flåmsbana og stasjonen vart lagt i akse med Flåmsdalen. Der vart det også bygd godshus og lokomotivstall, to funksjonær-



Utsikt frå stoppet på Pinnali mot Myrdalsberget, med vegen sine hårnålssvingar opp til Vatnahalsen. Oppe til venstre er takoverbygg til Flåmsbana før den går inn i tunell. Foto: Arlen Bidne, Vestland fylkeskommune

bustadar og eit lite parkanlegg. Flåm stasjon er seinare utvida og ombygd til ein moderne togstasjon.

LANDSKAPSKARAKTER

Frå fylkesgrensa til Myrdal går Rallarvegen og Bergensbanen i eit høgfjellslandskap. Anlegga fylgjer dei store landskapstrekka og underordnar seg i stor grad landskapet. Dei små stasjonssamfunna på Finse og Myrdal er viktige enkellement som pregar landskapet og set det i perspektiv mot høgfjellet og Hardangerjøkulen. Elvar og vatn er òg synlege element.

Frå Vatnahalsen der det bratte Myrdalsberget stuper ned i Flåmsdalen endrar landskapet karakter frå høgfjell, via den smale Flåmsdalen til ein meir open dal når ein nærmar seg fjorden. Dei mange fossane som renn frå fjellsidene og ned i elva i dalbotnen er vesentlege element i landskapet. Gardsbruksområdet ligg i eit ope kulturlandskap med spor etter både tradisjonell drift og moderne landsbruksdrift. Veganlegget og jernbana er vesentlege element i landskapet.

NASJONAL INTERESSE

Bygginga av Bergensbanen var ei stor ingeniørbragd og økonomisk satsing i Noreg på byrjinga av 1900-talet. Bergensbanen batt landets to største byar saman. Ein kan framleis oppleve samspelet mellom landskapet og jernbanen med Rallarvegen og Nord-Europas høgastliggende jernbanestasjon.

Bygningsmiljø knytt til dei to jernbanene er viktige element i landskapet. Myrdal og Finse er gode døme på korleis små lokalsamfunn vart skapte på grunn av bygging og drift av jernbana.

Flåmsbana er bygd i eit terregn med stor høgde-skilnad. Av særskild verdi er tunnelane som vart drivne for hand og vendetunnelen. Flåmsbana med Rallarvegen og andre tilknytte kulturminne har stor opplevingsverdi. Dei eldre gardane i Flåmsdalen viser kontrasten til jernbanetilknytte bygningsmiljø.

SÅRBARHEIT

Fleire bygningar knytt til jernbana vart i 2002 freda etter kulturminnelova. Det gjeld Myrdalsleitet forsamlingshus, Seltuftberget brakke, Fagernut vaktarbustad, Slirå vaktarbustad/rallarbrakke og Sandå stikningsbu. Desse bygningane vert handsama i tråd med fredingsvedtaket.

Delar av Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernombud, Finse biotopvernombud og Hallingskarvet nasjonalpark ligg innanfor området. Desse områda vert forvalta etter gjeldande verneforskrift.

Jordbrukslandskapet er sårbar for at endringar kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Området vil vere sårbar for attgroing, og difor er husdyrhald med beitedyr viktig for

å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbruksbygd. Landskapet kan også vere sårbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet.

Dei kulturhistoriske verdiane knytt til på gardane, i innmark og i utmarka er sårbare for endring og bør vektleggast ved alle nye tiltak. Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i området. Denne strukturen og den verneverdige bebyggelsen knytta til utbygginga og drifta av Flåmsbana og Bergensbana er særskild sårbare og dermed viktig å ta vare på.

Det er viktig at jernbana framleis er i drift og at ein tek vare på kulturminna knytt til denne. Rallarvegen er ein vesentleg del av området som er viktig å bevare. Landskapet er også sårbart for attgroing.

Landskapet er svært sårbart for store utbyggingar som til dømes hotell, hyttefelt og anna infrastruktur knytt til masseturisme og andre større terrenginngrep.


Tettstaden Flåm er allereie svært utbygd og tilrettelagt for masseturisme. Det er viktig at dei urørte områda lenger oppe i dalen, og langsmed høgfjellstraseen, vert skjerma for store utbyggingar.

Rallarvegen som veg er godt kartlagt i frå fylkesgrensa og til Kårdal i forvaltningsplanen, men det er behov for å gjere ei oppdatert kartlegging og dokumentasjon av dei andre kulturminna knytt til Rallarvegen og bygging/drift av jernbanen. Ein slik dokumentasjon bør omfatte heile strekket frå fylkesgrensa til Flåm og omfatte den delen av Rallarvegen som ikkje er omtalt i forvaltningsplanen. Rallarvegen bør handsamast i tråd med føringane i Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen. Den kulturhistoriske verdien knytt til Flåmsbana vert vurdert i samband med utarbeidinga av landsverneplan for jernbanen.

Området er utsett for ras- og flaum. Naudsynt sikring av vegen og jernbana kan kome i konflikt med viktige kulturhistoriske verdiar og bør difor tilpassast landskapet sin karakter så langt det let seg gjøre.

Både den eksisterande kraftstasjonen og ruinene etter den første kraftstasjonen i Kjosfossen, med tilhøyrande tekniske anlegg er sårbar for endring, og eventuelle oppgraderinger av kraftverket bør ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i anlegget.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbar for og sette rammer for arealbruket, kan det vere aktuelt å syne heile eller fleire delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltas.



Riksantikvaren
Pb. 1483 Vika, 0116 Oslo
Besøksadresse / Dronningens gate 13
Tlf. / 22 94 04 00
Faks / 22 94 04 04
E-post / postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no